

# *Nasjonsbygging av heilnorsk ved?*

Finn Myrvang:

## *Metodiske skråblikk på «Norske Gaardnavne»*

*Inspirerende er soga om korleis storverket «Norske Gaardnavne» tok form etter at Oluf Rygh i 1878 vart formann i namnekommissjonen. Her skulle det skapast noko heilt nytt, ut frå ein sær s prikande skrifttradisjon. Imponerende er kor grundig han og medarbeidarane saumfør sogetekstar, diplom, skattelister osv. og dessutan oppsøkte personar som kjente folkeleg uttale: "man har faaet de fleste af dem ved at vende sig til Exercerpladse, Lærerseminarier og andre Steder, hvor Landsfolk fra forskjellige Bygder fandtes samlede". Positivt er òg at Ivar Aasens og Hans Ross vart nytta fullt ut, likeins måtilfang frå svensk og dansk og for den del også tysk.*

Serien frå Ryghs hand slutta i 1911 med bindet frå Tromsø amt. Han fekk ikkje oppleve meir enn starten på prentinga, men ho stoppa ikkje med hans bortgang, og i 1924 kom det eit tilleggsbind for Finnmark, lagt til rettes av Just Qvigstad og Magnus Olsen. Alle binda så nær som det siste er blitt digitaliserte etter at vi kom i dataalderen, og pga. det kan vi òg reflektere over kva vi kan hente ut, ved målretta søk. Vi held oss då til «Norske Gaardnavne» slik bokserien er, utan å ta omsyn til kven som redigerte kva, etter at Rygh var gått bort. – Hans innsats for norsk arkeologi ligg heilt utanfor ramma av denne artikkelen.

Under arbeidet med gardsnamn fokuserte Rygh systematisk på evt samanheng mellom elve- og vassdragsnamn og gardsnamn: Dette så metodisk at vi heile 91 gonger får tilslag på frasen «intet Vandløb»! Det er freistande å bruke ordet "kjepphest" både når vi i slike tilfelle og der gudenamn og personnamn kjem på tale skulle ønskt at det var nytta fleire parameter, men det er lett å tenke for den som sjølv har tilgang til moderne kart og ortofoto. Dessutan har systematiske søk etter elvenamn på fastlandet skaffa oss viktig ny kunnskap, det er ute i øy og vær at metoden kjem til kort.

## *Kva kan søk i «Norske Gaardnavne» vise oss?*

At innfallet å søke på «intet Vandløb» gav så mange tilslag, gav meg den tanken at søk på andre nøkkelord- og frasar i NG kunne leie til djupare innsikt i korleis O. Rygh tenkte når han drøfta gardsnamn. Søk som «besynderlig» og «(ikke) paaviselig» eller «uforklarlig» gav ikkje mange treff, men det vart straks fleire ved søk som "jeg ved intet" vsa. "ingen", («(intet) Bidrag», «andet Exempel" el-

ler "andre Exempler», så vel som det språkhistoriske «fra MA bevaret»/bevaret fra MA». Pussig var mange treff på søkeordet «forbyde» i dei tilfelle då han såg grunnar til å forkaste ein hypotese.

Poenget med søk som desse er å sile ifrå gardsnamntolkingar som det hefta tvil med, og slike flyt opp i større mengder når ein prøver «uvis Oprindelse», «intet sikkert», «kun kjendt», "antagelig", «Gjetninger», el. «Sikkerhed», og motsett: «usikre», «usikker». – Greiast fungerer det enkle «Forklaring» med 1818 treff og «forklare» med 1020, som inngår i negasjonar med «ikke», «intet», «ingen». Søk på «Betydning» gav 2519 og «Oprindelse» 1391 treff, det er truleg rekord.

### ***Kva fokuserte Rygh på?***

Alle dei søk som hittil er nemnde, især når vi sorterer etter Amt, er til god hjelp med å leite opp namna som gav Rygh sterkast hovudbry: Smaalenene (Østfold), Kristians Amt (Oppland), Jarlsberg og Larvik (Vestfold), Bratsberg (Telemark), Nedenes (Aust-Agder), Lister og Mandal (Vest-Agder), Stavanger (Rogaland).

Namnegranskarar er innforstått med at det finst talrike stadnamn som fortel om godbonde, hulder, troll, utburd, draug o.a. som vitnar om den allmenne folketro i eldre tid. Rygh fokuserte meir på den noko litterært farga norrøne gudelæra. Her skal nemnast at vi får 26 tilslag på «Gudenavn», 23 på «Guden» og 12 på «Guderne», mot 10 på «Gudinde». I dag er det nok så at namnegranskarar held distanse til mange av desse tolkingane, med mindre historikarar og arkeologar skaffar ryggdekning. At det i staden kan vere eitkvart konkret topografisk som ovrar seg når ein dukkar djupare og med andre briller på, det kjem vi tilbake til.

Ei anna side av namnetolkingane i NG er den oppfatning at gardar og buplassar i stor utstrekning fekk namn av den første som busette seg der. Dette framgår av 117 treff på «Kvindenavn», 211 på «Personnavn» og overveldande 1334 treff på «Mandsnavn».

Det beste dømet på at NG til dels går på autopilot innanfor denne kategorien er nok gards- og plassnamnet Steinsrud, -rød med 27 treff. Ved så å seie alle desse blir det vist til mannsnamnet Stein! For Trøgstad i Østfold kjem meir tvisyn inn: «Navne, begyndende med Steins-, stamme oftest fra Mandsnavnet Steinn, men kunne ogsaa have sin Oprindelse fra Mandsnavne, sammensatte med steinn, som Steinarr, Steinrødr, Steinulfr. I nogle Tilfælde er Steins- vistnok Genitiv af Appellativet steinn, brugt om en stor Sten eller et Fjeld i Nærheden». Liknande formulering er brukt for Steinsrud i Norderhov, Buskerud. Full bakkekontakt er etablert ved Steinsrud i Lunde, Telemark: «Af Mandsnavnet Stein, hvis det ikke er et Opkaldelsesnavn eller et nylavet Navn, som sigter til stenet Grund». I alle fall så lenge så lenge vi held oss til ruð-kategorien var altså oppfatninga at folk

innafor den epoken gav buplassen namn etter rudningsmann eller -kvinne, ikkje etter naturtilhøva på staden.

### ***Interessante namn kan mangle***

"Endel af Brugsnavnene ere ogsaa forbigaaede, fordi jeg ikke havde noget at meddele om dem, ikke engang Oplysning om Udtalen. ... Af forsvundne Gaarde havde der kunnet opføres endel flere, hvis jeg lige fra først af ved gennemgaaelsen af de senere Aarhundreders Jordebøger havde lagt an paa at optegne alle de, jeg der fandt» (sitat frå «Forord og Indledning»). – I ettertid har på den eine sida nokre forsvunne namn kome til rettes gjennom bygdebokarbeid o.l. På hi sida viser kartverk-søk at somme namn Rygh tok med, har gått av bruk seinare. Namn som er blitt totalt uforståelege, eller som gir negative assosiasjonar, vil ved høve bli bytta ut med namn som er meir tiltalande.

### ***«Opkaldelse» som enkel forklaring?***

Især når det er tale om bruksnamn, seier NG tidt at det kan vere «Opkaldelse», «opkaldt efter - », utan nærmare grunngjeving. Interessant nok avtar dette etter kvart. Slike uttrykk kjem fram på 62 stader i Østfold, 32 i Akershus, 42 i Hedmark, 37 i Oppland og 29 i Buskerud, men så dett det til 15 i Vestfold, 18 i Telemark, 14 i Nord-Hordland, 10 i Møre og Romsdal og 15 i Nord-Trøndelag, medan tala for Rogaland er 9 og for Aust-Agder, Sunnhordland og Sør-Trøndelag 8, for Vest-Agder og Nordland berre 6. I Troms nærmast «eksploderer» det til heile 70, kanskje ikkje så uventa med tanke på innflyttinga frå sør til Målselv og Bardu etc. Påfallande er kontrasten til Nordland, i alle tilfelle.

### ***Sjeldan kritikk?***

Det har runne mykje vatn i hav sidan Oluf Rygs tid, og tenkemåten har saktens endra seg sterkt blant leiande namnegranskarar. Vanskelegare å opponere er det nok for mange andre, td bygdebokforfattarar, men innimellom må det skje: Bø kommune i Nordland har to bygdebokseriar, og den eldste heiter Bø Bygdebok, forfatta av Rolv Straume, som i b. 3 s. 220 kommenterer gardsnamnet Gåsland, av O. Rygh tolka såleis: «Sandsynlig \*Gásaland, sms. med Mandsnavnet Gási, der forekommer enkelte Gange i Norge i MA». Det tok ikkje Rolv Straume for god fisk: «Skal tru om ikkje den lærde prof. her har gått over bekken etter vatn. På Gåsland har det alltid vore mykje gjæsser, og det ligg nært å tru at namnet kjem av fuglenamnet gås». – Det får halde med det eine dømet på lokal skepsis.

### ***Rettleiande eller villeiande søkeresultat?***

Vi vil vende tilbake til spørsmålet om kva søkemåte som raskast fører oss fram

til dei namna som Rygh stussa på: Det er søket «enestaaende», som fangar opp både «enestaaende Navn» og «Navnet er enestaaende». Det gir fulle 33-34 treff både for Rogaland, for Møre og Romsdal og for Nordland, men 0 for Buskerud (red. av Hj. Falk) og 0 for Nedenes (red. av Asmund B. Larsen). Den skilnaden er truleg eit resultat av redigeringsprosessen? Hovudpoenget blir i alle tilfelle at dette søket, i kombinasjon med fleire av dei som tidlegare er nemnde, effektivt avslører kva for gardsnamn Rygh hadde mest bry med.

At Rygh heile tida kasta sideblikk til grannemåla våre er alt nemnt. Kva så med finsk? I samband med fire gardsnamn frå Hedmark (Hof, Vinger og Trysil) blir finsk innflytting nemnt og namna tolka som finske. Underlegare er eit treff frå Hole i Buskerud gnr 61, vi siterer: «**Bent-Finne**. Kaldes *bæ`nteplassen* [Bent-Finne udtales med Tonen paa sidste Led]. *Hiran* 1723. Pladsen blev ryddet af en Finne ved Navn Bent. Hiran er vel et lappisk Navn og uden Forbindelse med Elvenavnet Hira og det svenske Sjönamn Hiren». Sitat slutt.

Det siste er tvilsamt, jf *hira* v og *hiren* adj (NO 5: 444, 446). Meir påfallande er kopling «finne» + «lappisk», likså vel som tolkinga av eit gardsnamn frå Vestre Aker i Akershus, gnr. 26 Finnerud: «Kommer maaske snarest af Plantenavnet Finn, en strid Græsart (nardus stricta) ogsaa kaldet Finngras, Finnskjæg, Finntop. Det var dog ogsaa nok muligt, at Stamordet – hvis Navnet er gammelt – kunde være Mandsnavnet Finni eller Kvindenavnet Finna, eller at det kunde have sin Oprindelse af den finske Indvandring til Norge omkring 1600, der vides at have strakt sig til denne Egn (Nordmarken) og endnu et Stykke vestover, til Aasen mellem Lier og Modum, fremdeles kaldet Modums Finmark, og hvorefter Res- ter af finsk Nationalitet endnu have holdt sig paa Solør Finskog. I sidste Fald maatte Navnet være fra 17de eller 18de Aarh."

I omtalen av *Finnestad* (Hetland i Rogaland) og dess meir av Finnmark (Bamble) aner vi, attom alle hypotesene, eit unemneleg alternativ, ein ruvande elefant i hypotesedisin: "\*Finnmørk? Da Stedet ligger ved en Bæk, er der Mulighed for at forklare Navnet af Elvenavnet Finna; jfr. Findal, GN. 20,6. Det er dog ikke sandsynligt, at dette skulde være brugt paa to ikke saa langt fra hinanden liggende Steder. Snarere er vel i begge disse Navne 1ste Led Plantenavnet Finn (jfr. Drangedal GN. 12), eller de kunne paa en eller anden Maade staa i Forbindelse med Folkenavnet Finner. Finmarken i Manger synes at være et sent Navn, som maaske er Opkaldelse efter Landskabet Finmarken (Bd. XI S. 393), hvad Finmark i Bamble neppe er".

For sørsamar kan «den finske Indvandring til Norge omkring 1600» kalle fram vonde minne, for 1891 la historikar Yngvar Nielsen fram 'fremrykkingsteorien', der han hevda at samane kom frå nord og til Tydal kring 1700 og til Røros kring

1750. – Rygh var ferdig med redigeringa av «Norske Gaardnavne» fem år før artikkelen kom, og der er ingen slik teori lansert. Påfallande er likevel at ordet «lappisk» er nemnt berre i det eine tilfellet frå Buskerud og så ikkje meir, før ein kjem til Nord-Trøndelag og «Ogndalen», no ein del av Steinkjer. Vi skal sitere det som vedkjem garden *Mokk*, den tid gnr 23, i dag Steinkjer gnr 159:

«*Mok* udt. *måkk*. Moug 1668. Moeg 1723. Et enestaaende Navn. Lydlig falder det sammen med Folkesprogets Mok n., sammenskuflet Dynge, maaske ogsaa: Møg (Aasen). Men det er dog lidet troligt, at det er dette Ord. Man kunde fristes til at formode, at det er det samme Mokk, som man har i mange, især sammen-satte, lappiske Navne, og som er det lappiske Mokke, Omvei, Krogvei, Bugt (Friis). Mokkaelven gjør nordenfor Gaarden en meget skarp Bøining».

Utan tvil var trønderen Rygh fullstendig klar over at namnet måtte vere samisk, men slikt var det neppe stovereint å konstatere. Han føyer noko avvæpnande til: «Det kunde ikke overraske at træffe et lappisk Navn oppe i Fjeldet og saa langt Nord, nær Grændsen af Snaasen. Gaarden ligger meget afsides». – Med andre ord høyrde lappiske namn heime i avsides strøk til fjells, nordpå. Det inneber at om han så skulle ha hyst «lappiske mistanker» i samband med namnedrøftinga i sørlegare delar av landet, så skulle det ha vore altfor risikabelt å ymte om noko slikt i samband med norske gardsnamn! Samar dreiv med rein, det visste jo alle. Kor som er og trass i denne utbreidde tenkemåten, så har arkeologar i seinare år funne samiske spor mykje lenger sør enn forventa, men kor mykje har det endra rådande oppfatningar blant nordistisk skolerte namnegranskarar? Går ein inn på gardsnamn-klassar som -land, -stad og den noko yngre typen -rud og reflekterer over dei førsteledd (utmerkingar) som er vanskelege å tolke nordisk, vil ein fort undrast om andre språk har vore inne i biletet, men digitale søk i NG på «andet» eller «ukjendt Sprog» gir null treff.

Det finst eit namneelement som tener som lærerikt døme i denne samanhengen: Under Gjettum, gnr 87 i Bærum i Akershus, er ved 1700 nemnt eit underbruk *Lubberud* (NG 2: 142). Området er no nedbygd, men *Lubberudstien* finst som adressenamn. Same namneelementet inngår òg i gnr 113.9 i Stokke i Vestfold, *Lubberhaugen*, og her artar namnedrøftinga seg ganske vidløftig (NG 6: 197):

"Der findes et Luberg paa Grændsen af Flaabygd og Drangedal. (O. R.) Navnet skriver sig maaske fra Opkaldelse deraf. Eller 1ste Led kunde mulig være et tysk Mandsnavn, t. Ex. Luber eller Lubbert, som ... opføres som yngre Former af Liubhari eller Liudberht (S. B.). Mindre rimeligt er det vel at tænke paa det engelske lubber, Klodrian, Landkrabbe, brugt som Øgenavn paa en Beboer af Stedet; dette Ord kunde mulig være indkommet i Sjømandssproget».

Dette kan vinklast heilt annleis: I nordsamisk (ns) er *luoppal* (før skrive *luob-*

*bal*) ei «innsjøliknande utviding av ei elv» (Qv 535). Ordet finst i mange variantar, m.a. *luobban* og *luobbar*, på normert ss *loebpele* «lita tjørn». I tidlegare samisk grenseland mellom Bø og Øksnes ligg elveutvidinga Lubberten. Suffikset *-ert* er lågtysk innlån og har vore veldig «produktivt» i nordnorsk (H. Chr.: 177 o.a.) Lubberhaugen i Stokke er ute av matrikkelen, men \*lubberen i dette tilfellet var truleg å finne i bekkefara sørvest for garden Rømminga, før gnr 113, no gnr 513 i Stokke.

Vi møter ss *loebpele* i mistydd form i namnet «Loppeboleggi» i Vang i Valdres: På begge sider av fjellet finst det nøgda små vassfar av nemnde slag. Her synest *loebpele* å ha blitt omtolka til eit gno. \*loppu-bœli, men «Loppebol-» er lydleg ikkje altfor ille, for det samiske ordet skal komme av dialektale fi former som *lompolo*, *lompolo*, *lompero*, *lumpero*, *lampero* «liten innsjø» – også: «utviding av elv» (Qv 535). Veldig stort utbreiingsområde i Sør-Noreg har ss *loebpele*- i avkorta form *loppe*-, då enten i sms **Loppetjøna** eller òg **Loppetjernet**. Ein kan trygt sjå bort frå at det er tale om hoppande insekt.

Av di «*loebpele*» sjeldan inngår i bustadnamn er det isolert sett lite interessant å seie så mykje om dette erkesamiske namneelementet i sør. Likevel tener det til å falsifisere ei grunnleggande haldning i NG: Samisk innslag blant gardsnamn sør i landet er det ingen grunn til å tenke på. Rett nok har mange namneinteresserte innsett at der kan vere talrike samiske innslag i stadnamna i fjellheimen også i sør, men samtidig går dei liksom Rygh ut frå at det er irrelevant for tolkinga av gardsnamn. Her er det barrierar å bryte, framfor alt i det sentrale Austlands-området. For at det skal vere klart, til no har så vidt kjent ingen sagt at gardsnamn-materialet i DN eller andre historiske kjelder i sør inneheld noko som har røter i samisk. At det kan slåast fast, har den fordel at ein kan fokusere på NG utan å risikere å oversjå nyare namneforskning kring same sak.

Historietradisjon blant samane er at dei eingong heldt til over heile den skandinaviske halvøya. Det har lita interesse for norske skeptikarar. Skulle nokon peike på stadnamn utanfor dagens samiske område som ser samiske ut, får dei òg «visa til historiske og reale tilhøve som kan sannsynleggjere slike tolkingar», «korleis denne overføringa [frå samisk til norsk] skal ha gått for seg, om den kulturelle bakgrunnen og samanhengen». Den slags krav har til formål å forsnevre innfallsopninga for avvikande synspunkt og å forhindre namnefagleg kontaminering og statusfall. Samtidig og ironisk nok gir krava ei skisse av eit forskingsprosjekt som kunne revitalisert ei norsk namneforskning som for tida er lite vital, men då må ein ut av komfortsonen. Møtte forresten Just Qvigstad slike skeptiske krav då "Nordische Lehnwörter im Lap-pischen" kom i 1893, med 275-276 sider som ord for ord dokumenterer lån i

mengder frå nordisk? Kvifor er då samiske innslag blant gardsnamna sør i landet til dei grader usannsynleg?

Samisk har som skriftspråk kort soge, så ikkje minst for sørsamar må det vere lærerikt å sjå korleis dei penneføre i gammal- og mellomnorsk tid takla ukjente namneelement. Deira skrivemåte var saktens tilpassa norsk, men dei heldt seg til tradisjonell namnebruk, systematisk omsetjingspress av den art som vart utøvd i nord langt seinare er ikkje kjent. Det kan nemnast at medan usms samiske namn i nord helst har tonem 1, er tonem 2 hovudregelen i sør. Det viser at innlån i sør og nord har ulik alder, men den drøftinga må vente.

"Samisk" er så mangt: avkortingar **ns**, **ls**, **ss**, sjeldnare **es**, **sks**, står her for nord-, lule-, sør-, enare- og skoltesamisk. Kvar samisk ordbokforfattar har si eiga rettskriving, nær sagt. Er ikkje anna nemnt, er nordsamiske ord henta frå «Sámi-dáru sátnegirji» og sørsamiske frå «Åarjel-saemie-daaroen baakoegærja» (Bergsland og Magga). Gustav Hasselbrinks "Südlappisches Wörterbuch" blir nemnd for seg, likeins Svensk-Sydsamisk ordlista Vilhelmina - Vefsen" av Erik Nilsson-Mankok. «Lulesamisk ordbok, svensk - samisk» av Nils Eric Spiik gir den lulesamiske normen, meir opp mot nordsamisk ligg Olavi Korhonens «Lulesamisk-svensk/Svensk-lulesamisk ordbok» basert på Harald Grundströms omfattande «Lulelappsk ordbok».

Annleis innretta er Björn Collinders «Ordbok till Sveriges lappska ort-namn» (forkorta «**oslo**»), som rett nok òg har sin eigen ortografi, men med varianttilvisingar i fleng. Klassikaren er likevel Qvigstads «De lappiske appellative stedsnavn» (1944), ordna etter nummer, eit arbeid alle seinare ordbokforfatarar viser til. Sjølv viser Qvigstad tidt til endå eldre ordsamlingar, då ikkje minst Lexicon Lapponicum (Lex. Lap.) nyprenta 2016.

Plassomsyn tilseier at ein som hovudregel kan *sløyfe* Ryghs personnamnbaserte gardsnamntolkingar, dei er lett tilgjengelege på nett, men det er vanskeleg å vere heilt konsekvent. Historiske skriveformer som NG dokumenterer må derimot nemnast, om enn på enklaste vis (her er framleis NG den beste kjelda). Flg. gjennomgåing er **ikkje** lagt opp som fagartikkel, men er meint som interessevekkar, og ho bygger på nettutgåva av NG for Austlands-fylka.

Lat det vere nemnt at det finst gardsnamn som er så utbreidde eller impliserer så mange naturnamn at dei ikkje passar i eit fylkesvis innretta oversyn, men det inneber på ingen måte at dei er mindre interessante. Trass i den avgrensinga har også oversynet som her ligg føre kryssreferansar som kan kjennest forstyrrande. Det får stå sin prøve, både utfyllande og korrigerande merknader til namneutvalet er velkomne, med andre ord både tilslutning og motseiing: Finn Myrvang, Vestby 30.7.2022. Epost: fmyrvang@gmail.com.

Først fylket lengst søraust i landet, på Ryghs tid kalla «Smaalenenes Amt»:

## ØSTFOLD

**Bile** |*ˈbīle*| var gnr 19.1 i Moss. Som NG påpeikar, er det eigentleg ein lang og smal og i endane temmeleg spiss holme. Rygh resonnerer såleis: «Maaske det gamle Ord *bíldr* m, der ogsaa forekommer i Formen *bílda* f og bruges om forskjellige skjærende Redskaber eller Vaaben, saaledes om Lancetter til Aareladning, om Ispile (hvilket Ord har dette *bíldr* til sidste Led), om et Slags Pile af særegen Form (*bíldör*). Sandsynligvis har Holmen faaet Navn efter et saadant Redskab eller Vaaben paa Grund af Lighed i Form; i Oldnorsk maa Navnet have lydt *Bílda*». Han gir òg døme på bruk av det same *bíld-* i stadnamn. – Så langt greitt, men også ss *bijle* tyder «ispil, isøks»! Likskapen mellom det siste ordet og gardsnamnet Bile er større enn med dei norrøne orda.

**Bøkkelstad** |*ˈbikʉlsta*| er gnr 39 Trøgstad: Byckelstad, Bikulstad 1593, Bickellstadt 1604, Bochelstad 1612, Biuchulstad 1616, Bøchelstad 1723. Jf at Bøkkelstad liksom Radderud (ss *raedtie* «utkant») låg lengst nordvest i gammalt busett område. Namnet liknar **Bykle** som namn på kommunen lengst nord i Setesdal, og i alle fall Byckel-, Bikul- synest å vere norsk tilpassing av ss *bijjelds-* «ytter-».

**Børud** |*ˈbōru*| Skiptvet gnr 77: Byerrudt St. 16, Bøerrudt St. 17, Børødt 1600, Børød 1639, Børud 1667, Bøyerud med Presterud (plassen Franserhuset) 1723. «Den oprindelige Form ganske uvis». Garden ligg på og ved ei høgde på 108 m som ruver i det gjennomgåande flate landskapet, høgare enn nabo-gardane. Bye- kunne derfor komme frå eit ss *bijjie-* «øver-, øvre» eller aller enklast og mest sannsynleg ss *bijre* "berg" i ordinær ss lydvariant byjre.

**Femtegjeld** |*ˈfæmtəjæl*| gnr 86 Våler: Hwimthergilde 1414 ("paategnet meget senere": Femtegilde), Femtegild St.1b, Femtegild 1593, 1612, Femttegild 1603, Femtegiæld 1723. Efter Brevet fra 1414 maa den gamle Form antages at have været Hwimtagildi eller noget lign., uagtet Overgangen fra *hv* til *f* er høist usædvanlig og paafaldende. 1ste Led har man mulig ogsaa i det nu forsvundne Navn Hwinte i Askim, se No. 84 der. Med Hensyn til gildi kunde man gjette paa, at det skulde betyde: Værd for, Betaling for det, som 1ste Led betegnede, jfr. *kúgildi*".

Bak førsteleddet Femte- må skjule seg eit anna ord som med tida er blitt as-



sosiert med talordet *fem*, og det har påverka uttalen i retning open e, evt. med sekundær verknad på sisteleddet, som no har fått forma *-gjeld*: Uklart er kva det kan ha vore, då Ryghs forslag *kügildi* eller noko tilsvarande står svakt. Heller ikkje har Kåre Hoel ("Bustadnavn i Østfold") noka tru på eit opphavleg gno *hjallr* "hjell", men han avviser ikkje at det kunne vere tale om *gildi* n 'gilde, sammenslutning, lag av sosial eller selskapelig karakter'», men meiner garden ligg for avsides til at det er truleg. Dessutan ville eit slikt gardsnamn i flg. Tom Schmidt "innebære at *gildi* n i norrøn tid kunne brukes om selve gilstedet. Noen slik betydning er ikke belagt, og *gildi* synes heller ikke andre steder å forekomme som etterledd i navn". Derimot er korkje Hoel eller Schmidt framand for at det kan vere hyperkorrekt når hovudleddet i gardsnamnet er skrive med *ld*, det vil seie at «-gilde» nok kan oppfattast som *-gille* og forståast som norrønt *-gili*, dat. sg. av *gil* n 'gjel, bergkløft', ettersom dette ordet i Østfold-mål har «tynn» *l* etter gammal kort *i*". Dei konkretiserer ikkje kor gjelet er, og Femtegjeldbekken grev seg lite ned.

Eit heilt anna utgangspunkt er å sml utmerkinga \**Hvimtar-* (genitiv) med gardsnamna **Kvipt** i Fyresdal (Quiptte 1611) og **Kvifte** i Vegårshei (Quiptte 1610-1612), vel òg **Kvepto** i Sogndal. I hovudsak peikar desse tilbake på gno. \**hvilpt*, *hvilft* «kvelv, dokk, søkk» – i Þulur faktisk med forma *hvilft* (*hvilmt*) f «kvelv, hole». Det skulle tilseie ei lydutvikling \**hvilpt* >*hvilmt* >*hvimt*. Uvanleg i norsk, men ikkje utenkeleg. I sørsamisk var det der imot dialektrett å uttale nordleg *-bt-* som ein sørleg *-mt-*, td. *domtedh* for *dobtedh* «kjennes, føles», *fuemtie* for *fuebtie* «noko ovstort, uhyre» o.l. (Bergsland 1982), merk at samisk har framlyd **f-** i ei rekke låneformer av norrøne eller urnordiske ord på **hv-**: *hvalr* «kval», *hvammr* «kvam», *hverr* «kjel», *hvønn* «kvann(e)» osv. Overgangen *hv* >*f* og innlydsendinga *pt* >*mt* i Hwimtergilde >Femtegilde er såleis regelrett i sørsamisk. Skriveformene Femtegild, Feinntegilde 1575, Femtegjeld 1647 (Hoel 138) gir grunn til ettertanke.

Dei eldste formene på *-gilde*, *-gille* peikar mot ss *gille*, *gyll* «gressbevokst, skogløs bakkeknaus». Ordet kjem òg inn i vurderinga av namna **Holmgill** i Aremark og **Gylder** i Våler. – Bnr. 1 Femtegjeld ligg c60 m.o.h. tett under ein c22 m høgare knaus, bnr. 86.5 «Femtegjeld nedre» ligg lågare, på eit fastmarkpall som stikk litt ut i det søkket som ådalen ved Femtegjeldbekken er ein del av, i godt samsvar med gno *hvilft* (*hvilmt*). – Nokon forstod i ettertid at «Femtegilde» og Hwimtergilde var det same, jf påteikninga, rarare er at den tilsynelatande samiske framlyden kunne vinne fram også i skrift når det så tidleg som 1414 vart skriftfesta ein frå norsk ståstad så etymologisk korrekt skrivemåte som *Hwimter-*. Merkelappen «høist usædvanlig og påfaldende» blir derfor ståande.

**Gimmen** (store) |*jimmen*| Idd gnr 41: a Gylmæimum 1341, c 1600 Gimenn og Giming. Gardshusa ligg oppe i ein skråning, medan innmarka framfor er ei djup dokk ned mot ein bekk. Ho fungerer truleg verkar som ei kuldegrop, jf ss *gilmehtidh* [gî-] få noko til å fryse; la fryse Merk også fjellnamnet **Gilmëtj** i Sorsele: «en hel familj har frusit ihjäl här» (oslo 83).

**Gopperud** |*gåpåru*| Trøgstad gnr 64: Goperud 1593, Gupperødt 1604, Gopperud 1612, Gaaperud 1616, Gopperud 1723. Garden ligg vestom ein rund åshump som har eit søkk, med ei tjønn midt i. Her passar ls *gähpe* «(rund, ej så vid) sänka (i marken)», ns *gohpi*, men ss kjenner ikkje ordet lenger. Samstundes svarar heile åshumpen tydeleg til ls *gåbbå* «(rundaktig kulle)», jf uttalen |*gåpå-*|. Større lydleg avstand er der til ss *gabpe* «flat haug» (Kapp på Toten!). Liknande form-refleksjonar gjer seg gjeldande for bruket Gupu i Bærum.

**Gudderud** |*gudderu*| er gnr 48 Askim (no indre Østfold): Godharuð c 1400, Guderud 1593, Gudderud 1612, 1616, Guderud 1723, no «Guderud». Så heiter også gnr 96 på Østre Toten (daglegnamn «Vollen»): Guddærud 1442, Guderud 1669, Gudderud 1723 (hadde då lenge vore underbrug til Tømmerhol). Det er naturleg å sjå etter kva som er sams med Guddal i Sokndal, Guddalen og Guddemyren i Lom og likeins Guddalen i Bygland og Fjaler, for ikkje å oversjå sletta Guddestad i Åseral: Samfaktor er låg- og våtlende med myr og myrsøkk, og då fell det vanskeleg å ignorere ns *guovda* (sks *kuvdda*): fuktig og grasgrodd slette (i skogen el. mellom moar), el. lang og smal grasgrodd opning i skog, ei lægd el. sump-eng. Så lenge det er tale om skog, er der også uskarp avgrensing overfor lokalitetar av typen *guddje* (<fi. *kuja*) «opning, passasje» (Qv 342,359).

**Gudem**, Gudim, Gudum er gardsnamn fleire stader i Østfold og Vestfold. Det er gardar som ligg på avrunda høgder, som blikkfang, dei verkar «sentrale». Enkel tolking av namna er at førsteleddet er som i ns *guovda-* og *guovdo-* i sms «mid(t)-», ls *guovda-* «som ligger i mitten» (Korhonen, Spiik) medan ss *goevte* har fått trongare tydingsinnhald «februar»: midten på vinteren. Også Guåker som gardsnamn på Hedmark og i Vestfold kan vel forståast så, men ein må nok orientere seg ut frå gammalt gardsvald for å finne samanhengen.

**Gusland** |*gusslann*| Hobøl gnr 55: i Gudislundum, Gudirslund c1400, Gwditzlandh 1431, Gudisland 1448, men så Gußlundt, Guedtzlund 1624, Gusland 1723: «Vokalen i sidste Stavelse, som det vil sees, forandret til a allerede tidlig i 15de Aarh.» Det same gardsnamnet finst ein stad til, i Østfold: **Guslund** |*güstonn*| Skjeberg gnr 99-100: i Gudislundum c 1400, a Gudisludh! 1440, Gvdeslvnd 1445, Gudißlund 1593, 1599 og Gudslund, Guslund 1603,

1723: «Samme Navn, nu tildels i Udtalen forandret til Gusland, findes i Høbøl og Enebak .... Samme Begyndelsesled har man i **Gudsaas** i Furnes (Guðisáss efter DN I 285)». Disse gardane har sentral eller midstilt plassering, i kvart sitt nærområde. Dei overleverte skriveformene Gudis-, Gudirs-, Guditz- reflekterer mest truleg eit sørleg \*Guditje-, Gudisje- som svarar til ls *guovdáš*, *guovdáž*- «midtpunkt» (Korhonen), til ls *guovdda*- osv.

**Hakelund** |*"hakelønn*| Idd gnr 85: Haggellundt 1593, Hagelund 1604 og 1626. Førsteleddet er sannsynlegvis same ord som sisteleddet i sørleg ss *-hagke* «stad der det veks frodig» (vel lånt frå nordisk), nytta i sms. med *gasngese*- «einer-», såkie- «bjørk-» osv. Er som forledd notert i h-lauss ss form *akkeland* el. *-ædnam* «gräsrika betesmarker» = *áhke* «riklig gräsväxt, rikligt kreaturbete» (Qv 6, oslo 45). Kjem så *|-lønn*| i dette tilfellet faktisk av *gnolundr* m «liten skog», eller er det ei forvansking av ss *luemie* (låemie) «lita grasgrodd lægd mellom haugar»?

**Jale** |*"jale*| Skjeberg gnr 34: Jalæifuær1344, i Jarleif c1400, i Jaleifui (og Jaleifsmenn!) 1447, etc. Her ligg gardpartane på (og ved) ein mesta oval knaus, og det ligg nær å tenke på ss *jalloe*, i sørleg ss form *jalla*- høgd (konkret) pluss sisteledd *-oaivíur* (Jokkmokk), var. *oai'vura* etc. «krönet av en backe», avleiing frå det samiske ordet for hovud (oslo 145). Fritt omsett er då Jale <Jalæifuær nærmast \*høgdhäusen, \*høgknollen el.l.

**Jambæk** |*"jambækk*| Rakkestad bnr 128,11. Rygh: «Mulig af hjalnr, Hjelm, i den gamle Betydning af Stak». Det er tenkeleg, men gløym ikkje ss *jabnoe* «stabbur ved kåte».

**Jorud** |*"jōru*| Trøgstad gnr 103: Jodorud c 1400, Joffuerud 1612 og Jouffuerud 1616. Garden har kupert innmark og ligg oppunder ei uslett åsside, med toppar kalla Jorudrusten og Jorudåsen. Dei to 1600-talsformene syner greitt at ss *joeve* (lang o) «urd, strekning dekt av urd» er førsteledd, sml. åssida. – Forma Jodorud ser avvikande ut, men er eit uttrykk for det faktum at i mellomnorsk tid hadde *ð* mellom to vokalar enten fått uttalen *v*, eller *j*, men orda vart i hovudsak skrivne som før. For skrivaren dengong var Joverud eit norsk gardsnamn, dermed skreiv han automatisk *d* (i staden for *ð* i korrekt gno.) medan *o* i 2. staving kan ha vore slump, eller òg var det ei nordlegare form *juovva* som gjorde seg gjeldande, her i underform *juovvu*- pga norrøn bøying.

**Kitterød** |*"kitterø*||*"kittərə*| gnr 113 Idd >Halden er eit namn som går att også fl.st. i Båhuslen, men vi skal berre fokusere på to "forsvundne Gaardnavne" på norsk side, eitt frå Kroer i Ås: i Kitta rudi RB 133, j Kithurudhi DN IV

566 – og eit anna frå Ullensaker: i Kitto rudi RB 426, Kitterrudt St 91v (her etter Hoel 1985: 120). "Oprindelse og Betydning ukjendt", seier Rygh, men tydeleg er at forleddet skiftesvis blir bøygd som eit lint m og f. Pga arronderinga av innmarka på Kitterød i Idd, bnr 23,19 Kitterød i Hvaler og gnr 68 Kjøttrød i Soknedalen >139 Midtre Gauldal (skr. Kiettrød 1559) tenker ein på ls *giedde* "(natur)eng" og ss *giedtie* "reinhage, reingjerde, trø", men overleverte skriveformer blir berre forståelege via avleiinga *kiettar* (= kiettarm, kiettalm, kiettalmis) om "liten gräsvall" (oslo 87), for di sms *Kiettar-rud* (evt -rød) enten blir *Kietta-rud*, tilnærma uendra, eller så leggst hokjønnsbøyinga *Kiettu-*, *Kietto-* til.

**Kontra** |'kontra| er gnr 248.1 i Rakkestad (og gnr 116.1 i Kråkstad i Akershus). NG seier om førstnemnde: «Forekommer enkelte Gange som Navn paa mindre Gaarde og Pladse østenfor Kristianiafjorden. Synes at være det latinske Ord contra (ligeoverfor, imod), men hvorledes og i hvilken Betydning dette her er blevet Stedsnavn, kan jeg ikke oplyse». – Den mest nærliggande forklaringa vil forundre: *konttur*, *kon'tur*, *kontór* «litet gårde vid sidan av och i förbindelse med ett större renskiljningsgårde; i sådana mindre gården samlades de skilda ägarnas flockar var för sig vid skiljningen. Lånord.: sv. kontor». Det same ordet inngår i det sms. namnet **Kon'turvårre**, Gällivare (oslo 93). Hos oss synest ei bunden form \*Kontora (n pl eller f sg?) å vere samandregen til Kontra. Ordet ligg vel òg føre i **Konterud** |'konteru| Våler (Hedmark) gnr 59 tett vest for **Gridderud**: *gridde* (Hattfjelldal) er variant av normert *krinte*, ss låneform av «grind».

**Korrset** |'kørrsæt| er Berg gnr 107 og 108: Konsætræ 1344, Kornsetr (søndre) c 1400, Lille Korsetther VL. 24 og Korbetter 1593, Lille Korsedt og 2 Gaarde Korrebetter 1604, Korbetter 1626. Dei eldste formene med -n- og -rn- må takast på alvor, men sannsynlegare enn at namnet fortel om korn dyrking er nok at dei kjem av ei særleg form tilsvarande ls *kår'ñot*, *goarññot* "klättra, bestiga" = ns *goarβut*, i dette tilfellet oppetter åsen på begge sider av Korsetvannet. Uttalen Kørr- er som for plassnamnet Kørren i Rømskog, så kanskje har namnet same opphav der?

**Krusættet** |'krusætre| Idd bnr 2,4: «Den tildels brugte Skrivemaade Krussætre angiver maaske rigtigt Grundformen; en Stamme Krus-, af usikker Betydning». Merk likevel *kreuve* el. *krevve* ... «en Flok Rener, Renhjord», demin. *kreuvaš* 'liden Renhjord'» (Friis), normert ss *krievve*, *kreavve* rein (enkelt-rein el. reinflokk), reinhjord, samla hjord, spesielt: under flytting, til merking el. mjølking. Samanlikn for øvrig Kalvkruvatnet (NoStleks. 179).

**Kuskerud** gnr 121 Rakkestad, Østfold: sjå HEDMARK, Kuskmoen.

**Kåfell** |*"kåffæll*| Skiptvet gnr 55: a Kafelom, a Kafæilo c 1400 i Kapel 1440, Koffill 1600, Koffell 1639. NG: «Enestaaende og uforklaret Navn». Kåfell kan før ha vore uttalt med (lang) *á* > *å*, jf 1400-talsformene, og då nærmar vi oss ss *gaaffe* 'gaffel': I og for seg ein unormal stadnamn-term, men i Herøy i Nordland er **Gaflan** namn på tre skjer, og to av dei er klart gavl-forma: *gavl* m < gno *gavl* er eit 'usamisk' ord, men ikkje *gaafele* 'gaffel', så her kan ha skjedd samanblanding av orda. Kåfell ligg på ein langvoren haug med den tverre langsida mot vest og med ei nov i nord og sør. 1400-talsformene viser overtydande og overtydeleg kor uforståeleg namnet var alt då.

**Kån** |*kå:n*| Rakkestad gnr 13-14: i Kauni 1400, Kaagenn 1594, Kaaenn 1604, Kaann 1624 og seinare. Gardsvaldet er avgrensa på sidene av ein nærmast alt-omfattande bekkesving. – Forma i *Kauni* minner om kaun «byll, svull» med genus *m* i nyno, men *n* i gno. Likskapen kjem vel av at ss *gaave* «krok, bøyg; sving i elv eller bekk» (tolka til \*kaave) fekk b.f. \*kåven i norsk, kanskje heller \*kåwen med halvokal og tatt for *kaun*, her i dativ kauni? Samtidig har *gaave* ei sideform *gåevie* (åe = lang å) med same tyding. Utenkeleg er ikkje at denne, med etterhengd norsk artikkel, førte til i skrivemåten Kaagen 1594.

**Loska** |*låsska*| gnr 99 Hobøl: Loschen og Loschenæset 1723. Vi kjenner i dag mange fleire skriveformer av gardsnamnet. Dei fleste går på *Los-* og *Laas-*, vi nøyer oss med variantane Løsken 6125, Løschen (øde pl) 1679 og Løska 1808 og 1817. Rygh resonnerer ut frå *laske* m om jordstykke av trekantig form, men det er seinare dokumentert at Låska eigentleg er eldre namn på Garderbekken i skil med Vestby: Namnet blir no tolka ut frå gno *lōskr* "doven, slapp" og nyn *loska* f "dorsk, doven person", av di elva renn stilt (Hoel 1994:140). Namnetolkinga kan ein altså kalle heilnorsk, var det ikkje for ein finurleg liten detalj: ls *låsjkås* med attributiv form *låsjkå* – òg i former som *lusjkōs* og (*sj*)*låsjkōs* – vil seie "open, ufrosen", om vatn og væte i det heile, td *lusjkōs* = *sjlåsjkō(s) jau'rē* "öppen sjö". Det spørst då om Loska held seg open når det legg seg is på andre åer og elvar.

**Lumpestad** |*lompesta*| gnr 17,2 Skiptvedt er i flg. Rygh "nyere Navn, maaske efter et Mandstilnavn". Her, liksom lite som elles, får vi vite grunnlaget for hans aldersvurdering; det nye namnet i dette tilfellet er Fjellstad. Eit namn som kom seint inn i matrikkelen kan jo ha vore i dagleg bruk lenge før det? Garden Lumpestad ligg på ei vid, lett hallande flate med bratt fall i vest og sør. *Lompe-* er ikkje ss *låemie* "liten gressdal, senkning mellom hauger, då heller omkasta form av eit nordlegare *luopme* el.l i tyding "plan terrasse i fjellsida" (Qv 523, oslo 118).

**Massengen** |*"massinen*| gnr 61 i Askim Østfold: Maßeng 1593. Maßengh 1604, Maßing 1612, 1616, Maseng 1723: «Aabenbart en Sammensætning med eng f.. Hvad 1ste Led er, bliver ganske usikkert». Garden har flatt lende, men like vest for Masseng-bruka har erosjon laga fleire tungeforma oddar, nokre påverka ved bygginga av E18, men innskjeringane er enno synlege. Sml **Massing** |*"massin*| Nord-Fron gnr 21: Misßinng 1604, Masingen 1668, Maßingen 1723, som ligg i skråninga under Massinglia. Nedanfor garden, ved elva Vinstra, ligg dei bratte Massingbakkan der smale, parallelle jordryggar ligg tett i tett. Sideelva Massdøla fell ut i elvebøygen attmed. – Orda masing, massing og messing går att i ei rad namn frå Nordland, Trøndelag og Austlandet (usagt kva som ligg i namnet Massingsteinåsen i Rømskog). Meir merkverdige er namna Massingsmedhaugen i Flesberg, Massingsmedmyra i Røros, Massingsmedsundet i Gran og Massingsmedvollen på Tolga, for rett nok var yrkesnamnet *massingsmed* velkjent, men landskapet på alle dei stadene er av ein art som gir mistanke om at massingsmed her er eit feiltolka *massing-sne*, dvs inessiv av ss \*massing, men kva tyder så det ordet? ss *máhts-* tyder i flg. Björn Collinder «vikt, lagd dubbel; tillskrynklað» (attrib. adj). Jf *máhttse* «fald» (ns *máhcci*) og *máhttse*, pr.pt. av *máhttsat* «vende om». Han meiner at *máhts-* er utmerking i ss stadnamn og har fleire døme (oslo 125). – Collinders ss *máhts-* kan vi samsvar med gjeldande rettskriving stave *maahts-*. Systemrett i ss er at t.d. *tjæledh* v «rite inn, skrive» gir *tjaalege* «rit, skrift, noko innrissa» (Bergsland 1982: §113), og vi aner tilsvarande samband mellom *maahtsodh* v «falde», og *maahtsedh* v «vende tilbake», og *maahtsege* adj «rukkut, rynket», som truleg kunne brukast også som nomen, for som det er påpeika: «Die Grenzen zwischen Adjektiven und Substantiven, sowie zwischen Adjektiven und Adverbien sind fliessend» (Hasselbrink:105). Dessutan er det slik at det ss suffikset *-ege* svarar til ur-samisk *-\*iŋe*, som via tidleg innlånte stadnamn kan ha levd vidare i nordisk, utan tap av nasal.

**Nommerstad** el. **Nomerstad** |*"nommersta*| Elverum bnr 122.12: Jordvegen er liten og framstår som litt skrinna på ortofoto. Sml. **Nommestad** el. **Nummestad** |*"nommesta*| Hobøl gnr 91: Nwmmestad kring 1520, Nummestad 1723. Ligg på ein smal rabb som peikar rett mot «et af Hovedtilløbene til den Elv, der har sit Udløb i Kristianiafjorden ved Son». Samisk *njoammel*, *njåemele* «hare» finst i forsvenska form *Numir-* (oslo 140, 143), men det høver dårleg i samanhengen. Derimot er den smale rabben der Nommestad ligg venteleg tørkesvak, så eit ord som svarar til ns *nuommir* eller *nuommi*, *nuomes* «kraftlaus» tilfører kanskje begge bruksnamna akseptabel meining.

**Orefelden** |*"orefællen*| Rygge gnr 23,2: «1ste Led vel Trænavnet Or. 2det Led synes snarest at være *feldr* m, Dække eller Klædningsstykke, der ialfald paa

den ene Side bestaar af haaret Skind». – Meir konkret er alternativet: Ved den øvste Orefell-garden er det ei stor bergflate. Går Ore- på treslaget *older* el. på *orru*, presenspartisipp av ss *órrút*, *árroðh* v «vara, bo, vistas»? Er sisteleddet som i ss *gierkie-feallaa*, 'steinfjøl', dvs. steinblokk, eller er det berre ei sms *áeruv'healla* "ekornhella", eller liknar overflata ganske enkelt ein fell av ekornskinn? Her er det visst tolkingsperspektiv i det uendelege.

**Piparen** |*"pípæren*| Rakkestad bnr 172,5: «Af Pipar, Musikant ..Vidnesbyrd om, hvor skattet den Mand i Bygden var, som kunde spille til Dands». Her må ein alternativt tenke på ss *bijjeb(e)* «øvre» + *barr(de)* – også bertie, pertie – «kanten av fjellet; tre-grensa, skogbandet». Sml. òg **Piparen** i Lunner, Oppland. Som sisteledd vil *-ber(tie)* få tilsvarande redusert form Piper-, Pepper-. **Pip** blir nemnt som alternativt namn på Lønnefis[kje?] bnr 53,2 i Spydeberg, og Hobøl gnr 867 heiter **Pipen** (begge unemnde i NG). Begge ligg relativt høgt, så eit avkorta *bijjebe* i tyding lik norsk \*Øvra høver. Tolkinga bør òg prøvast for **Pipelund** |*"pipelonn*| bnr 46.6 i Skjeberg.

**Riggesum** |*"riggesømm*| Hobøl gnr 51: a Rikiseim c 1400, i Rikisæyme 1444, Rikeseim 1461, Regisemb 1624, Rigesem 1723. Jf **Riksem** |*"rikksemm*| gnr 36 i Sykkylven: af Rikisheimi c. 1200 og ein gong til seinare, mot Rigesym c 1521, osv. I NG tolka som «Rikiseimr, sms. med heimr. En Gaard af dette Navn, nu forsvunden, har der ogsaa været i Røken ... nu gaaet ind under Sundby; samme Navn har man videre i Riksem i Søkkelven. 1ste Led synes at maatte være *riki* n., Magt, Myndighed, og Betydning: mægtig, anselig Gaard». – Fokuserer ein i staden på terreng, er det så at Riggesum i Hobøl ligg ved ein ås som har ein nærmast kneforma bøyg. Bruket Riggesheim i Oslo (unemnt i NG) ligg for enden av ein lang og bein åsrygg, men òg ved ein karakteristisk bøyg i Steinsrudtjern. Riksem i Sykkylven ligg på ein krum åsrygg, ved ein elvesving. Påfallande er skriveforma Rikisæyme 1444 i Hobøl, likeins Rigesym c 1521 i Sykkylven, for di at norrøn y i samisk går over til i (evt. til u): Ryggefjorden i Øksnes heiter på samisk **Riggavuodna**, sml. **Futrikelva** i Tromsøysund, sms. av ns *vuovdi* «skog» + *rigg-* <gno. hryggr: Det siste er sannsynlegvis førsteledd i Rikisæyme og Riggesum, og sisteleddet kan vere ss *sujmie* «noko bøygd».

**Saksebøl** |*"sakksebøl*| gnr 95 i Hobøl: Saxabøle RB. 125, Saxeboell 1624. Så er òg gnr 109 i Spydeberg kalt: Sexaarbor! 1600, Saxeboell 1640,1667, Saxeboel 1723. NG oppfattar begge som gno Saxabœli, av mannsnamnet Saxi. – Landskapet på Saksebøl i Hobøl er veldig kupert, for ikkje å seie sundskore eller opphakka. Til fots kan det kan ikkje ha vore lett å ta seg fram der, og det same kan seiast om Saksebøl i Spydeberg, særst sundskore på anna vis, med ovtronge små vikar på sida av Glomma på strekninga Hovinvika –

Saksebølvika. Saxebøl-namnet kan begge stadene heller forståast på line med Saxvattnet og Saxaborga på svensk side: «hinderet, prånget» (smauet), til ss *tsagkedh* v «ta imot, stoppe» og *tsagkehsidh* v «hindra sig, stoppa sig» (Mankok).

**Sekkeland** |*"sækkelann*| gnr 42 og 43 i Varteig: a Sikulandum 1311, Sikulanda (gen.) 1341 og Sikuland c 1400, a Rikelandom (!) 1443, Sickelanndt, Sicheland 1593, Sicke-, Sikelanndt 1604, Sicheland 1640 etc. (dei eldste skriveformene indikerer ei fleirtalsform Sikulandir i kontrast til dagens uttale av Sekkeland med open e). – Sekkeland-gardane har spreidde små berg på innmarka, dels trillrunde, delvis smal-ovale og spisse. Relevant verkar ss *siegekies*, predik. *siegie* «tynn, grann (om runde ting)», el. «smal, mjå, mager». Med mellomalderforma Siku- harmonerer det ikkje heilt, derimot med ls *sieg'ge* gg, attr *sieggjes*, *sægga* «tunn (om runda föremål och snötäcket; smal (om t. ex. nål, dörr» (Korhonen). Lydleg er avstanden ikkje særleg stor til dei gno skriveformene *sika*, *siku-* f.

**Skipperud** |*"sjippru*| gnr 85+86 Skiptvet: Skæpporud c 1400, Skæpperud 1456, Skepperud 1469,1595, Skipperødt 1600, Schipperød 1640,1667, Schipperud 1723: "Kan visselig ikke forklares af skeppa f., Skjeppe, men nogen anden Forklaring har heller ikke været at finde" – ei heller for **Skjeppe** |*"sjæppe*| gnr 121 Eidsberg > gnr 221 IØ, endå det namnet blir uttala med ein *æ* utan sikker dekning i skriveformene Skieppe 1593, 1604, 1612, Schieppe 1723. – I ei slags mellomstilling står **Skjeppestad** |*"sjeppasta*| gnr 30 i Nord-Odal Hedmark, skrive i Skipastadhom c 1400, Skieppestad c 1521, Skepestad c 1575, Skippestad 1578, Skiepestad 1594, Scheppestad 1617 og Skieppestad 1723: "et Navn, som jeg ikke kan forklare, hvis det er rigtigt skrevet og ligger den opr. Form ialfald nogenlunde nær". – Nærast dei eldste skriveformene for Skipperud kjem ein ved **Skipping** |*"sjippun*| Moss gnr 23: or Skæphæimum1224, i Skæppæimom c 1400, Schipping c 1521, Skieppenn c 1575, Skipenn 1593, Skipping 1599, 1603, Schiping 1723: 'Den usædvanlige Endelse i Nutidens Udtale er maaske ikke upaavirket af Tanken paa 'Skippund'.

Måleeningane skjeppe og skippond gir utilstrekkeleg tolking av desse namna, i staden bør nemnast ss *skæhpa*, både om ein heil simleflokk så vel som ei einskild simle (= sjk'äppaa, skeäppaa, Hasselbrink III 1164): Skipperud ligg på eit nes, naturleg avgrensa av åer og skogrøst og med ei lang sandstrand ut i Glomma der rein kan kjøle seg. Skjeppestad er òg avgrensa av åer og blautmyr, og naturleg avgrensing har også Skjeppe i Eidsberg. Skipping er derimot nedbygd.

**Skjelle** |*"sælle*| Skiptvet gnr 54: i Skælli c 1400, Skielle 1600, Schielde 1639.



Schielle 1640. Schielde med Fostued 1667: «Havde man ikke Formen Skælli ... kunde man have tænkt sig, at det svarede til Skildi, Dat. af *skjoldr*, Skjold». – Her må nemmast at hovudbruket på Trøgstad prestegard, Trøgstad gnr 61, heitte **Sialfuirki** opphavleg. Til hovudbruket høyrde Lille Trøgstad og plassen **Bruer**: «Efter Beliggenheden kan Stedet ikke være nævnt efter Bro over Vandløb, men vel efter en 'Jordbro', Bro af Tømmer eller Stenlægning over sumpigt Land». – Nettopp pga. namnet Bruer skal vi få med oss at i det unike namnet Sjalfvirki, som NG tolkar psykologisk som «eget Arbeide, selvopryddet Jord» ligg det vel noko langt meir konkret: ns *šaldi* = es *šaldde* «bru» <fi silta er bynamm i eit par høve: Šaldie = Røros og Stuore Šaldie = Trondheim. Frå Meråker òg notert *šeltie*, tyding marknadsplass, «Plats um die Kirche, Jahrmarkt» (Qv 847). Tenkt slik kan då Sjalfvirki vere omtolking av *šjalde*- «bru-», evt «marknads-», i sms. med *-virki* <-*vierëkë* «kuperad mark med långa backar» (oslo 246). Det skulle ikkje passe så aller verst i Trøgstad sitt tilfelle.

**Skofsrud** |*'skåffsru*| er gnr 179 Trøgstad > gnr 654 IØ: Skoffsrud 1593, 1612, Skoffsrødt 1604, Skofsrud 1723. "Enestaaende Navn; har maaske et Tilnavn til 1ste Led". – Garden har ei rad små bekkedar som har laga erosjonsdalar, men av desse er det ein (på bnr 1) som skil seg ut ved å vere ganske vid, men med trong opning. Namnet står nok i samband med ls *skåp'pe* "säckformig avslutning eller inbuktning i föremål (även i berg- eller fjällsida)" – dessutan med ss *skåhpoe*, *skåhpoes* "hul (om trestamme)". Lydovergangen skåhpoes- > skåps- > skåfs- er av velkjent type.

**Slengebråte** |*'slænebråttå*| gnr 38 Askim: i Slægnobrota c 1400, Slegnebrotte, Slengebrotte 1593, 1612, Slyngebraade 1604, Slengebraate 1723. Dei tidlegaste formene med -gn- stikk seg ut, dei andre liknar ovmykje på gnr 72 i Alstadhaug N-Tr, **Slengen** |*'slønnjen*|: Slønng, Slingenn 1590, Sleng 1610, Slengen 1626, 1664 osv. Meir einsarta var dei historiske skriveformene for gnr 50 **Slengesol** i Gulen, der det blir ymta om gno. *hóll* m og førsteledd *slengi-s-* «af et Intetkjønsord \*slengi; men noget saadant er ikke kjendt, hverken i Oldnorsk eller i et nuv. Folkesprog». Det siste er ikkje heilt rett: Merk ss *slintje* «store og små vasspyttar her og der», og dessutan ss *sluntje* «vassdam, pytt»: Ord med såkalla mørk *ï* har ofte parallellformer på *y*; norsk uttale av desse så vel som av *sluntje* går lett over til *ø* i norsk. Kartet viser spor etter ei tjønn på Slengebråte, og likeins etter myrhol kring Slengen, meir usikker er førebels samanhengen for Slengeshol.

**Slustad** |*'shussta*| er gnr 12 i Rødenes (Marker): Slopstad 1593, Slupstad 1604, 1626, 1723 (ingen av skriveformene har f istf. p). Lendet ved Slupstadneset sør i Slupstadvika har nokre djupe innskjerigar, og især Slupstadbekken

skjer seg alt djupare etter som ein nærmar seg fjellfoten, med Slupstadhagen. Det minner om ss *sluoptje* «öpfung, spricka» (Lex. Lap.), merk *sluhpú* «trångt pass mellan en klippa och ett vattendrag eller mellan två stora stenblock» (oslo 204).

**Solerud** |*soleru*| gnr 123 i Aremark >Marker: Svalurud 1376, Swalarudh 1434, Swalurud 1442, Suallerud 1593, Sualerud 1604, Sollerød 1626 og 1723. – Garden snur mot Solerudtjern og den langt større Solerudmosen, som i nord går over i Ledengtjern. I kanten av begge er "øyar" og "holmar" frå ei tid då der var eit samanhengande vatn, så ein kan tenke på *sååle*, *soole* "holme, ö; även: t.ex. ett isolerat parti fastare mark i en myr" (Hasselbrink, oslo 213), og tett nordom garden er ei større halvøy. Dei gamle skriveformene passar likevel kleint med slik tolking, Svalu-, Swalu- hallar snarare mot ss *såaloeh*- "einsam(t)", som i *såaloeh-bahke* "einsam bakke" – og Swala- tilsvarande med varianten *såalah*:- *såalah-bahke* og *såalah-vaerie* "einsamt fjell". Dette er like relevant for garden. – **Svalerød** |*svalerø*| gnr 21 i Berg >Halden går likeins for Suallerød 1593, 1599, 1603, Svallerød 1723: Der ligg innmarka isolert mellom skogåsar.

**Sparkerud** |*spærkeru*| Trøgstad bnr 112,3: "Nyere Navn" seier NG berre, men ss *spearkedh* "kløyve stykker av (store vedkubber); klive" bør noterast.

**Spestad** |*spessta*| el. |*spīsta*| Eidsberg gnr 137: Spedsta 1593. Spidstadt 1604. Spidstad 1612. Spedstad 1723. «Navnet er enestaaende i Landet; ingen rimelig Forklaring fundet». Det siste er isolert sett rett, så lenge vi held oss til norsk og svensk, men førsteleddet er truleg samisk låneform av *bygge* n «hus, bygning», i former som *pidtja* og ss *spidtje* «stuga el. dylikt som håller på att byggas); nybyggd gård» (Lehnw. 105, NO I: 1139, oslo 154). Same opphav har vel namnet **Spikkestad**, Røyken gnr 6, Buskerud: Spykke-stade 1499, Spiggestadt 1578 og Spickestad 1593.

**Sulerud** |*suleru*| er gnr 20 Eidsberg >120 IØ: Suflurud c 1400, Suflærud 1409, Suflorud 1418, Szulrudtt 1550, Sullerrudt, Sulrødt c 1575, Sullerud 1593, Sullerødt 1604, Sullerud (Pl. Frosterud) 1723. Sør-søraust for gardshusa renn eit utvida bekkefar som mynner ut i ei grunn tjørn som no er i ferd med tørke opp. Forledd Suflæ-, Suflu-, Suflo- kring 1400 går utan tvil tilbake på ein variant av ss *suvvun(e)* "lon, hå, sel", her i overgang til *suvvul* etter same mønster som gno himinn >himill, jøtunn >jøtul osv og bøygd vidare etter mlno mønster. På motsett side av den same grunne vassamlinga ligg gnr 116 **Tykerud**, der forleddet mest truleg er tytjke- < dytjke- < ss *dietjke* adj "våt-, "blaut-". Sjølve vassfar-termen *suvvun*-, *suvvul*- finst i ei mengd variantar, og illustrerande er at frå innsjøen Savalen Tynset/Alvdal kjem elva Sivilla,

som lenger ned går over til å heite Sevilla.

**Sulerød** |*"sulerø*| er bnr 82,5 i Råde: Solurud c 1400, Sallerudt 1578, Sullerød 1723. Innmarka er ein stjernefigur med fire smale teigar delte av skogteigar av liknande form. Skriveformene sprikar sterkt, men realt høver likevel ls *suollo-*, ns *suollu-* "øy" = isolert parti (av skog, fastmark o.a.) Men Sulerød er eigentleg ein parsell av gnr 82+83 Akraberg (1330), og den formasjonen (åsen) er ei "øy" som ruvar mykje meir i landskapet, så tolkinga lyt stå open.

**Susebakke** |*"susebakke*| bnr 176,3 Eidsberg > bnr 276,39? IØ. Same førsteledd i **Suserud** |*"suseru*| Skiptvedt bnr 12,19+20? "Maaske af susa, om susende Lyd". Tolkinga er ikkje underbygd nærmare, det blir berre peika på namn der førsteleddet liknar. Forklaringa ligg nok i ss *tsoevtse* "snøbre, snøskavl, snøfonn (om sommaren)", nordlegare skriveformer *tsuobttsa* og *tsuopptsa* "snöfläck (i fjällen)"; andre skrivemåtar att *tsuoutsë*, *tsuoutsë* (Spiik, oslo 236). Kontrollerbare m.o.t. snøflekkear sommars tid er ikkje berre Susenfjellet i Hattfjelldal og åsen Susaren i Eidfjord, men også Suseberget gnr 86 i Lørenskog. Både Suserud og Susebakke har for sin del djupe søkk på innmarka der det venteleg tar tid før snøen blir borte, men her trengst kontroll.

**Suteren** |*"sutæren*| el. **Sutaren** er gnr 10 i Tune > gnr 2010 Sarpsborg: Suderen 1723: \**Sútarinn*, Skomageren ... Findes usms. ogsaa som Gaardnavn i Vefsen (udt. søttaren). Andensteds i Nordland bemærket som Navn paa et Skjær og paa et Fjeld". Dette stemmer nok delvis for spisse naturformasjonar som kunne minne om ei (skomakar)nål, td holmen Suteren i Nesodden, men har nok oftare vore brukt i overført om spisse skjer og grunnar som lett lagar hol i farkostar som måtte renne seg på. Meir sannsynleg for Suteren i Tune er at det var ein stad der dei førte folk over til Tangen på hi sida Glomma, merk ss *suvtedh*: sette (person) over med båt, ferje, (eller Malå: *sóotet* "zu wasser führen, überführen", "fara med en båt från en strand till annan" (Halász 1787:142). Det gjeld utan tvil også for **Suteren** bnr 218,6 i Rakkestad, med liten avstand til Skaustangen i Skiptvedt bnr 82,2.

**Svalerød**, sjå **Solerud**.

**Svikebøl** |*"svikebøl*| er gnr 15 + 16 i Hobøl: Swipubøle og Suipubøle c 1400, i Suipubøle 1408, Swebebøll 1520, Sviekebølle 1723. Rygh: «Gaarden ligger ved Hobølelvens Udløb af Søen Mjær, og der er intet andet Vandløb i Nærheden, som kunde have baaret Navnet». Rygh peikar dessutan på at «den nuv. Form er fremkommet ved Dissimilation, idet p af Hensyn til det følgende b er forandret til k», og han undrast om gardsnamnet inneheld gno *svipa* f som mannstilnamn eller kan hende var namn på ein straum i elva? Det siste treffer kanskje blink, for ss *suepies* vil seie «belagt med svak is».

**Sæves** |*ˈsæves*| er gnr 205 i Rakkestad. Notert i Sæfissi c 1400, Sewess 1520, Søuiß 1594, Seuis 1604, Sæffuis 1624, Sæwes 1723. «Navnet er enestaaende i Landet og klinger besynderligt», i flg. NG. Eit velkjent ord i samiske språk er ss *tsievie* (= Lap. Lex. tsewe) tettpakka hard snø, ls *tsievve*, ns *ceavvi*; til det svarar *tsieves*, adj *ceaves*. Tolka bokstavleg gir snø-termen lita meining, men nær elva ligg nordre Sæves på ein høg, smal rygg, med ein smal erosjonsdal i vest og den høge elvebarden i aust. Truleg kan *ceaves*, *tsäves* ha hatt fleire tydingsnyansar: «tett samanpakka», «samantrykt», «ihopklemt», «inneklemt» o.l.? Det høver òg for ein trong lokalitet på Voss kalla **Sævesgili**: c 1400 blir altså gardsnamnet i Rakkestad skriva i **Sæfissi**, og Rygh tenker seg at **-fissi** eigentleg er *-fyrsi* n (av *fors* m og *forsa* v.), men Buerfossen i elva ligg litt for langt opp til at det overtyder heilt. Samanhengen er snarare at garden på den smale ryggen mot elva ligg inneklemt til og at namnet Sæfissi beintfram tyder *tsäves sijjie* «inneklemt stad, snever lokalitet»? Fjernassimilasjon frå ustemt *s* to stader i denne sms. endra *v* til *f*.

**Søpler** |*ˈsøplær*| er gnr 153 i Eidsberg: i Søplom c 1400, Siøpler 1616, Søpler 1723. Søpler heitte også gnr 133 i Trøgstad, der notert i Søplom c 1400 og Søpler osv., ganske likt Eidsberg. Med omsyn til bekkefar og erosjonsdalar ligg begge gardane slik til at ein kunne tenke på ls og ns *suohpa* overgang, passasje, grunn stad i elv, i ls også om isbru, snøbru. Sisteledet *-ler* går nok tilbake på sørleg ss *laajra* (også *laajda*) «strekning, lei» < gno. *leið*.

**Tappelapp** |*ˈtappalapp*| Eidsberg bnr 113,12. Rygh: «Ukjendt Betydning; ikke gammelt Navn». Kan det siste vere rett? Bruket ligg like på sørsida av ein bekkeos med tjønnforma utvidingar, i kanten av Glomma, og bra nok høver ns *tappal*, gen. *tabbala* «Seebildung im Bache» (Utsjok), i Polmak og Karasjok *dappal*: djup kulp i stor elv, også om stille strekning mellom stryk i ei lita elv, dessutan om kulp med bakevje innved stranda (Qv 195). Ordet blir ikkje lenger brukt i ss. – **Tappalap** er klart rettare enn «Tappelapp».

**Tutturen** |*ˈtutturen*| Eidsberg gnr 102: i Totre og i Torttre c 1400, så Tuttullen 1616, Tutturen 1723. Rygh opplever det vanskeleg å sameine notidsforma av gardsnamnet med plantenamnet *turt* for ikkje å nemne gno *turturi* «turteldue»! Betre fungerer å vise til ns *duottar* «høgfjell» (mot ls *duoddar* «lågfjell») og ss *doedtere* høgfjell eller berre «forblåst fjell». Garden ligg for nordenden av (den i og for seg låge, men vide) Vardåsen = Bergeråsen. Dette er Østfold, ikkje over skoggrensa, men *duottar/tuottar* osv. er ikkje alltid synonymt med skoglaust fjell.

**Ugjestebye** [NB] |*ˈjæsteby*| Berg i Østfold gnr 90: Vgiestby 1593, Vdgiestebye 1604, Vgiestebye 1626, Ugjestebye 1723. – Sml. Ugjestrød |*ˈūjøstrø* (-re)|

gnr 51 i Vestby, Akershus, notert Ullgestrud 1350, Vgestarud c 1400, Wgestærud, Wgestarud 1420, Vgiæstærud, Vgestærud 1424, osv. I begge tilfelle meiner NG at førsteledd er «Mandsnavnet *Ulfgestr*, der forekommer oftere i Norge i ældre Tid og allerede i 14de Aarh. havde antaget den afslidte Form *Úgestr*, hvori vi have det i dette Gaardnavn ... I den nuværende Udtale er 1ste Stavelse sløifet, noget som af og til forekommer i norske Stedsnavne ... I nærværende Tilfælde kan det vel have bidraget til Sløifningen, at der i 'Ugjesteby' kunde synes at ligge en for Stedets Beboere lidet smigrende Betydning». Ssannsynleg nok, men i tilfellet Ugjestrød har ikkje heile første staving forsvunne, berre ein *l* (eit utbreidd fenomen); han har venteleg frå først av vore til stades også i namnet Ugjesteby. Det er derimot nokså tvilsamt at vi har med eit mannsnamn å gjere: ss *åelkie* er «skulder; aksel, fjellaksel», som også er notert i sørleg form *ul'ke*, som nok like gjerne kunne skrivast *ul'ge*, jamfør at dei tilsvarande nordlege formene ls *oalgge* og ns *oalgi* omvendt lenge vart skrivne med *k* (Qv 668): Terrenget begge stadene harmonerer med ei namnetolking bygd på deminutiv form *ulget(s)je-* «lita aksel». (Om tilsvarande nordlege former: oslo 145). Herifrå var vegen kort til ei norrøn omtolking til Ulfgestr, Ulfgeste-. – Grunnordet (ikkje i deminutiv) ser vi i bruksnamnet **Ulke** i Moss, i gardsnamna **Ulkenes** lik **Ulgenes** i Voss, og i **Ulkestad** [*ˈõlstā'n*], dativ *|-sta|* gnr 99 i Rissa i Trøndelag, skr. Ølchestad 1559, Vlckestadt 1590, 1618, 1630, Wlchesta 1626, 1664. Gardsnamnet **Ulgjell** i Farsund inneheld vel same førsteledd, men lokal topografi gjer at både gno *gil* og ss *gille*, *gylle* 'snau knaus' kan vere sisteledet der.

**Visur** [*ˈvīsʊr*] Borge gnr 63: a Vissur 1447, Viiswr 1475, Wissur 1593, Wißuer og Widsur ved 1600, osv. «Navnet er enestaaende i Landet», seier Rygh. Kartet over området viser at Visur og bruket Visurlia begge ligg i helling – ned mot eit flatt søkk i terrenget som temmeleg sikkert har vore ei tjønn, eller eit lite vatn. Merk at ss *viesedidh*, *viesehtidh* v er å «oppchalde seg, halde til», og ss *jaevrie* «sjø, innsjø» blir veldig ofte redusert til *-ure* i sms. Som døme kan nemnast eit namn Oslo-folk og andre kjenner godt nok, nemleg **Assurdalen** og Assurdiagonalen, som begge har namn av vatnet **Assuren** (førsteledet ss *aesie*: «skog-kledd ås») i Indre Follo. Forleddet i Visur står for sin del som i namnet Vishellaren i Røst.

**Volen** [*ˈvõln*] Marker gnr 124: i Wolenne c 1400, i Volin 1432, men Vollden (!) 1593 og Woelen 1604. Uttalen med *l* er nok eit norsk målmerke, men «Navnets Betydning [er] ukjendt». Best meining yter det adverbiale ls *vuol'len*, primært «nere (i bygden, på marken etc.)», men sekundært «nedanför (den plats där man står)» (Korhonen), ns *vuollin*. Garden ligg i småkupert terreng innved myr, og Volebekken renn sørover, der Volødegård er å finne og der låglandet har større utstrekning. Gardsnamnet oppfatta såleis kan ein saman-

likne med korte norske områdenemningar som «Øvra» og «Ytra». – Elles verkar det litt enklare å knyte namneforma Volen til ls og ns enn til ss *vuelie*, *vuelie-* «nedre-, ner-, som er nede eller under», jf òg ss *vualedh*, *vualadahke*, *vuelielaante* «lågtiliggande område». Det er for tidleg å gå inn på det fenomenet at ein tidt ser større likskap med nordlege samiske former enn med sørlege, men hugs då at i halvanna tusen år eller meir var sørsamisk isolert frå andre samiske språk og fekk sterkt redusert råderom.

## AKERSHUS

**Bamrud** |*bammru*| gnr 19 i Feiring > 242 i Eidsvoll: Bammerud 1666, Bamrud 1723: «Intet lignende Navn kjendes». Nei – men ss *baamere*, *bamere-raedtie* er «kanten av fjell; marbakke i innsjø», og her høver især ss *johken bamere* «bratt elvebakke», noko kartet tydeleg viser; ordet finst i variantane *pámár* (pamar), *pár(b)mu* (Qv 63, oslo 100). Her skal også nemnast **Pamperud** |*pampru*| eller like gjerne **Pamperrud** Bærum bnr 74,2, og Hole bnr 37,9: Ingen av dei attfunne på kartet, men Pamper- liknar ei omkasta form av gen. *pápmara* «elvbredd som hever seg litt» etc frå Arjeplig (oslo 150).

**Baserud** |*baseru*| Eidsvoll gnr 101: «Maaske af Bas i Betydning af Arbeidsformand». I lendet på Baserud i Eidsvoll og endå meir ved Baserud i Drammen er gjort store inngrep pga. vegbygging, medan Baserud i Hole Buskerud har naturlege hinder i terrenget, jf ss *baahtsedh* lik *baahtjedh* «sleppe fram (over eller gjennom eit hinder)», t.d. ei elv, evt «komme laus». Kun Baserud i Eidsvoll er matrikkel-gard.

**Bisler** |*bækkster*| Nannestad gnr 46: Beislar c 1400, Betzler, Beesleer, Beesler kring 1520, Besler 1557, Biedtzler 1578, Bießler 1594 osv. Etter lokal situasjon er det naturleg å oppfatte Beislar som ss *bæjjes* «opp, oppetter» + ss *laajr'* (dvs ss *laajroe*, *laajra*, *laajda* «lei, veg»), for di garden og vegfaret dit opp ligg høgare enn vegfara i dei lågare erosjonsgropene i nord og sør og aust. Leirbekken renn gjennom området, men lydleg er det tvilsamt å tyde førsteleddet som ss *læjrie* «leire», det ville neppe bli til *Lar-* alt ved 1400? Formene på *-leer* og *-ler* frå seinare tider kombinert med omtolkinga til gnomno *beizl* «beisl, bisset» kan ein ikkje legge vekt på.

**Bleikerud** |*bleikeru*| Trøgstad gnr 158,4 > bnr 758,32 IØ ligg i kanten av den (i utgangspunkt) skogkledde Kirkebyåsen. Dertil kjem **Bleike** |*bleike*| Fet gnr 45 > Lillestrøm bnr 445,6: skrivst Bleika c 1400, Bleyker 1520, Blege 1578, 1594, 1617, 1666, 1723. Og sistpå **Bleiker** |*bleiker*| Asker gnr 54-55 likeins Bleiku (akk) 1327, Bleikka 1329, i Blæiku, a Bleiku, Bleika c 1400, Blegen, Blegge 1617 og Bleege 1723. – Først må slåast fast at førsteleddet Bleik(e)-

ofte uttrykker det dei fleste ganske sikkert vil tenke på, nemleg gno *bleikr* «bleik, kvitleg»: **Bleikberget** i Steinkjer er eit utstikk på ei strandstrekning med samanhengande kvite berg, og **Bleikeberg** i Tinn er ei kvitleg fjellkant. **Bleikeberg** i Øystre Slidre er berre ein haug, men ligg i ei fjellside med lyse bergartar. **Bleikeberg** |'bleikebær| Eidsvoll gnr 26 har lite lyst berg ved heimehusa, der vil visst «-berg» snarare seie «fjell» i vid meining, for fjellområdet omkring er skogkledd, men innimellom er der òg mange lyse sletter, jf ss *pleajhkan* adj «naken, berr; blass, bleik, matt». **Bleikefjellet** i Lillehammer er ei hei med meir grisen skog enn i nærområda, så der dreier det seg om ss *plaajhkije* «flat, skoglaus strekning mellom fjellet og skoglandet», med annan ortografi *blaihkeje*, «slättfjäll» så vel som «slättmyr» (Mankok). Det siste råkar godt for **Bleik** |bleik| gnr 39 Andenes >Andøy, der tradisjonell genitiv forresten var |blæks-|. – **Bleikerud** i Trøgstad har slett innmark i skogkanten, meir hallande er innmarka på Bergerud tett sørom. **Bleiker** i Asker er svært nedbygd, men for det som igjen høver karakteristikken *plæhkie, pliehkje* (= Qv76 blēhkje) «mindre, skogløs slette»: «Her i Asker er det ikke let at forstaa Anledningen til Navnet», seier NG – men vanskelegare er å velje mellom dei ulike alternativ for **Bleike** i Lillestrøm.

**Bylterød** |'byltrø| Vestby gnr 105+106: Botildarud c 1400, Bielterudt, Beltterød 1578, Bylterud, og Belterud 1593, 1600, 1616, Bylterød, Bylterud 1723. Rygh seier: «Der synes ... ikke at kunne være Tvivl om, at Bylterød er det i RB. anførte Botildarud, uagtet Overgangen er noget paafaldende. Konsonanternes Omsætning (tl gaaet over til lt) har nok Sidestykker, men usædvanlig er Forandringen af Vokallyden (ó til ý)». Rygh tolkar Botildarud som Bóthildarruð, til kvinnenamnet Bóthildir, men meir sannsynleg står forleddet for ss *budteldh* = *budtelda*(hke) «kant, bord», ein term som går att i mange stadnamn og då særleg om rette rabb- og åskantar. I Vestby høver det klart for søndre Bylterød. Elles blir utmerkingane Bottel-, Boddel- o.l rundt om i landet skiftesvis assosiert med bottel- = «butelje» (flaske) og med mannsnamnet Botol(v).

**Bånkall** |'bånnkall| Østre Aker gnr 98 > Oslo: Barnakarlsrud, Barnakaltzrudh, Barnakalzrud, Barnakaalzrud c 1400, seinare Bondkald Ødegaard, Bonkalrudt 1617, Bondekall 1723: «Hører til de Navne, hvis sidste Led er sløifet i Udtalen i Tidens Løb, jfr. Vestby GN. 124. 1ste Led, *barnakarl*, betyder utvivlsomt, som paavist af Fritzner: en Mand, som har mange Børn». Den skeptiske vil lett spørje: Kva var vanlegare enn at folk hadde mange ungar? Lettare er å godta ein annan merknad om saka i NG: «Den i senere Tid brugte Skrivemaade Bondekald beror ogsaa paa en uheldig Forklaring». – Garden Bånkall ligg ned og sør av Bånkallåsen, der høgaste toppen var avrunda og vel 330 m høg, men med bratt hammarfall mot nordaust. Meir truverdig enn

at åsen fekk sitt namn av Barnakarlsruð nedst i fjellfoten – der det altså sat ein barnakar! – må vere at dette er ein hammar eller «klippe», i ls *gállo*, i ns *gál'li*. Forledd er ss *bávne*, *bavne* «tuve» med snau, runda topp (ls *bávnnå*), kjent frå talrike stadnamn, td. den koniske **Bonhammaren** i Bø, Nordland.

**Dytterud** |"dytteru| Eidsvoll gnr 215: Dytterud 1666 og 1723: «Det eneste Ord, man synes at kunne tænke paa til Forklaring, er Verbet *dytta*, dytte, tilstoppe, hvoraf mulig Dyttesund mellem Justøen og Fastlandet i Vestre Moland kan forklares. Her synes dog ikke i Stedforholdene at findes nogen Grund for et saadant Navn». Det siste er diskutabelt, for garden ligg like opp (og vest) av den tronge osen av ein bekk som fell ut i Vorma; masseuttak har endra landskapet. «Dytte» som norsk stadnamnelement beinveges er likevel usikkert, sannsynlegare er omveg via ty. *dicht* og no. *dikt* adv/adj og *dikta* v (NO I: 425-1426), òg kjent frå ls divtes, dik'tás attr divtes "tät (om båt, skor etc.; ej om t.ex skog)", sml. ls divtuk, divtug- attr divtugis «tät». **Dyttesund** i Lillesand og **Dyttedalen** i Kvinesdal er svært tronge lokalitetar.

**Ermesø** |"ærmesø| Frogn gnr 25: i Ylmasyni c 1400? Ørmaßyn 1360-61, Yrmyßenn 1390-1391, Hyrmißin 1444, Ørmisseim 1464, Hyrmassyn c 1470, Ermeßøe 1593, Ermesø 1600, Ermeßiø 1616, Ermesøe 1700; Ermesøløkka gnr 73 synest også å ha høyrte til Ermesø: «Sidste Led *vin*, første antagelig at sætte i Forbindelse med *ylmr* (ilmr) m., Duft, Vellugt». Ei temmeleg luftig forklaring, for ikkje å seie vågal, då alle seinare skriveformer har *r*; ikkje *l* i første staving. Ved første blick minner gardsnamnet om visse variantar av ss *årrome-sijjie* «buplass, nemleg *urume-*, *urreme-* (Hasselbrink) så vel som *arreme-sijjie*, men tvilsamt er at nokon ville finne dette høveleg som namn på ein særskild gard. – Tett vest for gardsbruka er det merke etter eit vassfar i form av ein bekk som før knytte saman tre vasspyttar med avrenn nordover til åa Storgrova. Naturleg er å tenke på ss *jarrem* var. *jerrem* nytta m.a. om «små sjöar eller stillvatten emellan försar», «tjernlignende utvidelser av en elv» etc, i fi dial *järämä* og *jyrämä* (Qv 37). Innføringa i **Ylmasyni** viser at preposisjonen nok kan ha «maskert» framlyden *j-* i *jerreme-* (genitiv), med-an **Ylma-** (med gammal «europeisk» *y*?) kanskje er feil for *jur'mε* «kleiner, runder, tiefer Teich in einem Moor» (Herjedalen). Sisteledd *-syn(i)*, *-sin-*, *-seim-* treng ikkje vere *-vin*, det svarar like snart til ns *suotnju* m var. *suonju* (Lyngen) «flat blautmyr med starr, men utan tuver, bekkar eller ope vatn» (Qv 824), i dette tilfellet med eit modifiserande forledd *jerreme-* av di myra likevel har nokre vasspyttar. Sml elles Vitterse, Vittersø i Vestfold.

**Eskerud** |"øşşeru| Nannestad gnr 1: Escherudt 1578, Eskerud 1594, Escherud 1666 og 1723, visstnok identisk med Eskibek i Nannestad nemnd c 1400, sml. Eskebekk |"øşşebækk| Borre gnr 25, Vestfold. Eskerud-namnet finst i



Ringsaker på Hedmark med, likeins i Drammen (Buskerud). Gjennomgåande er Eske- her, liksom når det gjeld Eskeland-gardane på Agder, i Rogaland og Hordaland, tatt for å vere det kollektive *eski* n «Sted bevoxet med Ask». Kanskje rett, men ein må òg ha i tankar ss *eskie* «fang» nytta topografisk på line med ns *aski* «fang», brukt overført om «flat stad mellom to fjellskrentar». Ein slik er det tett ovanfor vika **Øska** i Kaldfjorden i Troms og tett ved kollen **Øska** på Tindsøya i Øksnes, stader der askeskog ikkje kjem på tale. Så iallfall når det gjeld *Eskerud*-gardane er namnetolkinga ikkje krystallklar.

**Færstad** |*færsta*| gnr 16 i Nannestad: i Færekstadum 1316, 1392, Færekstad c 1400, i Færastodhom 1413, Ferrestadt 1557, Feerstad 1594, Ferstad 1666, 1723. Rygh: «Gaardnavnet Ferstad findes paa 3 andre Steder, i Os, i Strinden og paa Inderøen. Gaarden i Strinden skrives i MA paa den samme paa-faldende Maade, som denne i Nannestad findes skrevet paa de fleste Steder: af Færixstodom AB 33 118. Dette vilde forudsætte Færeksstaðir, med et Mandsnavn Færekr som 1ste Led. Dette Mandsnavn kjendes ikke ellers... » Topografien alle stadene høver framifrå med *vierak* el. *veärak* (Arjeplog), ss *vieräkë* (Sorsele) «kuperad mark med långa backar» (oslo 246).

**Galby** |*gælby*| er gnr 38-40 i Vestby: a Galabœ c 1350, i Galaby 1410, Galtby, Galleby 1557, Galby 1578, 1593, Galbye 1600, Galbye 1700, 1723: «kjener intet Stedsnavn ellers i Landet, som kunde formodes at indeholde samme Ordstamme i 1ste Led, uden det forsvundne Grændenavn Galaherað i Vestre Slidre». Rygh leitar etter eit elvenamn, og Vestre Galby ligg ved Solbergbekken, skilbakk mot Frogn: Ein stig fører dit ned, så mest sannsynleg må førsteleddet vere ss *gaalov(e)*, ls *gála(v)* = *gáladahka* «vad, vadestad».

**Gjeksrud** |*jækksrø*| Vestby gnr 17 og **Gjekstad** |*jekksta*| Sandeherred gnr 87-88 i Vestfold har dette sams at førsteleddet i gardsnamnet skrivst Geiks-, Gæiks-, Gexzrud resp. Geik-, Giæx-, Gæigh-, Gæik-, Gækstodom i 1300- og 1400-åra. **Gjekstad** |*jækksta*| Vestby gnr 46 viser derimot større formsprik på denne tid, med førsteledd Geirs-, Ger-, Gei- og Gyck (1500-talsformene Giek- og Gieck- ligg nærare namneformene for dei to andre gardane, i samtid). Dessutan blir det for Lium gnr 3 i Østre Gausdal nemnt ein gardpart **Giæiksgardr** år 1339. For Gjekstad i Vestby kan 1300-talsformene tyde på at mannsnamnet Geirr var opphavleg førsteledd, for dei andre gardane gjer skriveformer Gæiks-, Giæiks-, Gæigh-, Gæks- osv. dette lite usannsynleg. Kart pluss ortofoto synest snarare å peike mot ss *gajhkije* «tørt lende».

**Gukil** |*gukil*| Høland gnr 99: i Gautkilum 1325, Gudkiill 1557, Gudkiille 1578, Suttkiill ! 1594, Gudkiill 1617, Guldkiild ! 1666, Gudkild 1723: «Gaarden ligger mellem to Viker af Hemnessjøen, af hvilke ialfald den ene har saadan

Form, som pleier at betegnes med *kill*. Man synes vanskelig her at kunne tænke paa Mandsnavnet Gauti» (det er òg vist til gardsnamnet Gowthækiel i Røden sokn i Jemtland, nemnt år 1403). – Som sagt ligg Gukil mellom to vikar i Hemnessjøen, men eigentleg isolert midt innpå neset dei imellom, med husa fordelte på fleire knausar. Førsteleddet er helst ss *guovda* «fuktig gressvokst sted i skogen» eller aller helst med tyding som ls *guovda-* «som ligg i midten» = ns *guovdu*. Sisteledd *-kiil(e)* er sannsynlegvis ss *gille*, *gylle* grasgrodd knaus, av di knausane er blikkfang i eit elles flatt myrlandskap.

**Hekseberg** |*hækksebær*| Sørums gnr 86: Hixsabergh c 1400, Hyxebergh 1520, Hixeberrig, og Hexberre 1578, Hexeberig 1594, så Hixeberg, 1617 Hegßeberrig og Hexeberg 1666. – Rygh: «Neppe at sammenstille med Hegsum i V. Toten og Hexem i Holtaalen; det sidste skrives i AB. 48 s. af Hexene. Navnet bliver da enestaaende for 1ste Leds Vedkommende; jeg kan intet oplyse om dettes Betydning». Forklaringa er truleg at hixsa-, hyxe-, hixe-, hexe- er denasalerte former av ss *hingse* «ris, lyng», som i andre tilfelle er fornorska til *Høns(e)-*.

**Jerdal** |*jærdæl*| Røyken gnr 61 Asker: Hieredal 1528, Hierdall 1557 og 1578, Hiardall 1593, Jerdall 1617, Jerdahl 1723: Bekken som renn framom har ei stor utviding, men også trongt tilrenn og avrenn, merk ls *jarre*, ns *jarri* om «utvidelse av en elv, hvor vannet løper ganske sakte» (Qv 417 frå Kvænan-gen). I si eigentlege tyding «klump, knort, knute» og med tanke på haug og hump passar det òg godt for **Gjerdalen** i Arendal og i Våler (Østfold), for **Jerdalsheia** i Kristiansand, for **Jerdal** i Kvinesal ogf or **Jerfjellet** i Alver.

**Kaksrud** |*kakksru*| Kroer gnr 81>Ås: Kaksrud c 1400, Kaxrudt 1578, Kagsrudt 1600, Kaxrud 1723. Tilsvarende **Kaksrud** |*kakksru*| Nordby i Ås gnr 116: Kaxarud c1400, Kaxerudt 1578, Kagsrudt 1593,1600, Kaxrud 1723: «Navnet maa sikkert være det samme som GN 81, og den enestaaende Skrivemaade Kaxarud [maa] bero paa en Unøiagtighed». Endeleg også **Kaksrud** |*kakksru*| i Nannestad gnr 1: Kaxrud c 1400, Koxrvd 1520, og Kaxrud, Kaxrudt og Kaxrud 1578, Kaxrudt 1594, Kaxrud 1666, Kachsru 1723. – Resonnementet i NG er at «her har *fs* gaaet over til *ks*, som i mange andre Tilfælde». Ja, så i norsk, men det høver òg for ss *gaavestahke*, pl *gaavestahkh* «område der bekk gjer store svingar (brukt som reingjerde)», ei tolking som skilir rett inn for Kaksrud i Nannestad og Kroer og Kaksrudødegården i Ås. Ein kan aner her ei lydutvikling *gaavestah(k)-* >*kaavesta-* >*kafsta-* >*kaksta-* >*kaks-*. I Nordby sitt tilfelle var truleg Kaxarud tenkt skrive \**Kaxtarud*. Ei sak for seg er at *gaave* berre tyder krok, bøyg og også kan lyde *gåevie*.

**Katterud** finst fl. stader: Katterud i Eidsvoll ligg på stranda ved Vorma, bruket

Katterud i Aurskog-Høland ligg frammed ein stor bekk. Katterud i Nes og den gamle buplassen Katterud ein annan stad i Aurskog-Høland ligg på eller like ved bakkekantar. Jf ss *gaedtie* «strand» og *gaedtie-baarma* «elvebard» – så vel som ls *gádde* «strand, kant, rand; ytste delen av (berg, myr etc.)»

**Kongell** |*"kångæll*|, skrive Kongelv òg, gnr 88,1 i Enebakk: «Opkaldet efter den gamle By Konghelle (Konungahella) i Bohuslen, ligesom adskillige andre norske Gaarde», seier NG. Slik synest det då også å vere, iallfall i fem tilfelle: **Kongell** i Brandbu (Oppland) utt. |*"kångill*| er skrive Kongelffue 1616. Populær oppkallingsteori, men neppe heilt tilfredsstillande, for han inneber at ein må ty til meir finurleg forklaring av sms. gardsnamn der det same ordet er førsteledd, som **Kongelbekk** i Åsnes på Hedmark, **Kongelstad** i Vardal på Oppland o.fl. – Garden i Enebakk ligg like vest for ei myr med litt «ustrukturerte» bekkelar. Jf. derfor ns *goatnil* , som ikkje berre vil seie «bakevje», men også «still, straumfri stad i elv (eller bekk)». Stilt renn også vassfaret ved Kongelv i Horten, Vestfold. Ordet finst i Finnmark-variantar som goadnel, goannel, goadnel, frå Enare også koannjel og NB *koannil* «bakevje» (Qv 306). Stille vassfar har likeins **Kongelbekk** i Åsnes, **Kongelstad** på Oppland og **Konglevoll** i Lindås, og tolkinga fungerer like godt for sundet **Konglungen** i Asker og for **Kongelvika** i Måsøy.

**Kuskerud** gnr 46 i Sørumsund > gnr 246 i Lillestrøm: Sjå **Kuskmoen**, Hedmark.

**Kveise** |*"kveise*| er gnr 65 i Bærum: Kueiße 1489, Quesße 1666, Qvesse 1723. «Navnet er enestaaende. Oldn. *kveisa* betyr: Byld. Det kunde tænkes brugt i Stedsnavne om en rund Forhøining, ligesom det enstydige kaun». – I staden kan memnast på at garden Kveise ligg aust for den noko krumme Svartoråsen, medan Kveisebråtan ligg på vestsida, Dette, og så forma, kan indikere at Svartoråsen opphavleg er \**Goej'aesie* «krum-åsen», då med forledd som i ss *goeje-juelkie* «krumbeint, hjulbeint». Utviklinga \**Goej'aesie* > *Goejse* > *Kveise* blir ein parallell til den vi finn i ss *-goejhke* «(elve)stryk» > no. *-kveika*, best kjent frå det sms elvenamnet **Ustekveikja**, Hol i Buskerud.

**Kveisemyr** ein annan stad i Bærum ligg like på austersida av ein lang, noko krum åsrygg som no heiter Sveltåsen. – **Kveisebonn** i Lier i Buskerud er eit søkk som ligg like aust av ein krum åsrygg, på kartet utan namn. Endå eit døme er **Kveisemyrfjellet** i Valle i Setesdal, det òg med utprega krum struktur: I det tilfellet synest **Goej'aesie** «krum-åsen» > \**Kveise-* å stå for (denotere) åsen (fjellet): Dette har gått av minne medan det sekundære Kveisemyr har overlevd, dermed har fjellet fått nytt namn **Kveisemyrfjellet** av myra igjen (renotasjon).

**Kyken** |*kyki*| er gnr 51 Ullensaker: i Kykini 1362, i Kykin, a Kykini c 1400, i

Kykene 1403, 1404, 1413, Kykren 1510, Kyghen c 1520, Kickenn 1557, Kiugenn, og Kygenn 1578, Kickenn 1594, Kyechen 1666, Kycken 1723. Merknad: «synes at kunne sammenstilles adskillige andre Stedsnavne omkring i Landet». Her blir nemnt Kjeka i Fjelberg Kvinnherad med historiske skriveformer nokså like dei frå Ullensaker, enn vidare Kjeka i Skjåk, Kikja i Sauda og Kige i Halså Lindesnes. «Om Betydningen kan jeg intet sige». –

Kike i Halså ligg ved ei låg myrkrå mellom knausar og Kikja i Sauda tett framfor ei slik. Kjeka i Kvinnherad ligg òg tett ved ei skardliknande dalkrå, Kjeka i Skjåk ligg på ei rabb tett vestom ei krå av same art. Bruka Kikvika og Kikan i Åfjord (unemnde av Rygh) er nokså like i så måte, faktisk også Kykken i Gjerdrum, medan Kyken i Ullensaker snarare er prega av fleire små krær. – Namneforma Kjeka minner framfor alt om ns *čiehka* «hjørne, krå» = ls *tjehka*; ei meir utrygg form er *tjiahka* «vinkel» (Malå). Innslaget av skriveformer med y blant dei andre gard- og buplass-namna er ein viss vanske, så alternativet blir ns **čiehkat** v «gøyme, halde i skjul» = ls *tjehkat* = ss *tjehked* «gøyme, skjule»: Det spesielle med *i*, såkalt «mørkere i», er at ord med slik innlyd tidt har parallellformer med y. Dei før nemnde gardane ligg på eller tett ved dalkrær og søkk i terrenget.

**Luke** |*lūke*| gnr 66 Skedsmo > Lillestrøm: af Lukie c1400, Luge 1578, 1594, Logge 1617, Luge 1666. Tett vestom husa på garden er ei tjønn, sjå Mjøluken (neste).

**Mjøluken** |*mjølūken*| var bnr 68.7 Aurskog > Lillestrøm bnr 314.7: «Melrugen, Underbrug til Toreid 1666. ... Antagelig Mjølauki, Navn paa en Snyltevæxt paa Korn, Meldrøie». Tett nedanfor nyss nemnde bruk ligg det, på austsida, ei langsmal, bein tjønn. Bruksnamnet går nok på det og kan løysast opp som mjø-luken med *mjø* i tydinga mjó-, mjå- «smal» og *-luken* = *lóken*, < *lók* m (jfr sv. målf «pytt, tjørn, elvevik) om «samling av stille, grunne vassdammar (med usynleg avlaup); myrhol, dulp» etc (NO 7: 631). Til det ordet svarar til ss *lók(ë)h* pl «sumpmarker» (oslo 119, frå Herjedalen). Forma *-luken* kom opp i norsk ved at det skjedde framrunding frå *ó* til *ú* i mellomalderen?

**Ost** |*osst*| Haslum (Bærum) gnr 44: Ost 1330, Oost c 1400, Oust 1578, seinare Oest, Ost og Oust. «Betydning ukjent», men på søraustsida av øya stikk det ut to oddar i kvar si retning, det gjer at strandstrekninga liknar ein tverrbjelke. God meining gir å tolke Oster- som *ost'der-* <ns *vuost(e)-doar(is)* «tverrstengsel» el. «tverrliggar»< ns *vuostá* «(i)mot». I gno er bortfall av framlyd v lydrett i slike tilfelle, dermed vart **Oster** utan tilføydd *-øy* oppfatta som eit hankjønnsord: Det høvde ikkje som øynamn, så **Ost** med bortfall av endinga *-er* vart den naturlege løysinga. **Osterøy(ni)** i Hordaland har også ein særmerkt tverrliggar, som i det tilfelle er meir krokforma og stikk ut frå

nordenden av øya. I Skjåk allmenning har elva **Ostri** eit utvida far, med ei mengd sandbankar som for ein stor del ligg heilt på tverra, og **Osteren** lik Osterfjorden på Senja har to slike tverrstengsel: Eitt rev ved Osterneset ute i fjordkjeften, og så kjem Osterrevet lenger inn.

**Pepperstad** |*"peppersta*| Vestby gnr 49: i Piprastadom c 1400, Peberstad 1521, Peberstadt 1578, Peperstad 1593, 600, Pebberstad 1700. «Forklaringen ganske uvis. .... Af *pípari*, Piber, Musikant, kan Navnet neppe forklares, især fordi det maa antages at være ældre end dette Ords Indførelse i Sproget»(!) Gardane Ugjestrud, Løktås og Pepperstad ligg på smale skograbbar mellom to enno samanhengande skogområde, eitt i sørvest, eit anna i nord-aust. Namnet er utan tvil gammalt, sms av ss *bijjebe* «øvre» og *bertie*, *pertie* (= barte) «skogband, fjellkant» < gno barð. Det sms \**bijjb'*ber'- vart Pepper-

**Piro** |*"pīrō*| er gnr 115 i Eidsvoll. «Ukjendt Betydning», seier NG. Garden eller bruket ligg ved eit sterkt innsnevra parti av Andelva. **Pi-** helst kortform av ss *bijjie-* «øver-, øvre»; også **-ro** kan vere kortform, av ss *ruhtjie* elvetrengsel med sterk straum, stryk.

**Plåterud**|*"plåteru*| er gnr 82 i Lørenskog: Platterrudt, Platerud 1666, Plaaterud 1723: «Sandsynlig Plátararuð, af plátari, Sideform til platari, Harniskmager, Mand, som gjør Pladeharnisker, som de brugtes i den senere Middelalder», var Sophus Bugge si tolking. Flatlandet på staden gjer det vel så rimeleg å tenke på ss *ploehtoe* "stor myr", her liksom når det gjeld Kvålsplåtta i Audnedal.

**Påverud** |*"påveru*| Asker gnr 91: Paffuerud 1617 og Pofverud 1723: «Paaverud findes ogsaa i Nes i Hallingdal, og i Høland er der en Gaard Paavestad». Jf òg **Påverud** |*"på:veru*| Nes Nesbyen gnr 87: Paaverud 1657, Poverud 1723. Truleg har «*påvva*» lik ss *båvva* «bu, sæterbu» litt meir for seg enn at *påfi* "pave" her skulle vere brukt som manns-tilnamn.

**Ramstad** er gnr 436 i Lillestrøm, Akershus; så heiter òg gnr 33 i Nærøysund og gnr 173 i Tjeldsund. Alle stadene er det særst uslett terreng, så også kring ei lita slette i Lyngdal i Vest-Agder som heiter så. Derimot synest det ikkje å passe for Ramstad gnr 61-61 i Skjåk i Oppland, men urdane i fjellsida oppfor nettopp den garden gjer meir av seg enn på grannegardane. Truleg svarar førsteleddet i alle namna til ns *rámšku* «svært ujevnt terreng med humper og fordypningar» eller evt ns *rámšu* i same tyding (Qv 695, 696).

**Rommen** |*"romme*|, |*"rommi*| er Aker gnr 97: i Raumini RB c1400, Rommenn 1578, 1617, Rommen. – **Rommen** |*"rommi*| er også namnet på gnr 89 i Nes: i Raumine, i Raumini c1400, i Romene 1499, Rommenn 1578, Romer(!)

1594, Rømmen 1617, Rommen 1666, 1723. – Rommen i Aker ligg mellom Fossumbekken og Tokerudbekken, Rommen i Nes ligg ved Vinger(s)-vassfare. Rygh tolkar begge namna som gno. \*Raumin, sms. med -vin. – Knytt til omtalen av Rommen må nemnast to andre gardsnamn av same opphav: **Romsaas** |"romsås| Aker gnr 6 (ved elva Alna): Rombaas 1578, Romsaas 1723. Er tolka som gno \*Raumsáss av Rygh. Same namnet har Ullensaker nr 56-57: I Raumsase 1349, i Raumsaase c 1400, Rwmssoss, Ramssass c 1520, Rambaas 1557, Rumbaais c 1575, Romsaas 1578, Rombaas 1594, Romsaas 1666. Ligg ved elva Hynna, blir likeins tolka \*Raumsáss. Endeleg må også nemnast **Romsaas** |"romsås| Ringebu gnr 90-92, Oppland: a Raumsase 1341, i Raumsase 1349, a Raumssasum 1390, i Rawmsasom 1402, a Raumsasom 1458, Ramsoss 1520, Rombaaß 1578, 1594 Rumsaass, Romsaas 1604, Romsaas 1668, Romsaas 1723 (garden ligg ved elva Tromsa).

Namnekomplekset er ovende stort. Det rører ved elve- og kommunenamnet **Rauma** så vel som gno **Raumelfr** om nedste delen av Glomma, enn vidare elvenamnet **Tromsa** (Namsskogan og Ringebu), og Tromsa som holme- og øynamn, då særleg Troms = gno **Trums** som tradisjonelt nordnorsk namn på Tromsøya, Tromsø by medrekna, = ns **Romsa** (sjå NoStleks.) I samband med Raum-namn må også peikast på gno *straumr* = fi. *rauma*. Å evt. drøfte dei "akershusiske" gardsnamna Rommen og Romsås utan omsyn til resten av komplekset er rådlaust.

**Skjelmerud** |"sjælmeru| Ullensaker gnr 23: Skalmarud c 1400, men Skelmerud 1617 og 1666, Schielmerud 1723. Sml Skjelmerud |"sjælmeru| Grue gnr 71, på Hedmark: Skelmerud 1616, Skielmerud 1667 og 1723. Dessutan Stabekk alias **Skjelme-Stabekk** |"sjælmestabækk| Haslum gnr 13-17 Bærum, «ogsaa tildels kaldet |"sjælmeru|». Det første Skjelmerud har vi i vasskilet mellom Ullensaker og Sørumsund, deretter kan nemnast **Skjelmhaug** i skilet Eidfjord – Ullensvang og **Skjelmarhaugen** [-are- <-vaerie-] i skilet Granvik – Ulvik. *Skjelm(e)*- er neppe anna enn ss *seälma* (var. *tseälma*) "tröskel", med eit anna ord "vattendelare" (Mankok), jf lulesam. *sjiel'ma* "tröskel", "låg ås som går tvärsför ett bergs fotutsprång, vattendelare (särskilt högsta punkten uppe i en dalgång)". I klart lokal tyding ser ein det siste i **Skjelmedalen** i Flekkefjord, likeins attmed **Skjelmerud** i Grue.

**Skorkeberg** |"skørkebær| Frogn gnr 11: firir Skurkubergh 1365, i Skurkuberghi 1372, Skorckeberrig, og Skorckebergh 1578, Skorckeberig 1600. «Uvis Opprindelse og Betydning», men skriveformene liknar på ns *skur'če* «smalt sted i elv med hele og bratte bredder» også *skur'čâ*, *skur'čo*, i Frogn sitt tilfelle heller «kløft med bratte sider» (slik som i Ofoten etc., jf Qv 786+785). Vest for garden Skorkeberg er fleire kliper, bergsøkk og skard. Merk og at Skor-

ka er fjellnamn eit par stader på Agder og i Møre-Romsdal.

**Sludderud** bnr 22,5 i Enebakk (no Lillestrøm bnr 477,5) ligg isolert på sørsida av Vindlandstjernet: «Aabenbart temmelig nyt Navn; efter et Tilnavn?» Det ss *sluehtie* 'slätte, utslått' kan tvert imot tyde på at namnet er nokså gammalt.

**Soprum** |*"sōprom*| gnr 140 Høland > Aurskog-Høland: i Suapræimum c 1400, seinare Suaprin, Snapperem! 1578, Suaprem 1594, Suaprim 1617, Saprim 1666, Soprim 1723. Helst ei sms med ss *-heajme* el. *-hiejme* «-heim». Vegen til garden kjem frå nordvest over eit lite stryk i elva, og naturleg er å tenke på ein sørleg variant av ns *suohpa* «overgang, grunn stad i elv; stader der folk og dyr kan sleppe over eller forbi noko; passasje». Fonetisk minner skriveformene på Suap- mest om ss soahped «overgang, skard» (Qv 831).

**Stefferdud** |*"stæfferu*| gnr 24 Feiring > Eidsvoll: Stæppansrud c 1400, Steffanrvd 1520, Steffueredt 1593, Steffensrud 1617, Stefferud 1666 og 1723. Rygh tolkar namnet som «Stefansruð (Stephansruð), af Mandsnavnet Stefan (Stephanus)». Rygh jamfører Steffarud Aurskog-Høland bnr 46,3 – og **Stepperud** |*"stæpperu*| Vestre Toten gnr 25: Sthepperud 1595, Stepperud 1592, 1604, 1616, Steperud 1669, Stæpperud 1723 «der dog maaske» er Steppi, kortform av Stephan(us). Her kan seiast at 'stæppe' like snart er ss *staabpe* «stabbe» (hoggestabbe), med tanke på dei rundvorne berga på Stepperud. At Steffarud kjem av Stefanus er sannsynleg nok, medan Stefferud ligg ved sørenden av Mjøsa, det gjer at ein må ha i minne likskapen med ns *staf fu* «stø, båtlending» <urn. \*stapwō medan den formelle avstanden til ls *stárffo* og ss *staarhvoe* 'stø' fortonar seg større.

**Såner** |*"sånær*|,|*"så:nær?*| er gnr 19 i Vestby: a Husæby 1347, i Husaby 1348, i Husæby 1349, a Husaby 1349, i Husaby 1368, i Husæby 1391, 1399, 1402 , a Husaby 14422, Hußeby 1593, Husby 1600 og Husebye 1723. – Rygh: «Medens Gaarden nu kaldes Saaner, skrives den, som man ser, fra 1347-1723 stadigt Huseby. At forklare dette paa den Maade, at Huseby skulde være det oprindelige Navn, og Navnet Saaner siden overført fra Bygden og Sognet paa Gaarden, hvor Kirken stod, synes lidet rimeligt: en saadan Navneforandring kan neppe heller paavises andensteds. Sandsynligvis hænger det saaledes sammen, at Sånar er det gamle Navn, som engang i den tidligere Middelalder af en Eier er blevet ombyttet med Húsabýr .... Som det ofte gaar, har det nye Navn dog ikke helt fortrængt det oprindelige og tilvante, der fremdeles har holdt sig i Brug i Bygden og tilsidst har gjenerobret sin gamle Plads, saa at Navnet Huseby nu kun eksisterer paa Papiret. – Om Betydningen af det visselig meget gamle Navn Sånar har jeg ingen Mening. Det ligger nær i Stammen *Sán-* her i Vestby at søge et Elvenavn, der da en-

ten maatte tilhøre den lille Elv, der løber forbi Kirken, eller selve Hølen-Elven, hvori den ikke langt nordenfor falder ud. For den sidste Antagelse taler, at ved den sidste Elvs Udløb i Fjorden ligger Ladestedet **Son** (udtalt med langt, lukt o, skr. **Soon** 1410 i DN. V 331), ogsaa vistnok opr. Gaardnavn, som man vanskelig kan undgaa at sætte i Forbindelse med Sånar, og som vel lydlig ogsaa kan forenes dermed. I samme Form som i Saaner have vi vel denne Stamme i Saanum i Halsaa Sogn ved Mandal; til Formen Son svarer Elvenavnet Són, nu Sona, i Stjørdalen (AB. 40). Ogsaa Sønnavnet Soneren i Sigdal hører mulig hid».

*savō* el *savōi* el *savōn* el *savvun* (Gällivare og Jokkmokk) er «sel, lugvatten mellan två forsar i älv el å». I Jokkmokk har *savvun* den nemnde tydinga, men *savōi* er «jämn, lugn, ganska stark ström i älv el. större vattendrag i rätt stark lutning; man kan vada och även ro över *savōi*» (Grundström 943). Allmenngyldig er ikkje "mellan två forsar": *savú*, *savún*, *savúi*, *savív*, *savvun*, gen *savvuna*, ss *suvvënë* (i jf med fi *suvanto*) er utlagt som «sel, lugnsträcka i älv eller å»; sv *sel* er, i Norrland først og fremst, «bred, stundom sjöliknande del av älv med lugntflytande vatten» (oslo 190, SAOB). Forma *suvvënë* blir på normert ss skrive *sovvene* og forklart som «hå, lon, stiltflytande utviding av elv».

Mellom sjølve **Soneren** i Sigdal og den såkalla Kråkefjorden flyt **Sundet** stilt; Sundet heiter også det eine av 2-3 tronge renner ved Sånum i Halså >Lindesnes. Frå Østre Sonvatnet i Stjørdal (delvis Meråker) renn den like stille **Silra** til Ytre Sonvatnet: Vatna blir vel i røynda sett på som eitt og har ss namn **Suvnvahne** (Hasselbrink). Herifrå renn elva **Sona**, kanskje primærnamnet: Mellom bruka Øyster-Sona og Ner-Sona i siste del av elfefaret er ei elveutviding kalla **Langhølen**. Det siste fører oss atter til Vestby, der den markerte utvidinga i vassfaret også heiter **Hølen**. Elva har fått att sitt gamle namn **Såna**, og det ser ut til at Soon var opphavleg namn på Hølen, men glei over til ladestaden ved sjøen (såkalla denotasjonsending) – og at Såner eller rettare Sånar? vel var elveutvidingane lenger opp, mellom Såner kyrkje og garden Fosser. – Omtvista er om **Son** eller eldre form **Soon** er mest korrekt? Interesserte kan merke seg at *sauwon* i varianten *soon* (uttalt med lang *å*) er særskild oppslagsform i Lexicon Lapponicum (s. 427). Samandraging av ss *sovvon* (Sorsele-variant av ss *sovvene*) vil derimot pga annan ortografi gje *soon* (uttalt med lang *o*).

**Taugland** |'tauel'n| Ullensaker gnr 146 + 147: Toghaland, i Toghaland c 1400, Tawlen og Togelund kring 1520, Tofflenn 1557, Thoullen 1594. så Togland, og Thofflen 1617, Touglund 1666, Toulund, Touglund 1723. Rygh: «Det bliver efter de ældre Skriftformer usikkert, om Togaland eller Togalund er den



opr. Form. Overgangen fra hvilkensomhelst af disse Former til den nuv. Udtaleform er meget paafaldende; særlig er her paa Romerike Ændring af *og*, med kort Vokal, til *au* usædvanlig». – Ein kan undrast om vinglinga mellom skriveformer *-land* og *-lund* var forsøk på fortolking, og om den overleverte uttaleforma har vore heller uendra i lang tid? Eit namn med skriveformer som delvis liknar er **Togstad** |"tåkksta| gnr 127 Nes Akershus: i Togastodum (øvre) 1339, i Toghastadhom c 1400, Tagedsted 1499, Tagedstادت 1557, Togestadt 1578, Toggestadt, Thoustadt 1594 og Togstad 1666. – Særmerkt for Togstad er, at frå og med Togstad-gardane og sørover har Dyståa ei rad svingar og krokar. Det har òg elva Leira ved Taugland i Ullensaker, over ei lang strekke og med større utslag, legg så til at ns *dávgi* (= ss *davhkese*) vil seie «boge». Dei eldste skriveformer av begge namna går ut på *Togha-*, truleg pga tidleg overgang á > å i norsk, attåt bøyinga som lint hankjønnsord.

**Vernhus** |"værnus| Vestby gnr 39: "Vistnok temmelig nyt Navn. Kan komme af Mandsnavnet Værn, der vel er en Forkortelse af det tydske Werner." – Kan vere så, men garden ligg på ein austvend skrent med ein bekk nedanfor, jf derfor også ss *viernge*, *vearnga* "den øvre kanten av helling (ned mot elv)".

## HEDMARK

**Asla** |"assla| Ringsaker gnr 8 og 9: 1520, Aaßlaag 1578, Aßlagh 1593, Asslach 1604, Aßlaff 1616, Asla 1669, Asla vestre og østre 1723. NG meiner sisteleddet ikkje kan vere *lag* n i tydinga «fiskeplass» eller hamn, men at «1ste Led kan være afkortet Form af *áss*, Aas, da Gaarden ligger paa Skraaningen af en saadan». I ei rad tilfelle får faktisk ss *aesie* «skogkledd ås» norsk uttale *Ass-*, og i åssida ovanfor Asla ligg partane Aslasletta, Nybråten, Nysvea. Så truleg er sisteleddet (òg skrive *-laag*, *-lagh*) ikkje noko anna enn ss *slaajoe* el. *slaaja*, *sleaja* «slått(onn)», "slåtte".

**Barkald** |"barkall| Lille Elvdalen gnr 13 > Alvdal: Barkalden 1723. Garden ligg på nordsida av Glåma, tett attmed den nokså tronge Urstrømfossen. **Barkalden** |"barkallen| er gnr 32 i Steinkjer, før Sparbu. Sørvest for garden er det eit djupt og trangt skard i fjellet, men det spørst om ikkje den garden kan ha fått namn av to djupe nedskjeringar i åsryggen (bergryggen) som han ligg på sørenden av? Gardsnamnet er ss *båarkeldh* (båarhke, båarhke) «fjellpass». Til parentesformene av grunnordet svarar ls *boarkka*, ns *boatka*.

**Byen** |"byen| gnr 308 i Ringsaker > 108 i Lillehammer: Byen 1669, 1723: "Jeg ved ingen Forklaring paa Navnet. Er Opgaven om Udtalen ved næste No. [ved bnr 308,2 *Byenstugua* = *Stugua*] paalidelig, skulde *-en* ikke være Artikelen og maatte da snarest være opstaaet ved Afkortning af en opr. fyldigere

Endelse". – Her kan føyast til at også 2-stavings tonelag (tonem) tilseier at det ikkje er tale om *by* m, snarare eit ss *bijjene*: adv oppe, der oppe, ovanpå, ovanpå, øver-. Vel kan ss *byjje*: dalskråning, li òg komme på tale, men det ordet er i alle fall ikkje ordbokført med genitiv *\*byjje-n-*, og **Byenstugua** |*"byenstugua*| bnr 308,2 > no bnr 108,2 (kortform Stugua) i tyding 'øverstua' eller 'oppstua' lyder norsk, og tonem 2 i denne sms er det som kan ha slått inn også i primærnamnet *\*Bijjene* > Byen.

**Dotterud** |*"dåttru*| Løten gnr 52: Dotterud 1593, 1616, Daaterud 1669, Dotterud 1723. Førsteleddet dss som i **Dottetorp** |*dåttetørp*| Rakkestad (Østfold) gnr 61: Dottorþorp (lille) c 1400, og Dottetorp 1624 og 1723. – Meir avkorta er **Dotset** |*"dåset*|, |*"dåttset*| Vestre Toten (Oppland) gnr 119: Datset 1669, Dotset 1723. NG nemner også «de forsvundne Navne» Dottorþorp i Berg og Dottobyrd i Feiring. – Førsteleddet i Dottetorp liksom i dei andre blir utleidd «af *Dóttir*, Datter, der i Sverige og Danmark findes brugt som Kvindenavn i Fortiden. og kan have været brugt saaledes ogsaa i Norge». Men former som Dottor-, Dotter-, Dot- har snarare eit topografisk innhald: ns *duottar* tyder «høgfjell, tundra», mot ls *duottar* «låg fjäll stora släta områden», fjell(vidde) meir allment. Det siste gir god mening for alle dei tre utkantgardane.

**Duenger** |*"duænger*| er gnr 54 i Nes (Hedmark) > gnr 586 i Ringsaker. Blir notert Duffue Enng 1604, Du Enger 1669, Duenger 1723. Ligg inntil gnr 585 Enger. Om Duenger blir sagt: «En Part af Enger, som har faaet Særnavn efter en Mand med Tilnavn *dúfa* (Duen; jfr. K. Rygh S. 12), eller efter selve Fuglen». Likeins om **Dufset** |*"duffset*| Vang gnr 42 og 43, no Hamar: Dufsetzetter HC, Duffset 1669, Dufset vestre og østre 1723. Her heiter det: «\**Dúfusetr*, af *dúfa* f. Due; neppe at forklare af selve Fuglenavnet, men af dets Brug som Tilnavn». – Bakgrunnen for desse to gardsnamna er truleg meir jordnær: Duenger ligg i åssida framfor Enger, jf ss *duvve-*, *duvvie-* «ytter(kant)-». Relasjonen gardane imellom har gitt namnet. Anleis med Dufset, for di valdet til Dufset-gardane gnr 42 og 43 strekker seg langt oppetter åssida, om lag som nabogardane gnr 48 Sleperud og 49 Kirkeby, medan Ormsætra (primært ikkje gardsnamn) er gnr 50 og siste garden i Vang. Såleis blir *duvve-*, *duvvie-* «ytter(kant)-» ein naturleg karakteristikk for begge gardane. Endå tydelegare er dette for **Duenes** bnr 79,9 i Marker (unemnt i NG) og for naturnamnet Duenes i Kongsvinger.

**Finnsal** |*"finnsāl*| (= Finnsalødegården) var gnr 8 Vang, i dag Hamar: Blir skrivne Finsuolæ 1318, Findsalp 1520, Ffynsall 1566, Findtzsall 1578, Finndsall 1593, Findball 1604, 1669 med Vestvang uteng, og Findsahl med Marche stad Ødegaard 1723. Finnsal høyrer til same grenda som Dufset, og Rygh løyser opp namnet som *\*Finns-váll*, d.e. mannsnamnet *Finn* i genitiv pluss

gno.\**váll* 'stuvar og røter av felte tre'. Han har eit visst grunnlag for dette i skrivemåten a Finsuolæ i 1318, men denne kan òg forståast el. løysast opp annleis, som *finn-sååle*, [evt. *-soole*, Hasselbrink]. Forma *-suolæ* frå 1318 er praktisk talt dss *-suola* (Louise Bäckman), ikkje om *sååle* «øy, holme», men om «isolerat parti fastare mark i en myr» (oslo 213). Finn- er knapt anna enn folkenamnet (same), og skriveformene med med unnatak for dei to eldste minner mest av alt om gno *salr* m «hus med eitt rom».

**Fjellmora** |"*fjellmōra*| heiter bnr 31,23 i Elverum, jf Granmora |"*grānmōra*| gnr 89 i Ålen, Sør-Trøndelag: "Sidste Led er det af Aasen og Ross fra Østerdalen opførte *Mor* f, liden Skov, Skovland, Skovsnar; Granmor altsaa: en liden Granskov. Forekommer i mange Stedsnavne i Østerdalen, Mora i Trysil og Aamot, Fjeldmora i Elverum o. fl". Sjå oppslag **Mora** lenger fram.

**Flesaker** |"*flesaker*| Veldre gnr 11 Ringsaker: a Fylkishaugi 1344, 1348, vidare Fylkesager 1520, Filkisaager og Filckisagger 1578, 1593, Filckisager c 1575, Følckisagger 1604, Flißager 1669, Fliisager med Flislie Engeslet 1723. – Veldre kyrkjestad og sokn heiter likeins Fylkisaugs s. 1407, Fylkæs-aukx, Fylkiasaukx, Fylkæsaugs s. 1448, Fylkessaug s. 1475, osv. Rygh forklarar slik: «I 1ste Led har, som det vil sees, en Omsætning af Lydene fundet Sted, idet l er flyttet foran Vokalen i 1ste Stavelse. Samme Forandring findes i de fleste af de andre Tilfælde, hvori man sikkert eller sandsynlig har det samme Forled» – her er nemnt Flikkeshaug V. Toten, Flekshaug Norderhov og Flesåker Øvre Eiker: «Fylkis- forudsætter et Intetkjønsord fylki eller et Hankjønsord fylkir. Begge findes i det gamle Sprog, det sidste i Betydning af Konge, Fyrste (kun i det poetiske Sprog), det første som bekjendt Betegnelse for de Landskaber, hvori Norge var delt i MA. Ingen af Betydningerne synes ret at passe til de anførte Stedsnavne, hvis Forklaring derfor bliver uvis». - Kanskje ikkje slik likevel: For desse namna så vel som **Fylkesneset** på Bømlo og for **Flekshamar** på Karmøy passar upåklageleg ss *vuelehks* (predikativt *vuelehke*) «låg; lågtliggande».

**Furderud** |"*fulderu*| gnr 19 i Brandval >Kongsvinger 92: Furderud 1723: «Til Forklaring af dette enestaaende, vistnok gamle Navn frembyder sig ikke andet end oldn. *furða* f., noget forunderligt, – ogsaa brugt i Betydning af: Tegn, Varsel om noget forestaaende. Opr. Form isaafald *Furðuruð*». Men landskapet på staden tilseier at vi må leite etter ei meir konkret forklaring: Det er låglendt og flatt frå Glomstadmyra og nordover, så *Fulde-* er snarare ss *vualadahke* (kortform *vualed*) «låglande», sml omtalen av Flesaker.

**Gollersrud** |"*gøllersu*| gnr 3 Romedal >Stange: Gullisrudt 1578, 1593, Gullisrud 1604, Gollisrud 1669, Gaallersrud 1723. Bruket ligg like ved Svartelva, namnet går godt i hop med ss *gööles* "gunstig for fiske", *gööleme* "fisking"

og *göölige* (= *fæskere*) fiskar, men framfor alt med ss *gualijes*, *gualijs* adj (også *guelehs*) adj "fiskerik".

**Jessheim** *["jessheim]* er tettstad i Ullensaker. Gno *Jasseimr*/*Jesseimr* vart brukt som namn på Hovin sokn: «Jessum Annex» er nemnt så seint som i 1636. Rygh skriv i 1898 at «Navnet er gaaet af Brug, men erindres dog endnu i Bygden som tidligere brugt (udt. Jessom med lukt e)», opplyser «Norsk Stadnamnleksikon». Utt. *jess-* liknar ss *giesie* «sommar», jf *giessè-häib'ma* «Sommerwohnplatz», sommarbupl. (W. Schlachter, «Wörterbuch des Waldlappendialekts von Malå»). Gno *heimr* opptrer ikkje reint sjeldan som lånord i ss. – Førsteleddet *Jess-* finn vi også i gardsnamnet **Jessnes** *["jessnes]* gnr 265-267 i Ringsaker: Jæsnes 1346, så *Jesznes* og *Jeßneß*, seinare *Jessnes* 1578, 1593, *Jesnes* osv. Trass i den aller eldste forma på Jæs-*aner* Oluf Rygh «Sammenhæng med det i Bd. II S. 334 omtalte gamle Bygdenavn Jessum (*Jasseimr*, *Jesseimr*) i Ullensaker». Det som ovanfor er sagt om *Jessheim*, burde då også vere relevant for *Jessnes*.

**Gjesåsen** *["jesså:s'n]* er soknenamn i Åsnes: Kring 1400 går Synsterud gard for «synzsta Rud i Gæisase»: Skriveforma med diftongen *æi* tyder på at det her var tale om ss *gaejsie*, som rett nok skal stå for «høg, bratt fjelltopp», men også for «støyt, støt» fjelltopp med tverr eller bratt side (NO 11: 42). Det høver godt på den 329 m høge toppen av Gjesåsberget.

**Gullkunnrud** *["gullkunnru]* gnr 37 Stange: *Gulkonnærud* 1334, *Gulkonnarud* 1361, *Gulconnærudh* 1415, *Gulkonnarudh* 1440, *Gwlkwnerut* 1521, *Gwlkwnnerut* 1521, *Gulkunnrudt* 1578, *Gulkunnerud* 1593, *Guldkunnerød* 1604, *Guldkundrud* 1669 og *Gulkunrud* 1723. – Kartet viser fleire djupe groper kring garden som tyder på at der har vore fleire tjønner i kontakt med bekken på sørsida: ss *guelie-tjonne*, *-tjåånne*, *-tjönne* vil seie «fisketjonn», og dei fire eldste skriveformene av gardsnamnet hallar klart nok i den lei, jamfør former som *čanna* frå Meråker, *čanne* frå Herjedalen (Qv 158b). Dei yngre skriveformene minner mest om *čunna* frå Snåsa. Avvikande er mlno skrivemåte *-konna-*, *-konnæ-*, *-connæ-*, då ikkje berre av di gno. *tjorn* tilseier *-tjarna-* i gen. pl., men òg av di skrivemåten med *k* (med ein «trong» eller lite palatal *kj*?) vel inneber at skilnaden mellom *tj* og *kj* var uskarp alt då. Jf at uttalen av austlandsk *tj* i ord som t.d. *tjeneste* også kan lyde *trong*.

**Hjelthjelt** *["jæltjælt]* gnr 97 Nes > Ringsaker gnr 628: *Hielckieldt* 1593, *Hieldkiell* 1604, *Hieldkielt* 1616, *Hieltkielt* 1669, *Hielkielt* 1723: «Jeg kan ikke forklare dette besynderlige Navn». – Garden ligg under søraustre enden av ein lang og etter lokale tilhøve ruvande ås, c 317 m høg, med lang og bratt austerkant nord mot Stavsjøen: Noko uventa er at Gammelgard er avmerkt på toppen av åsen. Sisteleddet i det fornorska namnet *Hjelthjelt* kan kor som

er vere ss *gealta*: samanhengande langstrekt fjelltopp (el. sjølve toppen av høge fjell, med snø). Opphavleg førsteledd var vel ss *jillehtje* vester-, vestside. Denne åsen i kontrast til dei litt høgare toppane ved gardane Berger og Heiberg lenger aust var altså vestre fjellkant, \**Jillehtj(e)-gealt(a)* > Hjelt-hjelt?

**Illgo** |*illgō*| Nord-Odal gnr 10: i Illagodho c 1400, Illegaat 1617, Ilgoe 1723. Rygh seier: «Efter RB. skulde den gamle Form være Illagóða, der ser ud som en S sammensætning af to Adjektiver af modstridende Betydning, illr og góðr. Det synes ikke muligt at faa et Navn af rimelig Mening ud deraf. Man kunde derfor, med nogen Støtte i Formen fra 1617, gjette, at Navnet i RB. var feilskrevet (*d* for *t*), og at dets opr. Form var Illagata, den onde, daarlige Vei». Her melder det seg ei alternativ tolking: Ein stig går opp frå Illgo til Furuberget (det kartet kallar Illgosvegen er nyare). Dei to skriveformene i Illagodho og Illegaat liknar jo tydeleg på ss jillie-gaatoe eller -gaata «vestre veg», her truleg om gota, guto (for krøtter). Det går nemleg ein liknande stig opp åsen frå grannegarden Hanor litt lenger aust.

**Imeslund** |*emmæslunn*| kortform |*lunn*| Vang (Hamar) gnr 29-31, «Imerslund» på karta no: Skrive Ymslundt 1520, så Imiðlund, og Imislund 1578, Imiðlund 1604, Imislund, sistpå Emeslund 1723: «1ste Led synes at være Adj. *ymiss*, der nu i en Del af Landet lyder "imis" og tildels skrives saaledes allerede i norske Haandskrifter fra MA. Adskillige norske Stedsnavne synes at have sin Oprindelse af dette Ord. Efter sin Betydning: afvexlende, foranderlig, snart saa og snart saa ... i Navne paa Steder med stærkt vexlende Naturforhold». Rimelegast er å forstå gardsnamnet i lys av vegetasjonen i **Imeslundmarka** i nordaust: Det er sikkert tale om lund(ar), men tolkinga \**imislundr* blir meir tvilsam. Det er ikkje eingong sikkert at skrivemåten med **I-** er påliteleg, når uttalen har (trong) e. Når sisteleddet er *-lund*, burde førsteleddet seie kva vegetasjon det går på, og ss *aajmeth* eller *aajmute* (her med norsk genitiv på *-s*?) tyder «dichtes Gestrüpp von Weiden und Birken» (Hasselbrink198f), «lang strekning med vidjekratt langs elv», og Emmælsviser at ordet i ettertid har fått innskoten glidevokal *l* framfor *s*. Rett nok var det her å forvente at ss *aajme-* fekk ei tilsvarande «norsk» form på \**eime-*, som når ss *aajla* (omvendt) kjem av «heile» (hjerne), men i hedmarkmål har som kjent diftongar ikkje noko stort rom.

**Kapstad** |*kappsta*| Eidskog gnr 44-45: i Kappastodum RB, Kaptestadt 1557, så Kapestadt; Kapestadt 1578, Kapestadt 1594, Kapestad 1667. Garden ligg på ei flat hylle i ås- eller fjellsida, og ss *gabpe* «flataktig forhøyning på fjellet (mot skoggrensen)» o.l. passar. Ut frå eksisterande gardsnamn rundt om på Austlandet er det neppe tvil om at varianten *gâbpe* også fanst og har sett

avtrykk, td i **Piskopp** (unemnt i NG), namn på ein husmannsplass i Hobøl, å forstå som ss *bietsie-gåbpe* "(flat) furu-hump" på line med *biesie-gille* furuholt, *bietsie-goelpene* furumo, *bietsie-vuemie* furskog osv.

**Karterud** som gards- og bruksnamn er utbreidd over minst tre fylke: Det finst i Eidskog og Skiptvet i Østfold, i Eidsvoll, Skedsmo og Vestby i Akershus, og så i Løten, (Kongs)vinger og Sør-Odal i Hedmark. Med eit par unntak ligg gardane og bruka slik til at dei (framleis) ter seg som rydningar i samanhengande skog. Det liknar klart på *kár'te* "gärdesgård, stängsel; inhägnad, rengärde, ringgärde" (oslo 80, Qv 268), som først var eit norrønt lån, *garðr* "gjerde, jordstykke, rom, plass med gjerde om", urn. akkusativ *garða* (NL 164). Karterud gnr 15 Froland i Aust-Agder høyrer neppe til same namneflokk av di der er berglendt, jf norsk *kart* m om steinut lende (NO 6: 162). – Unntaka nemnt før er Øvre Karterud i Skiptvet og Nordre Karterud i Skedsmo >Lillestrøm som meir minner om **Kartnes** i Rakkestad: "Gaardens Beliggenhed, ved to Bækkes Sammenløb, vilde passe godt til Forklaring af 1ste Led som Elvenavn", seier Rygh, men den formuleringa peikar rett mot ls *skájdde*, ns *skáidi* "elvekil, åmot", som kunne høve til reingjerde.

**Katomten** ["*kātåmten*] er gnr 114 i Vang (Hamar): Kattatofmt 1346, Kattetompt 1520, Katetomptt 1578, Kattetompten 1593, Kattetomp 1604, Katombten 1669, Kattomten 1723. Vestre, Midtre og Søndre Kartomten (sml dagens skriveform) ligg tett opp til Øvre Vang kyrkje, på austsida. Litt meir for seg sjølv ligg Østre Kartomten. I fall sjølv kyrkjestaden er gammal, er det naturleg å forstå dagens (korrigerede?) skrivemåte r i lys av ss *gærhkoegaertene* (= *kraavegaertene*) «kyrkjegard». Skriveforma Kattatofmt 1347 (Katta- for \*Karta-?) minner meir om ls *girkko-gårdde* = *kir'hkō-kar'tē* (Grundström).

**Kokkin** ["*kækji*] i Solør» ["*keke*] Åsnes gnr 43 ligg i åshelling sør av Gjesåssjøen: Kockenn 1578, Kottkin 1594, Kaickenn 1616, Kochim 1667 og Kockind 1723. «Navnet forekommer ikke ellers. Det er aabenbart en Sammensætning med *vin*, men er vanskelig at forklare». – Skriveforma Kaickenn frå 1616 liknar på ss *gajhkije* «tørt lende» (jf ss *gajhkoe* «tørrver, tørke»), det kan høve for både flatlandet og åssida. Uttaleformene ["*kækji*] og ["*keke*] ser mest ut som monoftongering av ss *gejhkie* «tørr»? For formene Kock-, Koch-, Kottk- er det påfallande stort sprik mellom skriftbilete og uttale, men legg ein til grunn ein uttale med open o, kan det hende også dei òg er monoftongeringar, av ss *gajhka* (= *gajhka*, *gajhkoe*) «høytørk, tørke»? Jf dessutan ls *gåikke-* = ns *goike-* «tørr-», ls *gåikes* = ns *goikkis* «tørt land», osv.

**Kokkinne** ["*kåkkiņe*] Veldre (Ringsaker) gnr 6 er like dunkelt: Kokkinne 1480, Kochkønne 1616, Kochhønne 1669, Kochhøne 1723. – «Om dette paafaldende Navn kan jeg kun sige, at jeg holder det for sikkert, at dets sidste Led

er *hyrna* f., Hjørne (eller *hyrni* n...); dette passer til Gaardens Beliggenhed paa den fremskydende Spids af en Aas. Om 1ste Led vover jeg ingen Formodning; der kan ikke være noget Slægtskab med Kokkin GN 43 i Aasnes». Om det siste kan det vere meir enn ei meining, likskapen med nettopp Kokkin gjer at også gardsnamnet Kokkinne bør nemnast, om enn utolka.

**Kornstad** |*"køŋŋsta*| gnr 45 i Åsnes: Kornstad 1667 og 1723. Det går stig frå garden opp til Kornstadberget og vidare attover. Forklaringa på førsteleddet har vi i ns *goarŋut* «klatre, stige opp», ls *goarŋhot*, jf Grundström: *kår'ŋöt*. Talrike stadnamn landet rundt har liknande førsteledd og tyding.

**Kuskmoen** |*"kuskmō'n*| (Moen) gnr 54 Tynset, historiske namneformer ukjente. På begge sider av innmarka er det tronge, djupe innskjeringar. Same forledd har **Kuskerud** gnr 121 Rakkestad Østfold, der sjølv innmarka er veldig erodert eller oppskoren. Også Kuskerud gnr 46 i Sørums Akershus > gnr 246 Lillestrøm har veldig oppskoren profil mot vasskanten, sjølv om der er nedbygd område. Situasjonen alle tre stadene liknar den på **Kyskmoen** i Beiarn i Nordland og elvenamnet **Giš'kanâ(m)-jokkâ** i Finnmark, jf es *kiš'kaned* v: rivne, klivne, for "elven har skåret sig ned gjennom en sandslette" (Qvigstad 1938: 24). Kanskje finst samanheng med ns *gišket* v: skjere eit visst merkesnitt i øyra på rein, så vel som med ss *giske* [gî-] «inn mellom».

**Kvæka** |*"kvæka*| var gnr 185 i Vang, i dag Hamar. Notert Quecke 1616, Queche 1669, Quæche søndre og nordre 1723. Garden ligg på nordsida av Svartelva som går i store svingar og skjer seg ganske djupt ned og tydelegvis er nokså straumsterk: ss *goejhke* tyder «stryk» og kan bli fornorska til *-kveika*, men har i dette tilfellet mist diftongen og fått uttalen Kvæka.

**Leppenga** |*"læppæŋa*| Brandval gnr 40>Kongsvinger gnr 113. Forleddet Leppkan ein forklare med ss *leabpoe*, *leabpa* «vannpytt uten avløp og innløp», av di Karusstjernet like nedanfor garden er nettopp ei slik vassamling.

**Luker** |*"lūker*| Nord-Odal gnr 3: Lucher 1723. Garden ligg i bakkant av ei flate under fjellet med den digre Lukermyra framfor, og namnet er å jamføre med ss *lók(ë)h* pl sumpmarker, i Herjedalen (i flg. Hasselbrink, oslo 119). Norsk-talande lånte namnet så tidleg at det vart med i framrundinga av ó til ú i mellomalderen? Endinga *-er* kan vere norsk pl., men reflekterer like snart eit ss områdenamn av typen *-ere*, her: sumpmarker og meandrar? Særmerket for **Lukevatnet** i Kvinnherad (Hordaland) er at det ligg i austre enden av ein sverm med mykje mindre pyttar. – Om *lók* m som norsk terrengnemne, sjå NO 7: 621.

**Mangerud** heiter gardar i både Hamar, Stange og Våler på Hedmark. Dei ligg i

utkanten alle, kvar på sin stad. Så også **Mangrud** |*"maŋru*| gnr 59 i Vestre Gausdal i høve til andre gardar på flatland langs elva Jøra: «Mangerud nævnes 1668 og 1723 som Underbrug under Øvre Kraabøl GN 38 og Teigum GN 48». **Mangelrød** i Hedrum, Larvik høyrer til same gardsnamngruppe, merk ls og ns *manne-*, *manjel-* 'bak-, bakre'.

**Mora** |*"mōra*| er Åmot gnr 55: "1667 og 1723 kaldes Gaarden Løchen, Løcken, hvormed det stemmer, at de to betydeligste Brug ogsaa i den nuv. Matrikel hede Løkken; dette er altsaa Gaardens egentlige Navn, eller har ialfald været det i de sidste Aarhundreder". Mora heiter også gnr 56 Trysil, parallellnamn Eltos, som ligg nær staden der elva Elta osar i Trysilelva: Eltos 1667, 1723. Trysil har også **Susmobekkmora** |*"sūs bækk mora*| bnr 51,7: "Efter en Bæk Susbækken, af susa, brugt om susende Lyd". – Det siste er klart diskutabelt: Susmobekkmora er år 2022 oppført som namn på eit skogområde som går over i noko skittenbrun myr, sml ss *tsutsmie* "smuss", medan (-)*mora* er dss ss *moere*, ls *muorra* "ved" (også tre), med same tydingsovergang som i *viðr* "ved", i norrønt om skog, men no om ved = tre som materiale.

**Multhagen** |*"mul̥thagan*| gnr 27,1 Romedal > bnr 362,4 Stange: "Findes ogsaa paa et Par andre Steder i Egnen (Romedal GN. 152,4 og Stange GN. 28,1). Jeg ved ingen anden Forklaring, end at Multa kunde være en Sideform af Bærnavnet Molta (Formen med *u* findes i svenske Bygdemaal)". – Bruket ligg oppe på ein skogkledd ås der det truleg er noko skrinn mark. Forleddet er sikkert *multie* "mold, bøss, skrot" = *multe* (oslo 132, frå Herjedalen), dss *mol'te*, gen. *mol'te* "upptrampad, løs jord omkring kåtan eller annorstädes. <fi. *multa* mull, nordiskt lånord" (oslo 131). Etterleddet *-hagen* går truleg på innhegning for dyr.

**Navnerud** |*"namneru*| eller i dag |*"nammæru*| med assimilasjon *mn* > *mm* er gnr 11 i Grue. Notert Naffnerud 1667, Nafnerud 1723. Av eldre skriveformer i tillegg til NG kan nemnast i Namnebru(!) (DN i avskrift 1650) og så Napbrud (DN avskrift 1630), i flg. Rud-Leks. (491). «Kaldet efter Navnaen, Tverelv til Glommen, i hvis Nærhed Gaarden ligger». På nye kart står Namerud, Namnåa, Namåoset og Namnsjøen. Skriveformene Naf(f)nekvilte tvillaust på ein tradisjonell norsk uttale med *-m-*. Namnåa meandrerer sterkt, og om den vinkelrette Kroken langt oppe blir det opplyst at elva til dels flyt sakte, men også renn i små stryk. Dette gjeld truleg fleire stader langs elvefaret, for høgdeskilnaden frå Namnsjøen til Glomma er 47.8 m. Merk at ns *njavvi* tyder «lite stryk» og ls *njavve* vil seie «stråka, ström (vatt-net strömmar fort men forsar inte)». Frå ss er ordet ikkje kjent, men *njavvagidh* v 'bli tatt av straumen' viser at det eingong fanst også der, og at vanleg ss genitiv *njavve-n-* må ha blitt mistydd som gno. *nafn-*. Dermed kom



austlandsk form Namn- inn i fornorska former av desse opphavleg samiske namna.

**Nya og Nyen** |*"nyā*| Åsnes gnr 35 og 39: «Kaldet efter en Elv, som her falder i Flisa. Dette Elvenavn har jeg ikke fundet andensteds». På andre sida elva, (dvs søraustsida) ligg gnr 34, med Nyhaugen og Nymoen. Sjølve elva **Nya** (på kartet står no **Nyelva**) renn med godt fall, og namnet kjem helst av ss *njuvvie* straum (i elv og bekk). Sml. Navnerud.

**Piparrud** (el. Piparud) Sør-Odal gnr 6: Skogkledd avsats med bratt kant under mot vest, men bratt kant ovanfor mot aust. Truleg øydegard. Uklart om han har noko samband med bnr 8 **Piparrud** |*"piparu*| under gnr. 16 Bjørnstad i gl. Brandval, i dag gnr. 89 i Kongsvinger. Heller ikkje Piparrud gnr. 65.22 i Sauda er attfunnen på dagens kart. – ss *bijjebe* tyder 'øvre, øver-', og *barte* (= bertie) er 'fjellkanten, men òg 'tregrensen, skogbandet' (jf Qv 65b). Pipar- er då etter alt å dømme ei enkel forkorting *bijjeb'-baar-*, *pijjeb'-par-*.

**Purkildstad** |*"purkilsta*| Balleshol Ringsaker gnr 142: Purkelstad 1616, Purchildstad 1669, Purkildstad 1723. Er temmeleg klart ein variant av ss *båarkeld* (boarkald, Qv84) «fjellpass», men også nytta om pass (overgangar) mellom åsar eller om smale passasjar av litt annan art. Her er det ein brattkanta åspassasje tett aust for garden, med gammal veg. (Rygh tolkar Purkild- enten som Purk-Egill eller også Purk-Ketill).

**Rafstad** |*"raffsta*| Vang gnr 121 > Hamar): Raffstadt 1520, 1578, Reffstad 1593, Raffsta 1604, Raffstad 1616, Rabstad 1669, 1723. Forbi garden renn den nokså djupt nedskorne Lageråa i store svingar: Venteleg svarar førsteleddet Raff- til ls *ráv've* «(i älv etc.) lugn, men kraftig ström».

**Ramsøya** |*"ramsøia*|, kortform |*'øia*| Brandval gnr 1 > Kongsvinger gnr 161: Øenn 1578, 1594, Ramßøen 1667, Ramsøyen 1723. «Gaarden sees opr. blot at have hedet Øy, hvor dette Ord er at tage i den i Indl. S 88 omtalte Betydning af flad Strækning med frodig Plantevæxt langs Vand; den ligger paa en jevn Mo, som strækker sig ned til Glommen». Ramsøya er ei sær sundra el. «trasig» halvøy, namnet sluttar seg til ei lang rekke andre lokalitetar av same art med namn på Rams-. Merk ns *rámšu* «svært ujevnt terreng, med humper og fordypninger», dertil *rámšku* i same tyding (Qv 696, 695).

**Sulerud** |*"sūtru*| var Sørum gnr 62 > no Lillestrøm gnr 262: Sullarudh c 1400, Sullerrudt c 1575, Sulrudt 1578, Sollerudt 1594, Sullerud 1617, 1666, 1723. Der er stor kontrast mellom skriveformene og dagens uttale med lang u og to stavingar. Gardstuftene ligg ved ei lita tjønn, og like nord for den strekker ei bekkutviding seg nordover og langt inn på Søndre Ile i Ullensaker. Det er

likt til at skriveformene Sulla[r]-, Suller-, Solle[r]- inneheld suffikset *-ere* om vassamling, her i småskala, sjå elles omtale av Sulerud gnr 20 Eidsberg.

**Sulerud = Sulerød** |*"sulerø*| gnr 82,5 Enebakk: Solurud c 1400, Sallerudt 1578, Sullerød 1723. Innmarka er for det aller meste innringa av skog, jf omtalen av **Svalerød** i Halden (under Solerud i Marker, Østfold).

**Sålerud** |*"sålu*| gnr 14 i Stange: Sullarud c 1400, Sollerudt 1578, Sollerud 1593, 1604, 1616, 1669,1723: Rygh nemner ikkje 1500-talsformene, men meiner at Sullarud c 1400 må vere feil. Det kan sjåast annleis: Garden ligg tett aust for ein vid, skogkledd ås som ligg heilt for seg og er etter lokale mål ganske høg, eit ss *såålevaerie* "øy-fjell" (= *såalah-vaerie*) = ns *suolovárri*. Suffikset *-ar*, *-er(e)* i Sullar-, Soller- er gjengse redusert former av *vaerie* (og *jaevrie*).

**Turbeintorpet** |*"tyrbeintørpe*| bnr 60,5 Hof >Åsnes 197,5): «Kan ikke forklare Navnet». – Forklaringa kan vere at tyrrebein- kjem av ss *duerhpie-n*, gen. av *duerhpie*: gårdsplass; husmannsplass. Tilføyinga *-torpet* er renotasjon: tilføyning som forklarar på ny det som ligg i forleddet: Det kan vere eit ord som ikkje finst i språket lenger, eller som er forvanska til det uforståelege.

**Ubeset** |*"åbuset*| Sør-Odal gnr 8: i Oboghasætrum c 1400, Ubeset 1723. «Man kunde nok her komme til at tænke sig som 1ste Led *åbugr*, Elvekrumning (jfr. Eidskogen GN. 35,4). Stedets Beliggenhed giver dog ikke rimelig Anledning til et saadant Navn, og Formen i RB. taler derimod. Der maa i Forledet stikke et Personnavn eller Tilnavn, maaske Tilnavnet *ølbogi* (albogi), Albue, der findes brugt». "Obogha-" tolka som Olboga- råkar godt, men det er vel å merke ei omkastning av ls *ålggob(u)-* = ns *olggub(u)-* «ytter-, lenger ut»: Berre Finnsrud ligg lenger opp og nord enn Ubeset i den slette fjellsida det her er tale om.

**Vakkerrøsta** |*"vakkerrøsta*| er Øvre Rendalen gnr 39 > Rendalen 68: "2det Led vistnok *rust* f ... og 1ste Adj. *vakker* (sent optaget i Sproget; Navnet kan heller ikke være gammelt)". – Det som er sagt om *rust* f "høg bakke, skogbakke" etc stemmer, der er ei langsgåande bratt jamhøg åsside, berre avbroten av ei oval innskjering med litt bratte kantar. Vakker- går nok snararer på ss *vaegkie*: (djup) liten dal (Qv 878). Gjennom denne dalen renn Rossbekken (eigtl. \*røstbekken?) – Ein skog i Sel i Oppland, **Vakkerrusti**, er også ein *vaegkie*, og i det heile er **Vakkerdalen** er eit utbreidd naturnamn, men at "vakker-" og "-dalen" er det same har for lenge sidan gått i gløymeboke. Slike namn kan vere nye i matrikkelen, men elles ha høg alder. I dag er Brekka gnr 68,2 eige bruk medan bnr 68,1 Vakkerrøsta er utmark.

**Venshol** |*"vænsōl*],*"væjnsōl*| er gnr 193 i Ringsaker: Wendbøll 1669, Wendsøel

1723. "2det Led er utvivlsomt hóll m". – Forleddet Vens- er utan tvil det same som i gardsnamna **Venset** i Fauske og Meløy, **Vensmoen** i Saltdal, og dertil det utbreidde namnet **Vinsnes**. Det er tale om eit uhyre alderdommeleg ord, nemleg tilsvarande Kola-samisk *vints*: sand (Qv 913), på Kildin-samisk *vūntas*, då også *jogk vūntas* elvesand. Nasalen (-n-) har forsvunne i dei tilsvarande ordformene i skoltesamisk og enaresamisk. Namnebruken indikerer at det er tale om sand i kontakt med vatn, våt sand.

**Væringsåsen** |"væringsåsen| gnr 123 Elverum: Weerings Aaß 1616, Werringaas 1667, Væringsaasen 1723: «ikke fundet i Stedsnavne ellers uden i Væringsvatn i Bykle i Sætersdalen. Det sidste Navn viser udentvivel tilbage til et ældre usms. Navn paa Søen, Væringen (jfr. Sønnavnet Væringen i Nerike i Sverige), udgaaende fra Elvenavnstammen Ver-, som vi have i Veradalr, Værdalen, og hvortil der findes flere Spor andensteds. Denne Forklaring er efter Stedforholdene ikke mulig her, og jeg kjender intet Ord ellers ..». Førsteleddet **Værings-** er nok ei norsk omforming av ss *viernge* el. *vearnga*, i eldre skriveform *vær̃na*, *veær̃na* «bratt skrent» (Qv 936): Åsen vest for garden har lange, bratte skrentar. Formasjonen som førte til namnebruken i Bykle er den ovlange, bratte skrenten på nordsida av Væringsvatna.

## OPPLAND

**Anekstad** |"ānekksta| Hof Østre Toten gnr 125: Annexstad 1669, 1723. Rygh: «mulig opr. Arngeirsstaðir, af Mandsnavnet Arngeirr, der ofte findes paa Island ... men hvorpaa der i Norge i MA. kun haves et enkelt, noget usikkert Exempel». – Det er på aust og sørsida av garden veldig uslett terreng, kloss opp til innmarka, så eit notat frå Lycksele Lappmark ved Nensén kan vere ei god alternativ tolking: *arne*k «stenskrafvel», d.e. urd og raskjegler (oslo 52).

**Ankaltrud** |"ankaltru| Nordre Land gnr 16: Ankalrudhy 1390?, Annckellrudt 1557, Annckallerudt 1557, Annckelrud 1560, Amkilrud 1578, Annckelrud 1592, Anchellrud 1595, Anckilrud 1604, Anchalterudt 1647, Andkaltrud 1669, Ankaltrud 1723 (NG suppl. med Rud-leks.): At innlyden -t- først dukkar opp i 1647 er påpeika i NG. Garden ligg på ei lita høgd, så ss *an*ghkele "høgd" høver, men dagens uttale og fleire av skriveformene kan tyde på ei samanblanding og/eller omkasting av grunnordet *an*ghkele og deminutiv *an*ghkeladtje "lita høgd". Førstnemnde er eit formrikt ord i seg sjølv: anghkele, anghkelimmie, anghkelnamme, anghkelnimmie.

**Belgi** |"bæljji| Nord-Aurdal gnr 38: a Bælginum 1311, i Bælginni 1390, a Belgene 1404, Bellighe 1520, Bellienn 1578, 1592, 1595, 1604, Belgen 1616, Belgum 1667, 1723: «Efter Formen fra 1311 kunde den opr. Form være

Belgrinn, bestemt Form af belgr m... og et saadant Gaardnavn findes ogsaa virkelig, t. Ex. Belgen i Eidsberg ... Udtalen og Formerne fra 1390 og 1404 vise dog sikkert, at Navnet er en S sammensætning med *vin*. 1ste Led er da vel det nævnte *belgr* m., Dyreskind, som er afflaaet helt, uden at opskjæres i Bugen; ogsaa om en af et saadant Skind dannet Pose. Hvad der kan have givet Anledning til denne S sammensætning, er uvist; maaske kan det være en Bugt i Søen nedenfor Gaarden». – Ei anna tolking av førsteleddet er enklare: **Belgjisøyi** like utanfor garden er slåande likt eit øyre, ss *bieljje* «øyre», også gryteøyre; det siste kan også heite *bieljese*, medan *beeljese* er øyrelapp på gutehuve. Utmarklokaliteten **Beljebua** på Hadseløya synest tilsvarende ha namn av ns *beallji*, då ikkje i anatomisk tyding «øyre», men overført: "krum «(tak)sperre».

**Berven** |"bærven| gnr 3 i Gran er notert Berffuen 1667 (rydningsplass), og 1723 Berven. Ikkje gammalt som gardsnamn, men er i flg. NG «\*Bergvin, sms. af *vin* med berg n». Det kan ha like mykje for seg å tenke på *pier'vet*, *pär'vet* «långsträckt, smal, ovanför slät ås, som går i riktning tvärs för ådal» (N. Gällivare), jf også ns *bærvmek* (Qv 125, oslo 156), for tett ved garden er ein slik formasjon, så utprega at det liknar ein vegtrasé gjort ferdig av naturen. Ein overgang frå \**B(i)ervet* n > norsk *Berven* m vil vere lite påfallande.

**Bjellum** |"bjællom| gnr 156 i Jevnaker: Bellynn 1520, Biellum 1578, Biellim 1595, Biellem 1604, Biellum 1616, 1667, Biellum 1723. «Formodentlig samme Navn som det under Bærum i St. anførte, nu forsvundne Biellim; af uvis Oprindelse». – Garden ligg på ei slak og slett skråning under åsane ved Randsfjorden, så Bjell- kjem vel av ss *vielvúi* (gen *viel'vuha*) «brei unnabakke el. skråning», jf ss *viel've* «grässlutning nedanför ett fjäll», der det i sms. lett vil skje bortfall av 2. staving.

**Byre** |"byre| er gnr 290 Nord-Fron. Nær garden renn **Byrbekken**, som kjem frå Dalsvatnet oppe i fjellet og som i den første delen av sitt far – på vestre sida – har bråbratte stup, under ei ruvande høgd som er namnlaus på kartet. Byre heiter også gnr 1 i Lom, som ligg ved Vågåvatnet tett vest for det stupbratte **Byrberget** |-bærje| på grensa mellom Vågå og Lom. Bnr 73,8 i Vågå heiter også Byre, men høyrer under gnr 73 **Valbjør**: Ovanfor sistnemnde skyt ei vinkelforma aksel ut, namnlaus på kartet, men høgst sannsynleg den fjellformasjonen som gav garden namn. – Byre heiter òg ei øy i Rogaland, med garden Byre gnr 16 Fister > bnr 181,3 Stavanger, skrive i *Byri* 1302. Garden ligg på austsida av berget Skansen, som er avrunda, men har bratt avfallande fjellbenkar på sørsida, nærast garden. Til desse usms. gardsnamna sluttar seg **Byremo** i Grindum gnr 10 > Lyngdal gnr 458. Der ligg garden oppunder det ganske bråbratte Husefjellet. I tillegg kjem ein slump lokalitetar som ikkje

er matrikkelgardar, men der namn og topografi ter seg ganske likt: Meir ruvande enn Skansen på Byre er det ville **Byrefjellet** på Klosterøya, det òg i noverande Stavanger kommune. **Byreneset** i Gulen er prega av utstikkande bergoddar, men må kallast "godsleg" samanlikna med ville neset **Byre** i Voss. Hengande vilt er òg fjellet vest for for **Byrekvam** i Ullensvang, og i same klasse kjem **Byrenut** i same bygd; også **Byrejuv** i Vinje må nemnast. Der finst neppe ei meir beinveges tolking av desse og liknande namn enn at dei er fornorska former av ss *bierje* (= *biërje*, Hasselbrink 321) "berg". Så skal det òg nemnast at lydutviklinga eller fornorskinga nok har gått vidare til Bør(e)- i visse tilfelle. – Eit unnatak frå det fjellforankra tydingsinnhaldet i Byre-namna er at ei *tjønn* nord for gnr 61 Rapstad i Eigersund heiter Byre, men kring denne er det knausar og brattberg nok. Ein av lokalitetane heitte vel Byre i det tilfellet òg, medan tjønna heitte \*Byre-jaevrie, men over tid vart rette samanhangen fordunkla.

**Dagfinnrud** |*"daffinru*| Sand Nord-Odal gnr 33: Daghfinzrud c 1400, Dafinsrud 1508, Dafindrud 1723. Same namn som Dagfinnrud |*"daffinru*| Biri gnr 62 > Gjøvik gnr 168: Daphindru 1669, Daphinrud 1723: «\*Dagfinnsrud, af det endnu tildels brugte Mandsnavn Dagfinn (Dagfinnr). s sløifet i Udtalen, som oftere i lignende Tilfælde, især naar *rud* er Navnets sidste Led». – Merknaden må bli at mannsnamnet opptre nok i stadnamn, men ns *davvin* adv tyder «nord, nordpå». Slik har det seg med naturlokaliteten **Daffinvika** i Bø i Nordland, jf dessutan ls *davven* «ute på sjön; älven (på djupt vatten); ute på fjorden» (Tysfjord). Kvar på sin stad er Dagfinnrud-gardane "nordleg posisjonerte" i høve til gammal busetnad, i så måte også **Dagfinnrudmyra** i Nes, Akershus.

**Dekaren** |*"dekaren*| Sør-Aurdal bnr 83,11 er ei sæter:: «Skulde Navnet være et Subst. dannet af det af Aasen og Ross anførte Verbum *dika*, løbe, vimse om, pusle med noget? Efter Lyden kunde man ogsaa tænke paa Deker, Antal af ti (om Skind og Huder), nu n., men i oldn. dekor m.; Meningen bliver isaafald uvis». – Like ved Dekaren ligg **Dekarputten**: Det kunne då vere endefram at namnet heng i hop med ss *deegkehtidh* v 'å bløyte', slik regnelingar bløyter marka.

**Dotset** |*"dåset*|, |*"dåttset*| gnr 119 Vestre Toten: Datset 1669, Dotset 1723. NG: «Antagelig Dóttursetr, af Dóttir, Datter, der findes brugt som Kvindenavn i Fortiden i Sverige og Danmark». – Vi noterer oss at frå garden og vestetter til Doset-tjernet er eit vidstrekt fjellmarkområde i 600–650 meters høgd, så ss *doedtere* «høgfjell» har meir for seg.

**Eglum** |*"ēglænj*| dat. |*ēglåmm*| Sel bnr 269,2: «Det er paa Grund af Udtalen ikke

sandsynlig, at dette enestaaende Navn kan have noget at gjøre med den Stamme Agl-, som findes i enkelte Navne norden- og vestenfjelds», seier NG. Det siste er kan hende ikkje heilt avgjort: Særmerkt for Eglum er at bruket ligg som ein langflat avsats (ei hylle) i eit elles svært så bratt lende ovanfor Lågen. Uklare er òg Agl-namna, men særmerkt for Aglen i Namsos er ein «velskapt» ås-kile midt i eit skard, og variantar av det same viser både Agle i Inderøy og åsen Bergene på **Ber[g]sagel** i Sandnes. Kileforma (mellom to flater) er òg Aglåsen på **Agle** i Snåsa. Det ss *aagkele* (Hasselbrink *aaggele*) «mellomgolv» heiter på norsk tradisjonelt «midgarden»: Typisk for Agl-lokalitetane at dei er mid-stilte, står/ligg i mellomposisjon For Eglum sin del er det naturlegare å fokusere på «-golv», ettersom det meir er ei hylle. Den endelege vurdering av sambandet mellom Eglum og Agl-namna får utstå, men merk at *aa* i somme ss ord får uttalen *ææ*. Ville det kunne gå over til *ee* i målet i Sel?

**Elken** |*ælkjen*| Brandbu Gran gnr 113: Elkene 1520. Ellkenn St. 169. Elckenn 1578, 1595, 1604, Ilcken 1616, Elchen 1667 og 1723. «Om .. 1ste Led kan neppe siges noget sikkert .. hvis ikke Ølken i V. Slidre skulde være det samme Navn». Sistnemnte, **Ølken** bnr 42,2 (skriveform Ølche), var underbruk til prestegarden: «Navnet bruges ikke i Bygden; kaldes 'haugen', 'på 'haug, 'kræmarhaugen'». Ølken så vel som Elken er ei lita aksel, ss *åelkie*,. Om lydovergang *åelkie* > Elken resp. *åelkie* > Ølken er opplyst, at uttalen av *åe* som framlyd eller innlyd lyder «mot slutten som en e (eller ø-aktig), f. eks. gåetie 'hus', båtedh 'å komme', åeredh 'å sove', *åelkie* 'skulder'» (Bergsland 1982 s 19). Elken og Ølken kan altså vere same ordet.

**Fogne** |*fåjne*| er gnr 4+5 Gausdal: i Fauni, Faunshaghæn 1330, i Faune 1405, i Fawn 1442, af Faugne, og Fornne 1578, Fougne 1594, Faugne 1604, Fougner 1668, Fogner 1723. "Efter de ældre Skriftformer Fauni, Dat Ent af et Hankjøns- el. Intetkjønsord, hvis Betydning er ubekjendt. *aun* er gaaet over til ågn (ångn), som i Rogn for raun, Frogner for Fraunar osv. Navnet findes maaske ikke ellers i denne Form..."

Avstanden er ganske stor, men der er sjølvsagt samband mellom gardsnamnet Fogne og Fognssetra lenger nord, pluss Fognsetervatnet og Fognseterdalen der imellom – og **Fognsberget** litt austafør. I sørkant av berget i skilet mot noverande Lillehammer ligg Søre Bleikjetjønn 756,8 m.o.h. Der er litt avrenn til Blekketjern 753,6 m tett nordom, elles er tjønnene skilde frå andre vassfar. Bleikje- alias Blekke- går truleg på *bleike* alias ss *pleajhka* 'fiskeyngel' (især av røye), men viktigare i vår samanheng er at tjønnene kan kallast *wuogna-jature* "lacus minor, qui freto aut flumine cum aliquo majore junctus non est" [lite vatn, ikkje knytt til eit større med straum eller sund], 'en liten

insjö, en sjö för sig sjelf (Lex. Lap.) – Det same *wuogna*, rettare *vuoknja* gir òg meining for gardsnamnet **Fone** |"fone| gnr 6 Gjerstad, Aust-Agder skrive Funne 1593, Fugne 1601, Fugne (og Fune) 1610, 1611, men Fougne 1670 og 1723: Kartet over garden viser minst to markerte, tidlegare vassamlingar som neppe var knytte til noko vassdrag. Tjønner el. pyttar utan kontakt med vassfar har òg eit bruk NG ikkje nemner, nemleg **Fogner** bnr 76,25 i Trysil.

Grensefjellet **Fongen** (ss **Fuonkä**) mellom Meråker, Selbu og Tydal har fleire små, isolerte tjønner på sørvestsida. Oppe på **Fonkä** i Stjørdal er også ei slik tjønn, og under **Fongberget** i Levanger har tydelegvis også vore ei slik. Vidare er det på Håfjellet vestom **Fongsdalen** i Etne i Hordaland ei relativt stor tjønn med vanleg avrenn, attåt fleire små og isolerte. Ved Fonkebukta i Aremark låg plassen **Fonken** |"fonken| bnr 1,9, og kartet viser tydeleg at det var ei relativt stor tjønn der og.

Rygh er i samband med gardsnamnet Fone i Gjerstad inne på at det er tale om to ordstammer i desse gardsnamna etc, den eine med opphavleg **g**. Det er halvt rett, for *wuogna-jaure* blir sett i samband med nordleg *vuoknja*, gen. *vuona*, som er "kräva (på fåglar)", dvs. krås, men ss form av ordet er *vuonjä*. Litt rart skulle det vere om den termen alltid er brukt som namn på isolerte tjønner, og den runde grunnen eller skjeret **Fogna** på Hustadvika er kanskje eit tydeleg unnatak. Vi skal vere opne for at nokre av fjellnamna òg kan tolkast beinveges samanliknande, for folk visste godt korleis ein krås såg ut.

**Fubberud** |"fubberu| Enebakk gnr 17,9 er ikkje til å finne på dagens kart, men NG tenker slik om namnet: «Nyere Navn, vel af et Mandstilnavn, jfr. Fubb, 'en liden tyk Figur' (Ross)». Så kan det sikkert vere, men Fubbrud Øyer bnr 140,6 er ein teig ved ein velbrukt skogsveg som fører langt oppetter, så kanskje bør ein også vurdere ss *fuehpie* «hastverk» og ss *fuehpies* adj «som har det travelt»?

**Galterud** |"galteru| gnr 15 i Nord-Odal: Galtarudh c 1400, Galterud 1723: Det stikk ut fleire bergnabbar eller ås-nover i nordkant av den garden. **Galterud** |"galteru| heiter også gnr 63 i Sør-Odal: Galtarudh 1306, Galtterudt 1578, 1594, Galterud 1723: Garden ligg på ein hump, men sannsynlegvis fekk han namn etter Galtbekken, som kan hende opphavleg heitte **Gaaltijejohke** av di han kjem frå ei *gaaltije* (kjelde). Ryghs rutinemessige søk etter elvenamn kastar her meir av seg enn det brukar, især med tanke på framhaldet: «Der er flere Spor til Elvenavne af Stammen *galt-*, mærk særlig Galtelven i Hægebostad og Galtån i Blekinge i Sverige». – **Galterud** |"galtru| heiter òg gnr 92 i Lillehammer: Galterud 1668, 1723. Ligg ved ein kjeldebekk som kjem frå Galterudskogen etc lenger opp i landskapet. **Galtrud** |"galtru| heiter også

gnr 142 i Øyer. Vegbygging har endra landskapet mykje, men her samlast framleis små kjeldebekkar.

**Galstad** |*gællsta*| Vågå gnr 64 skrivst Øffre Hoelen 1668, Øfre Hoelen 1723: «Det nu brugte Navn er vistnok gammelt og det i 1668 og 1773 anførte et Partnavn». Garden har fleire hólar (runde haugar), men eit større særmerke må ha vore at det er eit stort oppkomme like over skilet til gnr 63 Spakrud, og under den føresetnad at Galstad er den eldste garden og Spakrud er utgått frå denne, gir ss *gaaltije* best meining her òg. Som apropos til Spakrud kan nemnast at ss *spaaahka*, *spaaahkoe* vil seie «spon, flis etter hogging av tre».

**Galtestad** |*gallsta*| Biri gnr 65 Gjøvik: Galtestad 1494, Galtestad 1520, Galtstadt (øde) 1578, Galtestad 1595, 1604, 1616, 1669, 1723. Ingen tvil om at garden har namn av den 494 m høge knausen **Galtestadhaugen**, jf ss *galte* kubbe, kabbe, klamp, hoggestabbe og likeins **Galterud** i Nord-Odal, nemnt framfor.

**Garthus** |*galtus*| Sør-Aurdal gnr 65-66: Karthus 1595, Kortthuß 1616, Gartuus 1667, 1723: Forleddet minner om ss *gaertie* «reingjerde», jf ls *gårdde* stengsel, med annan ortografi *kar'tē* (Grundström) «gårdesgård, stängsel; ... rengärde avsett för renskiljning och mjölkning etc (är det vanliga ordet här för)». Ei sms av dette ordet og *-hus* er likevel påfallande (men gløym ikkje Kontra-namna). No ligg Karthus nær nokre små grunne små vikar på sida av Begna, så ei alternativ tolking er ss *gaertjie*- "trong" + *-hus* som omtolking av gno *-óss* m, eit som inngår i namn på grunne små vikar mange stader.

**Gaukum** |*gaukom*| er gnr 50 på Vestre Toten: Gaakomb 1669, Gouchum 1723. Garden ligg ovanfor ei vik i Helsettjernet: Sidene av vika og bakken ovanfor framstår som 'låglandsvariant' av ss *geavtje*: låg, slett kam mellom to bratte (fjell)kantar, så sisteleddet verkar tvitydig.

**Gilberg** |*jillbær*| Fåberg gnr 14 >Lillehammer: i Gellobergie 1407, Gillebergh 1594, Gielberg 1604, Gilleberig 1668, Gilleberg 1723: «Hvis Formen i Brevet fra 1407 er rigtig, ved jeg ingen Udvei til Forklaring». – Landskapet og eldste skriveforma peikar mot ss *jälla* (oppfatta *gella*, her med norsk kasus-bøying) = ss *jallá* «höglänt terräng».

**Gilleberg** |*jæljbær*| Ringebu gnr 53: Gilleberg OE, Gilleberig 1668, Gilleberg 1723. Garden ligg på ein berghump med fleire mindre «drabantar» omkring. Skriveformene indikerer ss *gille*, *gylle* «gressbevokst, skogløs bakkeknaus» (men sms *bietsie-gille* «liten furuskog» modifiserer den definisjonen).

**Gjefsen** |*jæffsen*| Gran gnr 156-157: GeffBenne 1444. Gieffßing 1520, Gieff-



senn 1578, 1604, 1667, Giefsen 1723: «Maa være samme Navn som Gjefsen i Ø. Gausdal (GN. 43) og Gipsen i Rygge (GN. 50)» [det siste kan vi sjå bort frå]. Det første namnet skrivst no **Gjefse** |'jæffse| gnr 43 i Gausdal: Geysinn 1520, Gieffsuig! 1578, GieffBen 1594, Gieffsenn 1604, Gieffsen 1668, og Giefsen 1723: «Paa intet af Stederne haves nogen paalidelig gammel Skriftform, og der er intet Grundlag for en Formodning om Navnets Oprindelse». – Fullt så vanskeleg er det neppe: i Tysfjord er *giew'če* «pass-overgang mellom to fjell», som svarar til ss *geavtse*, utlagt «låg fjellkam mellom to fjell (den er slett oppå, men sida er bratt)». Det stemmer delvis, på Øvre Gjefsen er det markveg både over ein smal og over ein flat haug, oppover til eit delvis noko brattkanta ås-overgang. – Definisjonen av *geavtse* (sideform *geavtje*) lyder veldig presis, men er kanskje for snever, for **Gjefsemyra** i Rauma har namn av ein rabb med markveg langsetter. Denne fell bratt av mot myra på begge sider, men er ikkje ein fjellkam. For Gjefse i Gausdal er det vanskeleg få definisjonen til å passe, men gardane ligg ved starten på ein farveg som skrånar oppover til garden Oppsal, der passasjen endrar seg og blir bratt på sidene, jf den "upassande" passasje-definisjonen.

**Glæserud** |'glæseru| Vestre Toten gnr 82: Glæserud 1669, 1723. Ligg under eit lite bergfall med teikn til vasspyttar under, og på gnr 79 Glæserudbakken er det opne vasshol. Rygh har i eit notat nemnt at *Glesnes* gnr 33 i Sund, no gnr 133 i Øygarden, «ligger ikke langt fra et Tjern, som kan have havt et Navn, dannet af denne Stamme». Så kanskje er *Glæse-* variant av ss *leasja* = *leasjoe* pytt, vasshol; lita tjønn?

**Godli** |'gōli| er gnr 89 i Lunner, **Godlia** |'golia| heiter likeins gnr 102 i Ringebu: Goedlien 1668, Godlien 1723. Merknaden ved begge namna, så vel som **Godli** |'goeli| gnr 8 i Vennesla på Agder lyder: "Antagelig af Adj. *góðr*, god, altsaa et 'rosende' Navn... og denne Betydning er vistnok at antage ogsaa for Gaarden i Sandsvær». Det er då tale om bruket **Goli** |'goli| var. |'goli| bnr 39,8 i Sandsvær >Kongsberg. Namna kan minne litt om strofa om han som gjette Tulla i femten år: "No kjem eg aldri til Fagerli om der er gras nok og groe", dvs i den forstand at Godlia og Fagerlia kanskje står for om lag det same?– Mindre rimeleg verkar dette for dei andre Godli-gardane med sine lange, bratte bergformasjonar. Kartsøk på Go(d)li-er som er reine naturnamn hallar bokstavleg talt i den lei, td i Seljord, Lund, Sandnes, Alver, Ørland og Sortland. Ein kan derfor ikkje utelukke samband med ns *guovla* 'snøskavl el. berg som heng utover' eller ss *goeble* 'bratt søkk i fjellet (med el. utan gras) der snø ligg lenge'. Der slike lange, brattkanta bergryggar går parallelt, oppstår små dalar, ei tyding ordet også kan ha (Snåsa). I sms. som *goeble-li(d)*, evt *guovla-li(d)* vil den trykklette 2. stavinga ha lett for å forsvinne i uttalen (haplogisk avkorting). Om Go(d)li i andre tilfelle er direkte lydleg tilpassa

ss *usms goeble* får stå ope, merk variantane *guöblie*, *goåblie* (Hasselbrink 682, 625).

**Gudi** |"gōē| Nord-Aurdal gnr 39: i Gudin 1317, i Guđini 1318, i Gudini 1341. Bratt og trong veg eller stig går opp frå stranda på nordaustsida av garden. Relevant er derfor *gudje* = *kudje*, gen. kuje «opning, passasje», særleg mellom to gjerde; også vegopning i skogen, opning i tett flokk av folk eller dyr, «duplett til *kodje*» (oslo 99).

**Gumpholen** |"gompolen| Vestre Gausdal gnr 97: Gumphoell 1668. Gumphoel 1723. NG har òg Gumpen som sjø- og gardsnamn, og Gumpa som ånamn: «Disse Navne maa vel paa en eller anden Maade hænge sammen med *gumpr* m., Bagdel». Slik er det vel, i visse tilfelle, men frå gnr 40 i Sortland kan nemnast ei myrkrå kalla **Gumpelidalen** (\*Gumpelia ukjend), og der er det meir nærliggande å tenke på ns *gumpe* (ls *gumpek*) «ulv, varg». Kanskje også for det forsvunne **Gumprøe** under gnr 140 Skjeberg?

**Gåserud** |"gå:seru| Biri gnr 86 > Gjøvik: Gaaßerud 1669, og Gaaserud 1723. Same uttale har **Gåserud** i Balke Østre Toten gnr 88: Gaaßerud 1616, 1669, Gaaserud 1723. I begge tilfelle seier NG: «\*Gásaruð, af Mandsnavnet Gási, der findes brugt i Norge i MA, om end sjelden». Her kan ein skyte inn eit par namn i tillegg, nemleg **Gåsdeilda** |"gássdeilde| gnr 29 i Vang, underbruk til Øvre Bø 1723, ikkje attfunne på kart, og **Gåsøya** Vestre Gausdal bnr 95,2, ei sæter som ikkje ligg i eller ved vatn, men i skogkledd fjellstrøk. Sistnemnde «øy» kunne nok ha med beitande gjæser å gjere, men om Gåsdeilda uttaler NG utan reservasjon: «Sms. med det gamle Mandsnavn Gási. Navnet forekommer i Genitiv paa Runestenen ved Vang Kirke her: Gosa sunir». At dette – eller fuglenamnet for den del – gir truverdig forklaring av namn som Gåsdeilda, Gåserud og Gåsøya blir tvilsamt, i lys av ls *guossa* lik ss *goese* (koese) «gran».

**Jetningen** «lille» |"væhljætningen| Søndre Fron gnr 160. «Er et Fiskevand, altsaa Sønavn. Det samme Navn er formodentlig **Gjetningen**, en Sø paa Fillefjeld. Forklaring kan vanskelig forsøges, da tilstrækkelige Oplysninger mangle». Veslejetningen 920,5 meter o.h. ligg side om side med den store **Jetningen** 915,4 m.o.h. Jetn-minner litt om *jetnja* (= jieknja) «is, jøkel» (oslo 66), men namna står aller helst i samband med det predikative ss *jatnan* «snødekt» og *jatnedh* v «bli dekt av snø». Det kan også hende at *Gjetningsdalen* i Ullensvang heiter som han gjer pga. is som legg seg i Strondfossen (han breier seg vidt utover berg), eller kanskje minner det kvite fossefallet om is og snø? Her skal det lokalkunnskap til.

**Jome** |"jome| er Vestre Slidre gnr 52: Jomme 1616, [Jume 1620, Joemen 1647,

Jommen, Jomen 1665], Jommen 1667, 1723. Former i [ ] etter Tom Schmidt («Nøvn vesta åsen: 208), som dokumenterer uttaleformer med både o og ö. NG uttaler: «Af Gaardnavne, der sproglig kunde høre sammen med dette, kjender jeg kun Jaammaas, Froland GN. 52, i 1553 skr. Hiomaasz», der imot Jamaaß 1593, Jamaas 1601, Jaamas 1610, så Hiemaas, og Jammaas 1611, 1670, Jamaas 1723 – i dag atter med o: Jomås. 1553-forma innbyr her til ei kopling med *hjóm, hjåm* «støv, tynt dekke» som kan høve for Jomsfossen oppfor Jome, men ikkje for Jomås. Klart meir interessant for Jomås sin del er det langhenta ns *jubmer* (Kautokeino) «et stykke, hvor en liten elv går under jorden; (Leem) en dyb hule med vand i, saasom en dyb hule i en elv, en dyb vandkilde etc.» (Qv 455). Her skal nemnast **Jommedalen** i Loppa, med -r-bortfall. Jomås har faktisk to slike vassamlingar (Jomåstjønnna og Kjempetjønnna), begge med lange og veit-liknande bekkelar med lita vassføring; begge fell ut i Songelva. I Jome sitt tilfelle renn ein liten bekk under jorda i nordvestre skil av bnr 52,1. Han kjem atter opp i dagen og renn eit stykke nordover før han fell ut i Jomsåni.

**Jostad** |*jōsta*| Biri bnr 114.3 >Gjøvik bnr 228,3: "«Vel Opkaldelse efter Jostad i Gran», seier NG, men terrenget på garden er temmeleg uslett: ss *joeve* "urd" kunne vere meir nærliggande. Sml her også nabobruket Bergum bnr 220,5. – Lendet kring **Jostadvann** i Kristiansand (Vest-Agder) har òg mykje urd, så vi aner kan hende eit ss *\*joevestahke* i tyding likt *joevege laante* "område dekt av urd".

**Kaus** |*kaus*| Ringebru gnr 67: Kouß 1668. Kous 1723. «Navnet er enestaaende i Landet, og jeg ved intet at anføre til Oplysning». I røynda er det truleg *keu'tse, käu'tse*, i flg. Qv 295 og oslo 84 «långsträckt sänka i fjällets rygg (som sålunda synes på långt håll och där det är lättast att gå över)». På normert ss *geavtse = geavtje*: låg kam mellom to fjell som er slett oppå, men bratt på sida.

**Kjekshus** |*kjæksus*| Gran gnr 225: Kægßhuuß 1616, Kexhuus 1667, Kiexhuus 1723. Jf **Kjeksrud** |*kjæksru*| Gran gnr 119: Kegßrud 1592, Kiegsrud 1595 og Kiegßrud 1604, Kecksrud 1616, Kiexrud 1667, 1723 – og **Kjekstad** |*kjækksta*| Gran gnr 176: Kiexstad 1667. 1723. Gran er altså godt representert i gardsnamn med utmerking **Kjeks-**: Eineståande er **Kjeksrød**, gnr 113 i Botne, Holmestrand. Aller vanlegast er gardsnamnet **Kjekstad**: gnr 212 i Akershus, gnr 20 Eide i Grimstad Aust-Agder, og som bruksnamn også i Sør-Odal og i Lunner, Oppland. Uttalen og historiske skriveformer skil seg, så langt kjent, lite frå namna i i Gran. Pga. landskapet på dei same stadene (med unnatak for bruket i Sør-Odal) er det fullt relevant å vise til ls *tjåksa*, ss *tjaakse* i tyding «knöl», dvs "knort, knute, klump", jf *tjaksek* adj «knölig»

(Lex. Lap.) Det samiske ordet er helst brukt om bladmage hos drøvtyggarar, det kjem nettopp av at dette organet er uslett å sjå til.

**Ladderud** *["lajddru]* heiter både gnr 43 Brandbu > Gran og bnr 103,2 Fåberg > Lillehammer, same namn som **Ladderud** *["læddru]* Eidsvoll bnr 96,4, jf ns *låddu* tjern, vassdam, pytt (Qv 476).

**Liveland** *["lívelann]* Flesberg gnr 95: Lifuoland 1439 [Liiflandt 1528], Liffueand 1537, Lyffueland 1536, Lyffuelandh 1537, så Liffland, og Lyffland 1626, Lifland 1668, Lifland 1723: «Gaarden ligger ved en Bæk». I Lom er gnr 45 **Ljuland** *["julann]* skr. Liuglandd, og Liffland 1668, Lifland 1723: «Hvis g ikke er den oprindelige Konsonant, kommer ogsaa det gamle **Liufarvangr** i Vaage i Betragtning, se 'Forsvundne Navne' der». I samband med Jønnes gnr 4 i Gran (Brandbu) er òg nemnt «**Liuneß** (Ødegaard under Nes) 1616. Ligger ved en Tange, der stikker frem i Randsfjorden». Nøkkelen til slike gardsnamn er ss *lyvve-sijjie* kvileplass for rein, ls *livva-saddje*. Vokalen i skriveformene vekslar, som vi ser, mellom i og y. Dei to gardsnamna går vel tilbake på eit tilsvarande ss *\*lyvvelaante*. I det historiske *Liufarvangr* aner vi eit tilsvarande forledd «Lyvva-» (mellomting av ls *lyvva-* og ss *livve-*), medan *Liuneß* og *Liuglandd* ser ut som norvagiseringar av *lyvve-* mistydd som dansk *lyve* v.

**Lome, Lomen** *["lome]* (ikkje *["lōme]*) er gnr 31-34 i Vestre Slidre – *["lislome]* er gnr 31: Lomene 1325, 1334, fyrir sunnan Lomene (øfste) 1344, Lomens sokn 1388, Lomene sokn 1402, i Lomenæ, Lomens s. 1406, a Lomene, Lomens s. 1422, Lomene s. 1451, Lumme 1520, Lommim 1558, Lomen Lomenn 1578, Lomenn, Lommenn 1592, Lomenn 1595, Lommen 1616, 1667, Lille, Midt, Øfre Lommen 1723. Rygh har inga topografisk tolking av namnet – for så vidt heller ikkje Tom Schmidt i «Nøvn vesta åsen» (s. 117-118); han er derimot klår på at namnet er sms. med *-vin* f 'naturleg eng, beite', då bygd på skriveformer i tillegg til dei som ovanfor er nemnde.

**Lomme** *["lomme]*, *["lome]* heiter dessutan bnr 74,5 i Hedrum > Larvik gnr 2074: [Lauma DN 1425 i avskrift år 1690], [i Laumagiærði DN 1369, i avskrift 1690]. I tillegg kjem andre sms. namneformer: **Lommerud** *["lommeru]* Hof i Åsnes gnr 3 Hedmark: Lommerud 1723 – dertil **Lommerud** i Nome bnr 11,5 i Telemark, og så **Lømmerud** Aremark i Marker gnr 95 *["lømmeru]* skrive Lymmerød 1723. Attåt desse gardsnamna frå i NG har det mykje for seg òg ta med **Lomdalen** i Nord-Fron og den meir kjende **Lommedalen** i Bærum. – Til grunn for alle namnelagingane ligg eit terrengord, kjent i ei mengd former: På normert ns *loapmu* ~ *loapmi* (også *loapma*) «mellomrom (i en klippe)» eller «åpent rom under noget», men i sørlegare ns (Ibestad, Ofoten, Jukkasjärvi) som *loapmi* = ls *lápme* "gräsbevuxen plata i högfjället,

strax under fjälltoppen; liten dal i allmänhet; avsats eller säckformig inbuktning i en fjällslutning". Hitsetter òg, med ortografien i Qv 523, former som *lòmē, lōbmē, lōpmē* (med *o* for *å*), enn vidare ss *luomie* og *loamie* (normert *låemie*) «grunn og flat liten grasgrodd dal, senkning mellom haugar». Dei mellomnorsk skriveformene **Lauma** og Laumagiærði frå Hedrum er då helst *luomie* med samisk *uo* omkasta til norsk *au*, dertil med norsk kausbøying.

**Losshaugen** |*losshaugen*| Øvre Gausdal gnr 89,3 no gnr 207. Haugen ligg tett ved elva Gausa, og meir sannsynleg enn at namnet går på gno. *lóð* (om avling, innhausta korn) er det nok at det heng i hop med ss *loese* «laks» og har med fiske i elva å gjere.

**Løvisåsen** |*løvisåsen*| gnr 86,4 Fåberg >Lillehammer: "Er en Sæter, kaldet efter en Aas af samme Navn. Jeg ved ingen Forklaring". – Åsen er isolert av lågland på alle sider, og førsteleddet er som ss *loeves* = ls *luovas* = ns *luovus* i tydinga "laus": Merk at ns **Luovosvárri** er vide kjent namn på fjell, åsar og høgder som er frittliggande.

**Massing** |*massing*| Nord-Fron gnr 21: Misþinnng 1604, Masingen 1668, Maßingen 1723. Garden ligg i skråninga under Massinglia, og nedanfor garden, ved elva Vinstra, ligg dei bratte Massingbakkan med smale, parallelle jordryggar i mengd. I elvebøyingen attmed fell sideelva **Massdøla** ut. – Her må dessutan samanliknast med **Massengen** |*massingen*| Askim gnr 61: Maßeng 1593. Maßengh 1604, Maßing 1612, 1616, Maseng 1723. «Aabenbart en Sammensætning med eng f ... Hvad 1ste Led er, bliver ganske usikkert». Garden er flatlendt, men vest for Masseng-bruka har erosjon skapt fleire tungeforma oddar, til dels skipla under bygginga av E18, men innskjerin-gane er framleis synlege. – Orda masing, massing og messing går att i ei rad namn frå Nordland, Trøndelag og Austlandet. I aust finst også Massing-smed-haugen, -myra, -sundet, -tjernet og -vollen: Yrkesnemninga massing + smed var velkjent, men -smed kunne òg oppstå ved mistyding av ss inessiv på *-sne*. Massingsteinåsen i Rømskog er interessant, men kva tyder elles Massing- i stadnamnsamanheng? – ss *máhts-* svarar til ns *máhtsú-* (*máhco-*), av Björn Collinder forklart som «vikt, lagd dubbel; tillskrynkla» (attributivt). Han nemner *máhttse* «fald» og *máhttse*, pres. part. av *máhttsat* «vende om», og han gir fleire døme på *máhts-* som utmerking i ss stadnamn (oslo 125), som ein i samsvar med gjeldande rettskriving kan stave *maahts-*.

Systemrett i ss er at t.d. *tjaeledh* v. «rite inn, skrive» gir *tjaalege* «rit, skrift, noko innrissa» (Bergsland 1982: 111), og vi aner tilsvarande samband mellom *maahtsodh* v «falde» (og *maahtsedh* v «vende tilbake») og *maahtsege* adj. «rukkut, rynket», som venteleg også kan brukast som nomen, for som det er sagt: «Die Grenzen zwischen Adjektiven und Substantiven, sowie

zwischen Adjektiven und Adverbien sind fliessend» (Hasselbrink 105). Elles er det så at det ss suffikset *-ege* svarar til ursamisk *-\*iŋe*, som via tidleg innlånte stadnamn kan ha levd vidare i nordisk utan tap av nasal.

**Maurstad** |*"maursta*| Skjåk gnr 6: Murstad 1594, Manndtstadt! 1604, Moerstad 1668, Mourstad 1723. – Gards- og bruksnamn fl. st., t.d. i Gausdal, men det har mykje for seg først å sml med **Maurstad** |*"maursta*| gnr 127 i Davik, no gnr 177 i Stad: Morestad c 1520 og Morestadt ds, Morestedt 1563 men Murrestad 1603, Murrestadt 1608, Murestad 1667, 1723. Merk dessutan **Maurtveit** |*"maurtvett, -tveit*|, |*"maut-* gnr 191 i Gran: Muerthued 1616, Mortved 1667, Mourtvedt 1723. Likeins **Maurøydegarden** |*"maurøigalen*| Lom gnr 122. Eit gjengs bruksnamn er dessutan **Maurhaugen**; merk også **Maursæter**. – Namnetolkingane i NG går på insektet *maurr* m eller òg plantenamnet *maðra*, i sms. *møðru-*. Det passar med skriveformer Mure-, Murre-, Mour-, som syner at den norske diftongen *au* var «ubekvem» i dansk kontekst. Maur- er likevel ofte ei ordinær fornorsking *uo* > *au* av eit ord lik ls *muorra* «tre, ved» o.l., merk òg ls *muorrás* adj «trerik, skogrik». Tettast opp til ss *moere* «tre, ved» kjem formene Mor-, Moer-, More-, slik som i ås-namnet **Morkampen** på gnr 90 i Eidsberg IØ.

**Meisdalen** |*"meisdalen*| Nord-Aurdal gnr 1: Mißedal 1595, Meßedal 1616, og Meißedall, Mesedall 1604, Meisedal 1667, Meisedahlen 1723. At garden er gnr 1, fortel at han ligg i eine enden av bygda. Sml. derfor ss *miehtsie* = ls *miehttse* «skog, reinbeiteutmark», ns *meahcci* «skog, utmark el. villmark». I utmark ligg både Meisedalen i Sør-Aurdal og Meisdalen i Masfjorden.

**Njoet** |*jōe*| Sør-Fron gnr 135: Noe 1668, 1723: «ikke fundet noget tilsvarende Navn andensteds; kommer vel af *kné* n., Knæ». Det treng ikkje vere så, meir tyder på at ein har å gjere med ss *njoeje* «(slak) unnabakke». Ordet kjem òg til synes i gards- og naturnamnet **Novika** i Nordland og Trøndelag.

**Olmhus** |*"ølmhus*| Bagn i Sør-Aurdal gnr 53: Ollumhuus med Sølliesetter 1667, Olmhuus 1723: Fjellstrekninga på vestsida av Begna har ei avrunda fjellkrå nett ovanfor Olmhus, og der ligg Olmhusplassen. Her er eit avbrekk i lendet av liknande art som ved gardar og terrengformasjonar kalla Svang, Svanga, Svangen, og det kunne tyde på at skriveforma Ollum-huus og uttalen "ølm-hus går tilbake på ss *ulleme* «svange» (mellom lår og side).

**Ormerud** Fåberg >Lillehammer gnr 104 skrive Ormerud 1723 er kalla |*'svea*|. **Ormestad** |*"ormesta*| Vestre Slidre gnr 38 skrivst i Ormastodum 1334, 1402, i Rogualdsgardhæ i Ormastodum 1422, i Ormisstadium 1443 og Ormestad 1667. **Ormsætra** |*"årmsætra*| Ringebru\_bnr 124,2 «har Sammenheng med Navnet paa Elven Orma; ved denne ligger Sæteren». **Ormvollen** |*"årm-*

*vøllen*| Vestre Gausdal bnr 105,4 blir sagt å komme «af Dyrenavnet, ikke af Mandsnavnet Orm». For alle fire namna gjeld at ein må vurdere alderen på busetnaden nærmare, jf ss *årrome-sijjie* bu-stad, bu-plass = ls *årrom-sadje*. I Ormsætra sitt tilfelle kan *elvenamnet* vere sekundært, om det enn går imot Ryghs vanlege måte å tenke på.

**Piltingsrud** |"*piltiņsru*| Sør-Aurdal gnr 70-71: Pilthingsrud 1595, 616, Piltingsrud 1604, 1667, 1723: Særmerkt for garden er ein ovlang, jamhøg og bratt kant langs heile gardsvaldet ved Begna. Det er flatt både ovan- og nedanfor, så ein kan tenke på ei namnelaging pilting- <\*piltege, til *pil'ta* «en ställning, något upphöjd över marken» (oslo 158), og alternativt \**bilhtege* < ss *bilhtie*, kjent frå ss *bilhtie-baahkoe* «bergside».

**Piperen** |"*piparen*| el. |"*piparen*| Lunner gnr 80: «Af Pipar, Piber, Musikant. Fin-des ogsaa ellers usms. som Gaardnavn, og desuden ere mange nyere Stedsnavne dannede deraf». Men Piper-vatna (Piperen, Piperfløyta, Dampiperen, Langpiperen, Nordre Piperen) ligg i området der Lunner, Nannestad og Nit-tedal møtest; like sør for dei ligg Toreren. Førsteleddet Pip- er nok ss *bijjebe* «øvre» medan *-eren* er fornorsking av ss *-ere* < *-jaevrie* «sjø, vatn» (oslo 54), for vatna ligg i vasskilet mellom bygdene. **Piparen** for Piperen er neppe ei isolert form, ettersom *-ar* kan vere kortform av *-jaevrie*, ls *-jávvrre* på line med *-ere*, *-ure* (oslo 50).

**Purkestad** |"*purkesta*| gnr 122 i Etnedal «er vel et nylavet Navn», seier NG, og Purkestad |"*purkesta*| bnr 140,5 i same bygda blir "hekta på" med ganske få ord. Purkestad |"*purkesta*| Hemsedal gnr 76 (Gylttestad 1617, Purchestad 1657) får litt meir inngåande omtale: «Navnet er interessant ved den Ombytning, som har fundet Sted, af det gamle *gyltr* f. (*gylta*) 'So' med det fremmede Purke (fra latinsk *porca*)». Her er det nok ein brest i resonnementet, vi bør snarare gå til ss *båarke*, *båårhke* «fjellpass», eigtl. «innsnevring», «avsmalning», «smalt parti», også «brot, avbrekk», som tilsvarar ls *boarkka*, ns *boatka*. «Gylttestad» 1617 var mest sannsynleg berre eit forsøk på å forfine, men det nedarva namnet Purkestad overlevde. – Begge Purkestad-gardane har smale lægder med gammalt vegfar over. Utan veg, men utprega smal er også passasjen ved sletta **Purkestadfeten** i Nord-Aurdal.

**Reiret** |"*reire*| er gnr 58 Fåberg Lillehammer og «betyder: Redet». Det burde vel ikkje vere meir enn ei meining om eit så enkelt namn, men staden ligg i tjukke granskogen, så namnet kan like godt vere ss *ræjroe*, *ræjra* (= ræjda) «granskog, fjellside med høgvaksten granskog». Det synest høve godt også for Reiret i Sør-Fron, både som «terrengdetalj» og som bruksnamn. Der er enkelte liknande namn som har merkeleg komposisjonsfuge til norske namn å vere: **Reiregrendi** og **Reiremoen** i Vågå for ikkje å gløyme **Reirethaugen**

i Sel: Han ligg slik til at det òg kan bli tale om ss *ræjroe* i tydinga «snøras»?

**Reistad** |*reista*| Gausdal gnr 39-40: a Reidestadum, i Ræidæstadum 1331 (part Bellugardr), a Reidastadum 1333 (etter avskrift frå 1656). i Reidastodum 1398 (part Birghisgardr), Reestad 1520, Restadt 1578, Reidstad 1594, Ridstad 1604, Reestad 1668, 1723. Garden ligg i ei fjellside, så namnet kan gå på ss *ræjda* «(fjellside med) høgvaksen granskog», eller evt samanblanding med ss *ræjroe* «snøras», jf omtalen av Reiret.

**Repp** |*ræpp*| Lom gnr 109: Rep 1668 (då under Mundgjel). Ugreitt namn, «maa være det gamle Ord *reppr* (hreppr) m, der betyder en Grænd, en liden Bygd, endnu brugt saaledes som Fællesord i Norge og paa Island. Paa enkelte Steder har det været brugt eller bruges endnu som Egennavn paa en Grænd – hvorledes Ordets Brug som Gaardnavn skal forklares, kan jeg ikke sige».

Felles for Repp(e)-lokalitetar flest, det vere gards- eller bruksnamn eller naturnamn, er slak innkuving i eller under fjell, i Lom sitt tilfelle lite utprega, medan garden **Reppen** i Sogndal stort sett er ei slak krå. Garden **Reppe** i Bindal har eit slakt søkk med bratte fjellkantar inst, så òg Reppen i Leka og i Flekkefjord, og just dette er dominerande i Lom sitt tilfelle. Garden Repp i Vestvågøy har rund innkuving i fjellet lengst vest i garden, Repp i Valle er eit myrsøkk med bratte fjellkantar bak, Reppa i Bindal har fleire djupe søkk. Reppa i Andøy er ein djup bås med bratte bolkar på sidene, mykje meir markert enn Repp(e)-stadene elles.

Gjennomgåande fungerer forklaringa (*h*)*reppr* «grend, lita bygd» dårleg, også av di det finst ei parallellform *krepp-* som (oftast i forma Kreppa) er gards- og bruksnamn sjeldnare enn Repp(e), men elles står for det same slags lokalitetar: Geografiske ytterpunkt for kjent utbreiing er her **Kreppedalen** i Lyngdal lengst sør i landet og **Krepperberget** i Nesna, eit søkk under ein bratt fjellkant. Det kan knapt vere tale om noko anna ord enn ns *riehppi*, ls *riehppe* «vanskelig tilgjengelig dal med utvidet, nisjeformet dalbotn eller selve denne botn», «djup dal ... avbruten av tvärbrant upptill» (Qv 705, oslo 176). Merk òg at Arjeplog har eit vatn kalla **Kriehpe-jáu're**.

**Rusiskalle** |*rusiskalle*| med «Hovedtonen paa næstsidste Stavelse» er bnr 11,3 i Vestre Slidre. Ein ukommentert notis i manuset til NG lyder underfundig: «Navnet skal have sin Oprindelse deraf, at man, naar Bryllups- eller Gravfølger fra den øvre Del af Bygden reiste hjem fra Kirken, standsede her og fik sig et "Rus i Skallen" (meddelt af Lensmand H. Lund i S. Undal efter Meddelelse til ham af afd. Kirkesanger og Stortingsmand O. Brandt). – Tom Schmidt drøftar namnet grundig i «Nøvn vesta åsen» (s 60f) og er av den oppfatning at det faktisk er ei sms. av rus + (i) skalle, også av di plassen har



eit anna og like pussig namn, **Virra** |'virra|, i |'virun|. – Ikkje nok med det, i vegen opp frå garden Reie gnr 51 ligg der ein kneik i vegen opp til husmannsplassane som òg heiter Rusiskalle (men i det tilfellet er namnet ikkje blitt kartfesta enno). Førstnemnde Rusiskalle er avmerkt som Rusiskallen på dagens kart, og kva ein enn måtte meine om skallebank og den slags, det er òg eit framifrå døme på ns *ruvža* «det øvste av ein skarpskoren langsmal bergrygg», el. òg «det øvste av ryggen på eit magert dyr». Motstykket, men med nasal, er ss *runhtjie* «skrukke, fald, rynke» (ved syng), også brukt om innbukting i landskapet, i sms. som *runhtjie*-bahke eller -deava (= *ronhtje*-b. el. -deava). Her nemner Qv 741 *runčē* «sandrevle, fjellrygg» (Hattfjelldal) og *runčoe* «skarp rygg i terrenget» (Vefsn). Det tilhøyrande adjektivet i ns er *ruvžžas* «knoklut, så mager at ryggen står som ein haug». Då kan sisteleddet i Rusiskalle vel vere norsk -*skalle*, men like gjerne svare til ns -*gál'li* «steinblokk», ls *gál'lo*, av di førsteleddet kan vere både nominalt **Rusi-** eller adjektivisk **Ruis-**. Parallellnamnet til Rusiskalle er som nemnt **Virra**, tolka så at nokon virra rundt i rusa tilstand, men ein meir terrengforankra term er ss *viere* eller *viera* (= *wera*, Lex. Lap.) «bratt bakke», ls og sørleg ns *vierra*.

**Solgjem** |'så:ljem| Sel gnr 201: Sogem OE, Solgienn 1557, Solgim 1578, 1594, Solgiemb 1668, Soelgiem 1723. Skrivemåten ser ustø ut, for *l* manglar i den eldste skriveforma medan 1557-forma har utlyd -*n*, ikkje -*m* som dei øvrige. Garden ligg ved eit sterkt utvida parti av Lågen som i nokså stor utstrekning er oppfylt av Solgjemsøyene: Ei enkel oppløysing av gardsnamnet er derfor ss *sååle* «øy» + ss *jem'* < ss *jeanoe* el. *jeana* «stor elv».

**Tamburstugua** |'tamburstugua| gnr 65,3 i Fåberg > Lillehammer "hører til de mange Navne fra nyere Tid, som skrive sig fra, at en Mand, der i Bygden benyttedes som Musikant, har boet paa Stedet". Tolkinga lyder tilforlateleg, jf flg: Tambur bnr 34,3 Tinn, Tamburen gnr 687 Fredrikstad, Tamburgarden bnr 39,5 Sør-Aurdal, Tamburholet (gl bupl) bnr 59,2 Kviteseid og Tamburhullet gnr 507 Tønsberg, Tamburkosi (gl bupl) bnr 40,2 Tokke, Tamburkåsa bnr 2,4 Midt-Telemark, Tamburstaulen bnr 34,3 Tinn, Tamburstuen bnr 65,3 Lillehammer mot bnr 574,3 Ringsaker, og sist Tamburstugu Sel bnr 220,94. Meir skurrar namn som Tamburmyran (Nesbyen og Indre Fosen), Tamberneset i Tysvær, Tamburvika i Ørland, Tamburøyren (elveøyr) i Hjartdal og til slutt holmen Tambern i Fredrikstad. Som om ikkje det var nok, mange vegstubbar heiter **Tamburvegen**, Sør-Fron har **Tamburvelta!** Som lånord i samisk opptrer gno *timbr* "tømmer" i ein grøde variantar *dimber* (denasalert *dibber*), *timpar*, *dimbar(e)*, *dembar*, *dæmbure*, *dumbare* o.fl. (Lehnw 131). Det er likt at at namn som Tamburstugua ol. kan ha meir prosaisk bakgrunn enn kva NG vil ha det til.

**Tauteren** |*tauteren*|, også i dat. flt. |*tautrom*| bnr 88,2 Øyer er ei sæter høgt til fjells (1016 m). Lenger nord i landet er **Tautra** som namn på øyar og skjer tidt utlagt som gno. *tøturr* m «fille, klut», men her har det nok meir for seg å tenke på ss *doedtere* «høgfjell» eller snarare ls *duoddar* «låg fjäll, det kala lågfjells-området som strækker sig mot skogslandet» (Korhonen). Diftong-overgang frå samisk *uo* > norsk *au* er heilt ordinær. Elles er *tuottar*, *tuoddar* notert frå fleire område (Qv 219), og sml her **Tutturen** i Eidsberg i Østfold.

**Teiterud** |*teiteru*| Vestre Toten gnr 115 er no gnr 159: «Tetraa St. 166 b. Tetrog, Tetro c 1585, Teterud 1667 (var som liggende paa Femmilskogen Kjølveien skattefri for at hjælpe Reisende), og Tetterud 1723». Ligg ved Einavatnet, i framkant av vide utmarkområde, liksom garden **Teita** i Gloppen. Det er derfor ikkje fjernt å tenke på ss *daejdie* (= *deajrije*) «reingjetar», til ss *daejdedh* (= *daejredh*): gjete rein. Stølen **Teiten** i Voss ligg òg i utmarkområde. Opphavleg sisteledd *-raa*, *-rog*, *-ro* som ter seg i dei eldste skriveformene er tvi-tydig: Det minner noko om ls *rågge*, ns *roggi* «grop», for attmed Teiterud-husa renn ein liten bekk gjennom eit søkk. Usikkert er om **Tetebråten** |*tetebrøtin*| Nord-Aurdal bnr 105,6 er å forklare likeins, eller om ss *diedtedh* v "trykke på, presse ned el. i hop" (om snø, stein o.l.) kan vere relevant. Uklart er òg **Tetebrenne**, namn på ei lita høgd på bnr 13,32 i same bygd.

**Torke** |*tårrki*| også |*tårrke*| Vardal gnr 71, no Gjøvik: a Pyrkine 1371, Turcke 1520, Tørkenn 1578, Thørchenn 1595,1604, Torcke 1669, Torche 1723. NG: «Pyrkin ... Sammensætning med *vin* ... I 1ste Led stikker vistnok et Elvenavn, der vel staar i Forbindelse med Adj. *purr*, tør. Her er en liden Elv». Med fokus på lendet i nordkant av garden høver det vél så godt med ss *dårretje* «lite skard» (Hasselbrink: *dårredje*). Det høver godt nok også for Torkesmyra i Kongsvinger (Hedmark), og endå meir for det buplassnamnet Tørkerud som ein skimtar bak utmarknamna Tørkerud-haugen og Tørkerudtjern på Ringerike.

**Åsåren** |*åsåren*| dat.|-åre| Sel gnr 216: Aadtzeren 1668, Aadseren 1723: «Jeg har hidtil ikke kunnet finde nogen Forklaring paa dette enestaaende Navn». Garden ligg nedmed Otta, og Åsårlii ovanfor er vel relatert til gardsnamnet, men sistnemnde heng saman med Høgsætertjønne = Åsårtjønne: I nordkant av tjønna ligg Åsårsætri, og i sørkant den 1039 m høge Åsårhø. Det er fleire åsar langs Åsårtjønne, og tjønne-namnet var nok primært sms. av ss *aesie* «skogkledd ås» [lånord] + ss *jaevrie* «vatn, sjø» (evt ei form meir lik ls *jávrrre*). Slike sisteledd blir over eit vidt samisk område redusert til *-ere*, *-ure* eller *-ar* (her *-år*), jf **Assuren** som namn på eit vatn i Nordre Follo.

## BUSKERUD

**Austad** |*ˈøssta*| er gnr 26 i Modum: Haudestad 1528, Auestad 1528, Oudestادت c 1575, Øffstad 1593, Øffstادت 1604, Østad 1617, Oustad 1668, 1723. Det ls *åvddå*- «fram-» gir god meining, for dette og fleire liknande namn, sml også ss *avtege*, *åvtege*: framme, på framsida.

**Basserud** |*ˈbasseru*| Øvre Eiker gnr 132: Garden ligg i veldig kupert lende, der elva går i bråe svingar med bratte kantar: Baßerudt 1578, 1593, Baßerød 1661, Basserud 1723. Rygh: "Rimeligvis betegner det under Hedenstad Kirke opførte Bassarud RB 1 85 s. denne Gaard ... Af Mandsnavnet Bassi". Litt meir sannsynleg pga terrenget blir vel ss *bahtsedh*, *bahtjedh* «sleppe fram (over eller gjennom ei hindring), t.d. over elva».

**Bili** |*ˈbili*| Hole gnr 22: Billie 1723: «Forklaringen er usikker. Her er ingen Li (Garden ligger paa en lav Knaus)». Det er rett nok, men knausen har særmerkt form, nesten knivliknande, så helst er det tale om ss *bijle* «ispil, isøks». Jf òg gno *bilda* f (også ei slags pil), og gno *bildr* m jern til årelating.

**Bjella** |*ˈbjælla*| Ål gnr 104: Biarlaam 1310, Bielle, Bielleth 1578, Biellaa 1593, Biella 1604, 1617, 1657 og 1723. «Samme Navn i Gran GN 209. Den ældste Skriftform tyder paa Sammensætning af *bjár*, Gen. af *bær* m. "Gaard", og *lá* f "Strandvand", i Folkespr. "Sumpvand, Myrvand": se GN. 100. Flertalsformen er ved Navne paa *-lá* meget hyppig i MA». Garden ligg langt frå elva, så sisteledd *lá* i slik tyding er lite sannsynleg, ein må nok også ta med i vurderinga ss *bievle* berr mark, berr flekk, ls *bievlla*, ns *bievla*. Påfallande er forma Bielleth 1578, kanskje = *vielvet*, sjå neste.

**Bjølerud** |*ˈbjøteru*|, |*ˈbjølgeru*| er gnr 90 Modum: Bielffwerud 1478, Bælgerud 1528, Bielgerrudt, Bielgerrødt c 1575, Bielgerudt 1578, 1593, Belggerudt 1604, Bielgerud 1668, Bjølgerud 1723: Ein kunne tru at Bielffwerud 1478 var omkasting av \*Biewllerud (: ss *bievle* avbera, berr mark, ls *bievlla*, ns *bievla*), men det fell bort pga seinare gjennomført form Bjelg-. Gnr 16-17 i Lesja **Bjølverud** |*ˈbjølrå*| heiter Bioluerud 1668, Nørbiølverud og Sørbiølverud 1723. – Ei ganske uventa forklaring melder seg, nemleg ss *vielvíi* (gen. *viel'vuha*) «brei unnabakke eller skråning», jf ss *viel've* «grässluttning nedanföör ett fjäll», og det som ser ut som ei avleiing, *vielvet* (oslo 246): Ved innlån til norsk er Vielv- blitt Bjelv-, sml \*Vielma > Bjelma (elvenamn i Troms). Det høver for Bielffwerud 1478 i Modum og med skrivetradisjonen for Bjølverud i Lesja, likså vel som for Bjälverud i Arvika og i Sunne i Sverige og landskapet på dei same stadene. For Bjølerud sin del tyder resten av skriveformene på assosiasjonar med «belg», jf fær *bjølgur* i slik tyding.

**Buttedal** |'buttedæl| Lier gnr 129: i Bwttadalum c1400, Buttedall og Bottedal 1528, Buttedal 1528 og c 1575, Buthedall 1578, Buttedall 1593, 1617, Buttedahl med Dahl-Eng 1723: Garden ligg ved kulpar i Buttedalsbekken (ovanfor kalla Sagdalsbekken), så ein tanke om namnet – her vil sjølvstakt lokal tradisjon vere viktig – er at Butte- kjem av ss *buvted* = *bivtedh* v fange (fisk, fugl o.l.) Mykje til «dal» er her ikkje, anna enn søkkt ved kulpane.

**Bæk** |'bæken| Nes gnr 44 Nesbyen: «Oprindelsen er ganske dunkel. AK. og Mehlum ... skriver Beken. Ligger ved Storelven, der her er smal. Ingen Bæk»: Kartet viser at her har vore ei relativt stor og rund tjønn. Rimeleg er det derfor å tenke på ss *baehkie* 'vom, mage' – hos dyr – i tillegg om bak hos menneske. At ordet eigentleg må vere eit lån frå nordisk er ei sak for seg.

**Bårnås** |'bå:rnås| gnr 138 Norderhov >Ringerike: Baarnaas 1723. «Forklares i PnSt. S. 47, ligesom Baarnøen Bjarkø GN 11, af Kvindenavnet Borgný, der oftere forekommer i 16de Aarh. og endnu bruges vesten- og nordenfjelds. Provst Færden bemerker: "Baarnaas ligger ved en meget høi, steil og sterkt fremspringende Klippe, Baarnaasberget".» – Vanleg oppfatning er at især i øynamn står suffikset *-und* for '[øya] som har mykje av (det som ligg i førsteleddet)', jamfør NoStleks.100, oppslag Borgann. Desse øynamna blir tradisjonelt oppfatta som nordiske namnelagingar, men mange har nok eit samisk terrengord som opphav: «Bårnås-åsen» har i sin austre ende fleire gjennomgåande skard, jf ns *boatka* «avsmalning, innsnevring», ls *boarkka* djup «sänka (i berg el. fjällrygg)» og ss *båarhke*, *båarhke* (og *båarhkeld*) «pass». Bornøya i Bjarkøy har også eit slikt gjennomgåande skard.

**Devegge** nordre, «udt. opgivet som |'vejji| og |'devejji|. Navnet bruges ikke». Er gnr 76 i Nes> Nesbyen: Diguegge 1528, Dønnegge(!) 1578, Deuegge 1593, Døuegh 1604, Deuffegge 1617, Deuege 1657, Devege 1723. «Devegg er Sæternavn i Rollag (ved Nørsteelven), i Nore (ved GN 1 og ved Nonshøvd ved Deveggen, der falder i Opdalselven ligeoverfor Opdals gamle Kirke)». – **Devegg** gnr 10 i Rollag ligg like ved den slakt avrunda Devegg-haugen gnr 15, og begge har vel namn av den meir dominerande c 983 m høge Devegnatten lenger vest, også han slakt avrunda. **Devegg** bnr 26,101 i Rollag ligg også på ein haug, nord for ein slak skråning ved Devegg-tjønn-Deveggklemma: Landemerket der er den rundvorne, 1051 m høge Devegg-kista vestafor sætra. Sætra **Devegg** gnr 73 i Nore ligg på ein haug, med ein slak liten skråning nord og ned av same. **Divegg** bnr 113,3 Tinn ligg i ein skråning i nordkant av ei avrunda aksel. – Eit gjennomgåande trekk (ikkje så uttalt i Nore) er skråningar som hallar svakt, ns *væggje* (Qv 935), normert *veadji*. Førsteleddet Dev- og Div- frå Tinn attåt viser at førsteleddet er kort-former tilsvarande ss *deava* «bakke, haug» og ls *dievvá* «sluttning», ns *diev-*

vá «(rund) haug». Devegge i Nesbyen er nedbygd, men lokalkjente vil nok kjenne til korleis landskapet der var tidlegare.

**Domholt** |*dommhålt*| gnr 47 i Hole: Domholt Ødegaard 1498, Damboltt 1578, Domboltt 1595, Domholt 1723. – Trass i eit par forbigåande skriftlege avvik på «-boltt» held tydelegvis uttalen oppe sisteleddet «-holt», og det samsvarar med forma frå 1498. Då bør ein jo også søke eit vekstnamn i naturleg samsvar med sisteleddet, og treet hegg heiter på ss *foeme*, på ls *ávttja*, men på ns *duopma*. «Domb-» 1595 ser ut som ei omkasting Duopm-> D[u]omb-.

**Elbjør** |*ællbjøro*| Gol gnr 44: Eilbjør 1657. Elbioer 1723. ... «Mehlum S. 342 forklarer Navnet som Eldbjørgum 'Ildbjergene', hvilket skal skrive sig fra den pragtfulde Aftenrøde, der nedenfra ofte sees over Aasen og bringer den til at se ud, som om den stod i Luer. De to Gaarde Elbjør ligger imidlertid (paa en høi Hjell) i en Bakli med lidet Sol». – Det sist opplyste er rett nok: Hammaren som blir kalla «en høi Hjell» er markert, men samstundes ligg gardane i nordkant av ei flat, men ruvande fjellhøgde på 780-vel 800 m, med bratt fall mot dalen. Ho er namnlaus på kartet, men er rimelegvis den eigentlege bjørga. Vi skal til samanlikning ta med at **Eldberghammaren** er den hammaren av fleire som ligg lengst vest på Sandhornøya i Gildeskål – mot Hustadsundet. Når Elbjøro blir kalla «en høi hjell», kunne Ell- |*æll*-| forståast som ei norsk tilpassing av ss *jille* (= jalle) «høg», men frå gardane skødd er ho òg 'bjørga på vestsida av dalen', så ss *jillie*- «vest(er)-» mistolka som «ild-» og fornorska til «eld-» er den aller mest sannsynlege forklaringa, jf hammarnamnet frå Gildeskål.

**Elstøen** |*ælstøa*| er bnr 33,14 i Hole: «Sidste Led er *støð* f. 'Landingsplads for Baade': Bruget ligger ved Tyrifjorden. Første Led kunde være *él* n "Iling, Byge", i Folkespr. el og æl. Imidlertid skrives i gamle Ministerialbøger Elgs-, ligesom ved Br.-No. 10 Elsjordet og GN 53,1 Elstangen (udt. *æls*-). Derimod er Elstøen i Nordmarken (udt. *ell*-) oprindelig Eldstøð "Ildsted" (for Gjætere), af *støð* i Betydningen "Sted, hvor noget staar". – Innvending: Det finst saktens namn av typen Nordavindshamna o.l, men at ei stø skulle få namn av elingar (= byger) står ikkje til truande. Elstøa ligg på Bøsnes der det var bœnahús, så uttalen med lang æ gjer det meir rimeleg å tenke på ss *eejles* = *aejlies* «heilag», om ein fredlyst stad.

**Emmerud** (også Immerud) |*emmru*|,|*immru*| Sigdal gnr 52: Emmerud 1723. – "Snarest af Imba, der nu bruges paa Island som Kjæleform for Ingibjørg. Heraf udleder S. B. Emmenes i Ankenes". – Dette er diskutabelt. Innmarka på Nedre Emmerud er små flekkar, på Øvre Emmerud meir samanhengande, alt oppå ein stor haug der resten er steingrunn. Det er her å merke at samisk låneform av gno hamarr er *ámmër* (oslo 49), då ikkje berre hammar i vanleg

tyding, men òg heilt enkelt om haug, bakke, slik det òg er med ns *abmer*, *ammer* (Qv 1). No blir det i NG bl.a. også vist til **Emmenes** gnr 46 i Ankenes > Narvik, og det aktuelle neset på den staden (Emmenestangen, Tangodden) er kanta med eit samanhengande bergbelte langs stranda, så uttalen av Emmenes har tydelegvis gått frå *emmenes* til *emmenes*: 'emmer' for *ammer* kan møte skepsis, men merk den es varianten *ämmir* i same tyding.

**Eppesberg** *æppesbær* er gnr 46 i Sigdal: Ebbisberig 1668, Ebbesberg 1723. – "Hermed hører vistnok sammen Ebbesaas i Modum GN. 142,10 ... Ebbesvik i Fjeld (Ebbisuigenn 1563), Ebbestad i Strømmen GN. 21 (Eppestadt 1578), tidligere ogsaa i Sandsvær (nævnt 1723 under GN. 129). Et Mandsnavn Ebbe nævnes flere Gange i Diplomatariet, rimeligvis overalt som Navn paa Dansker... "Buskerud har også **Ebbesås** *æbbesås* Modum bnr 142,10 >46, og jamføring med dei gardsnamna NG sjølv nemner og ei rekke andre i tillegg viser at samfaktoren er eintydig: bratt lende, jf ss *abperes* adj bratt (om bakke, elvebard etc), td **Abberud** gnr 47 i Ås.

**Fonkalsrud** *fonkallsru* gnr 64 Norderhov >Ringerike. - Fionchelbrud 1723. Ligg sør og ned av den runde Fonkalsrudkollen, i utkant av samanhengande skogmarker mot aust og nord. NG har denne tolkinga: "Forklares af Sophus Bugge som \*Fornkarlsruð, af et \*fornkarl "Hedning, gammel Troldmand" (se *forn* hos Fritzner). Jfr. Barnakarlsruð". Spenstig teori, men på Rustad gnr 17 i Elverum har dei Norde og Søre **Vonkalshaugen**, skogmark der òg: Likskapen dei to namna imellom viser at forleddet må vere eit anna, mest truleg ns - ls - ps *vuonjal*, gen *vuotnjala*; ss *vuenjälë*, *vuonjële*, *vuön'ele*: "så kallas renkon under andra levnadsåret eller närmare bestämt från 1½ till 2½ års ålder" (Qv, Pattedyr 276, Hasselbrink 1460). Stor formvariasjon er der òg i sv stadnamn som **Vuonjaljägge**, **Vuonjälól'ke**, **Vuänjeloalke**, **Vuonjaltsiel'ke**, **Vuonjelen-tjåkke**, **Vuonjelvuoma** (oslo 250 etc).

**Foterud** *föteru* også *fauteru* Fiskum gnr 149 Øvre Eiker går for Fotterrudt c 1575, Fogderøe 1626, Fougderud 1661, Fouterud 1723. «Samme Navn som **Futerud** Bakke GN 177,8»... «af *fut*, *faut* 'Foged': Gaarden maa have været beboet af en Foged.» Same merknad for **Futerød** *fūtrø* Glemminge gnr 36 >Fredrikstad: Røed 1667,1723: «Vistnok af 'Foged', der paa de fleste Steder, og saaledes ogsaa her, nu udtales *Fut*. Det maa være forholdsvis nylig, at Gaarden har faaet dette Navn, siden den endnu i 1723 simpelthen kaldes Rød». Innvending: skriveformene på Faut- og Fut- kan forståast annleis, på line med ls *vuovdde*, ns *vuovdi* «skog» (også skrive *vuoute* med triftong).

**Frok** *frōk* Norderhov gnr 3 Ringerike: a Frok 1346 Froa 1528, Frogh, Frog c 1575, Fro 1592, Frogh 1604, Frog 1617, Froug 1657, Frog 1723. «Forklares af S. B. af \*Fróakr "Ager, som modnes tidlig", til *frór*, *frár* "hurtig"; jfr. GN

7 og Hvataaker i Sandeherred, af *hvatr* "rask". Frok er (efter Provst Færden) en meget frugtbar Gaard. Andet *r* er da bortfaldt ved Dissimilation. Fra Meningens Side vilde \*Frjóakr, af frjór "frugtbar", være mere tiltalende; men Formen støttes ikke tilstrækkelig ved gudbrandsdalsk *fro* = frjo "Frø".

Det grøderike Frok ligg ved ein liten innsjø med trong opning til Storelva. Innsjøen heiter Juveren, ss \**Njuvvere* (ss *njuvvie* straum). Namnet Frok kan sikkert ha oppstått som nyss skissert, men òg ved samandraging av ss *froobeke* 'der sehr freigebich ist' etc (Hasselbrink II 500), for «den særs gjevsmilde» synest å passe framifrå for eit tilhald med rike ressursar.

**Fukkerud** [*fukkeru*] Bakke bnr 195,3 Øvre Eiker: «Vel "nedsættende Navn" i Lighed med Fubberud i Enebak GN. 17,9: jfr. fukka = fubba "pusle, sysle med smaa Arbeider" (Ross). – Fukkerud ligg ved Drammenselva, og litt meir topografisk opplysande fungerer ss *foekkehke* «liten kort dal som fører opp mellom to fjell», òg skrive *fuopkë* (Qv 245, oslo 57). Tolkinga er aktuell også for naturnamnet **Fukkenes** alias **Fodnes** i Lærdal.

**Garnås** [*gālnes*] før gnr 47 Nes > Nesbyen: Garnooss, Gartnus 1528, Gornn Aass 1578, Garnaas 1593, Gaardenes 1604, Garnaas 1617, Garnos 1626, Garenaas 1657, Garnaas 1723: "Har Navn efter den Elv, ved hvilken Gaarden ligger. Denne Elv, der nu kaldes Dokka, bærer [før] Navnet Gardøla og har da vistnok oprindelig hedt \*Gørð eller \*Garða (egentlig vel: den indhegnende, Grænseelven, beslegtet med garðr m "Indhegning"), der synes at have været et hyppigt Elvenavn...Sidste Led er *nøs* f "Næsebor, Næse", der i Stedsnavne betegner en fremragende, brat Forhøining eller en smal Brink.... Udtales i Nes og Gol *-nøs*, i Aal *-nos*, ganske overensstemmende med Udtalen af Appellativet *nos* paa disse Steder". – Heilt korrekt er det nok ikkje at garden ligg ved ein elv, ettersom den stupbratte austerveggen i åsen er eit skil, ein gard(e) dei imellom, men kor som er, forma Gornn Aass 1578 gir kan hende eit vink om noko som er meir karakteristisk: Frå bruket Brekkestein går det ein stig i dryg motbakke til Garnås-gardane oppe på åsen, jf *ls goarññot, kår'ñnot* = ns *goarβut* "klatre". Den lange turen opp til gardane må ha vore slitsam. Så må òg ha vore tilfelle med **Ostebergli** lenger nord, jf ss *vååste, vuastadahke* "motbakke".

**Gjellum** [*jællom*] Modum gnr 55: i Gilæimum, Gellini c 1400, Jellum 1668 og 1723, sml **Gjellum** [*jællåm*] Røyken gnr 16 skrive a Gellini, Gællin, Giellini c 1400, Giellum c 1575, Giellenn 1578, Giellann 1593, Giellumb 1617 og Jelen 1723. – Til sist **Jelleim** [*jælle*] Sigdal gnr 144: Gyildenn 1593, Gyllenn 1604, Giellum 1617. Jellum med Søeland 1668. Jellum 1723. Det siste gardsnamnet synest pga dei eldste skriveformene å som førsteledd ss *gille, gylle* «grasgrodd bakkeknaus utan skog», det passar betre med terrenget enn

Ryghs forslag *gil*. Dei to andre gardane har same slag terreng, der er ikkje innslag av *gil* (*gjel*).

**Gjermbu** |*ˈjælm̥bu*| Norderhov gnr 105 Ringerike: j *Gæirmalabuj* c 1400, af *Geirmaby* c 1430, *Germelbo* c 1530, *Gremelbo* 1528, *Germalebool* 1542, *Gierellebaa* 1542, *Giermebo* 1557, *Germilbo* c 1575, *Giernildboe* 1578, *Giermindbo* 1592, *Giermallebo* OC. 72. *Giermundboe* 1604, 1617, *Jerrenbou* 1657, *Giermundboe* 1723: Særmerkt er den eldste namneforma, j *Gæirma-labuj*, sml ss *gaajhroe* «skrånande benk i fjellside» (også: steinrygg som deler bekk el. elv). Det ligg ein slik rygg i sørkant av garden, og *-mala-* <gno malar, gen. av *mōl* f «steinbanke» ser ut som fortolkande tillegg. 1400-talsformene på *-buj* og *-by* speglar kanskje ss *byjje* 'dalskråning, li', då innmarka hallar sørvestover, men dei yngre skriveformene gjer det usikkert.

**Gjesval** |*ˈjessvāl*| Hole gnr 14-15, no 193-194: Skrive *Gyswald*, *Giswald* 1528, *Getzuoll* 1542], *Giedtzuoldt* 1578, *Gedtzuald* c 1580?, *Giestuold* 1595, *Giedtzuald* 1604, *Geesuoll* 1657, *Giesvold* 1723. «Samme Navn som **Gjesvaal** Orkedalen [no Orkland] GN. 31 og *Gisvaal* Strinden [no Trondheim] GN 114». Forledd ss *giedtsies* (pred. *giedtsie* el. *gyödtsheke*) «smal», og sisteledd vel *vaellie* slutten på eit fjell der det går over i ei flate: «Fjellet» i Hole sitt tilfelle er *Gjesvalåsen* som smalkar av mot sør, og i Orkland er det nok *Nonshaugen*, medan *Strinda* har *Bjørkåsen* med **Gisvålhaugen**.

**Golberg** |*ˈgōlberg*| bnr 199,8 i *Krødsherad* er eit namn som kan forklarast ut frå ss *kuobla* hengskavl og "brant klippra, som likasom hänger utöfver" (*Lex-Lap.*), på normert ss *goeble*. Begge delar likt med ls *guoblla* og ns *guovla* snøskavl el. berg som heng utover: Der er mange bråbratte hamrar i fjellsida aust for garden. I ei sms. *guoblaberg* el. *goebleberg* vil den eine av to like lydar eller stavingar lett forsvinne i uttalen. – Jamfør **Golberg** |*ˈgølbærg*| *Gol* gnr 25: *Gaardebergh* 1528, *Gordberg* 1542, *Gaadbergh!* *Gaarberig* 1578, *Gaardberig* 1593, *Gaardbergh*, *Gardberg* 1604, *Goelberig* 1657 og *Goelberg* 1723. «Ligger paa et Berg. Samme Navn i *Krødsherred* GN. 199,8 (udt. *gó:fbær*)»: Frå denne garden og nordetter tøyser seg ein jamhøg lang og bratt bergvegg, men i utgangspunkt er det ikkje lett å sameine ordet med dei eldste skriveformene, som tilseier ein uttale med lang å-lyd (og "tjukk l"). Det viser seg likevel at *goeble* òg har vore skrive *guoble*, jf *guöblie*, *goåblie* (*Hasselbrink* 682, 625), det kan forklare noko av spriket mellom dagens uttale og dei eldste skriveformene.

**Gostad** |*ˈgossta*| *Rollag* gnr 63,4: *Godestad* (*Underbrug*) 1723: «Samme Navn som *Godestadt* St. 84 b, forsvunden *Gaard* i Ø. *Eker*». Både for **Gostad** i *Hægebostad* i *Vest-Agder* og i *Rollag* og det forsvunne *G.* i Øvre *Eiker* kan forleddet vere ss *goese* «gran», med vokalforkorting, for begge gardane ligg



midt i skogsområde. Ein treng ikkje legge så mykje vekt på den seine forma Gode- frå 1723.

**Grekvar** *['grækkval]* Uvdal gnr 80-82: Greppehvar 1593, Gierpehvarff 1600, Greppehuerff og Gropehuerff 1604, Grephuar 1626, Grepuar, Grequar 1668, og Greckwar og Greckwaer 1723: «\*Greppahvarf, sms. med *hvarf* n. 'Krumning, Kreds, Ring, Krog, Hjørne': Gaarden ligger paa en flad Haug af rund Omkreds. Første Led maaske det samme som i Grepperød i Vaaler GN. 38 (Greppurud RB 483), Grepperud i Høland GN. 61 og 96, Greppestøl i Oddenes, Grepland i Kinn ... forklares disse af et \*Greppi, Kjæleform til Mandsnavnet Greipr». Eigentleg har både Grekvar i Uvdal og Grepland i Kinn, så vel som Greipstad i Tromsø og i Kristiansand og Grepperud to stader i Østfold ei ekstremt uslett innmark, så ss *kraejhpie* «kupert terreng fullt av berg og skorter» er topografisk relevant.

**Grosvoll** *['gråssvåll]* Sandsvær gnr 128 >Kongsberg: i Gratzuallum, Grazuallum 1392, i Gratzuallum 1445, i Graswallom 1453, Grazwaldh1456, Gresuoll 1542, Großuoldt 1578, Graauoll! kring 1585, Graffsuold 1593, Graadtzuold OC. 54, Graaßuold 1604, Großuold 1626, Graaßuold, Großvold 1723. «Grosvold, udt. grå`ssvåll, er ogsaa Daglignavn for GN. 64 i Fjære (skr. Großuoldt 1593) ... De de ældste Skriftformer [her] henpeger paa en Grundform Gråtsvellir. Til Grund synes at ligge et oldn. Substantiv \*grátr». – Eit slikt terrengord eksisterer, vel å merke ss *gråhtjoe*, *kråhtjoe*, *krahtjoe* «smal liten dalgang, lita kløft». Ordet blir også brukt om område som har fullt av slike fører (renner), jf *gr̥hčō* og *r̥hčō* (Qv 717) samt ns *rohči* «innsnevring», d.e. samantrengt parti av elv eller dal, ls *råhtje* "avsmalka, trong dal" (iblant steinut). Grosvoll kan ein òg samanlikne beinveges med naturnamna Grosdal i Birkenes og Grossøyi i Tinn. Ei vanlegare fornorsking er likevel bunden form *Gråten* pluss ymse sms namneformer på Gråt- eller Gråtar-.

**Gullarsrud** *['gullarsru]*, *['gullærs-]* Fiskum Øvre Eiker gnr 142: Gulormsrud c1400, Gulasrud paa Fiskumstranden 1545, nördre Gullarssrud (Ødegaard) 1545, Gullacksrudt c1575, Gulandsrøtt 1625, Gullichsrød søndre 1661, Gullichsrud 1723. – Dei tre eldste skriveformene gjer det lite sannsynleg at eit mannsnamn utgjer førsteleddet. Det er tale om Fiskum og Fiskumstranda og det fell naturleg å ta utgangspunkt i ss *guele* "fisk", slik ein har det i sms *guelie-tjonne*, *-tjånne*, *-tjönne* "fisketjønn", berre at det her er tale om ei elv. Vi kan tenke oss Gulorms-, Gullars-, Gulas- som radikalt forkorta former av \**guelie-årrome-sijjie*, el. \**guelie-arreme-sijjie* "fisketilhaldsstad".

**Gullingsrud** *['gullingsru]* Nes Buskerud gnr 38: Gullingbrud 1657, Gullingsrud 1723: «Forklares i PnSt S 100 af Mandsnavnet Guðleikr (nu mest Gullik).

Lydforholdet har ogsaa ellers Sidestykker; f. Ex. i Hellingsrud Lardal GN. 24 af Herleiksrud (Bd. VI S. 372). Jfr. dog de svenske Gaardnavne Gullunge, Gyllinge, der muligens kan indeholde et Personnavn». – Gullingsrud ligg ved elva Todøla like før ho fell ut i sjøen Brommafjorden, ved Gullingsrudodden, sml ss *\*guelehks* attr, *gualijes*, *gualijs* fiskerik (om sjø og vatn). Også **Gullingsholmen** i Lillesand er eit interessant namn i den samanheng.

**Gusstad** |"gussta| Modum gnr 47: Gusestadt 1578, Gussustad 1617, Gusestad 1668, Gussestad 1723: Vegen oppetter åsen frå Gusstad svingar om øvre enden av ei trong kløft som må ha vore brysam: Jf *gur'sō* «trong kløft, skør i fjellside» (Qv368 frå Tysfjord og Arjeplog) = ls *gur'so* «djup, smal skreva el fåra» (Korh.) = *gurssjo*. Skriveformer frå 15- og 16-hundretalet med bortfall av **r** er ikkje til hinder for slik tolking av gardsnamnet. I si drøfting av Gusstad-namnet er Rygh elles inne på **Gussøya** i Trondheims-leia: Ho smalkar av på midten og er mesta skoren i to av eit bratt skard tvers over, men der kan førsteleddet også vere *gaus* «rund hump».

**Gylte** |"jylte| Rollag bnr 58,2: «Gylcke (eget M.No., men brugt under Kjomme) |723. Ogsaa senere skr. Gylke». Kjomme-gardane ligg nordanfor Kjommeåi, Gylke alias Gylte ligg på vestsida. Gylke har då oppstått av ss *jillehtje* vestsida; vestre (-). For norsktalande er *\*Jiltje* ikkje så lett å få meining i, men truleg speglar skriveformene Gylke (sagt Gylkje?) og Gylte uttalemåtar som har vore brukt i norsk.

**Gåsterud** gnr 16 Ål i Hallingdal: Gasterud 1657. Er eit eineståande gardsnamn. Gåsterud i lag med Rikansrud har talrike djupe skard eller trør i fjellsida der det venteleg renn kald luft, jf ss *goestedh* "iskald vind langs bakken", då også i kortform *goesth* i sg. Låneform av norsk *gust*?

**Hjarnes** |"jārnes| Sandsvær gnr 38 Kongsberg: Hiarghunæs 1404, Jernus 1352, a Hyergænesse 1515 (falsk), Hiergenesze 1515 (falsk), Hiernnes 1604, Hiernes 1604 og 1626, Jernes 1667, Jarnes 1723. «Forklares .. af Elvenavnet *\*Hjarga* (der antages at høre sammen med *hjørð* "Hjord"): dette maa da have været Navn paa Eggerelven (Støleelven), der munder ud i Laagen lidt søndenfor Gaarden». Det er å innvende at forleddet Hiarg(h)u-, Hiærg(h)u- ikkje finst i andre gardsnamn. Det kan knapt vere anna enn eit forsøk på å skriftfeste og kasusbøye ls *njårgga* = ns *njårga* «nes; halvøy», ss *njaarke*. Hjarnes alias Jarnes i Sandsvær ligg nemleg på ei diger halvøy i Lågen, av omfang ikkje ulik det høgare **Jarnes** i sjøen i Sykkylven. Jarnes i Nes er ei halvøy laga av bekkar, **Jarneset** i Senja er eit stort nes i Rossfjordstraumen.

**Hoffar** |"håffår|, |"håffar| Sigdal gnr 30: Hafforu (Gen.) 1350, a Hagfuru c 1370,

Haffer 1514, Hafar 1528, Haffar 1529, Hoffaa 1578, Hoffer 1593, Hoffart 1617, Hougfard 1668, Hoffort 1723: «Den oprindelige Form er rimeligvis \*Hagfura, der synes at betyde: et i en Indhegning staaende Furutræ». – Lydleg kan nok uttaleformene tilseie slik tolking, men kva skulle ei slik inn-gjerding vere for? Slik garden ligg til, har det meir for seg å tillegge Hoffar |'håffår| same tyding som ls *oaivor* = *oaivvura* 'krönet av en backe'. Merk at særleg ls ord ofte finst i dublettar med og utan framlyd *h-*.

**Hørjusingard** |'hørjusingal| Nore gnr 138: Hyrudzgarden 1404, Høriulsgaard 1668 og 1723: «Navnet, der paa AK. skrives Herjulfsgaarden, forklares ..... af Mandsnavnet Herjulfr, men kunde ligesaagodt komme af Hergils, senere Hergjuls, nu Herjus. Dog taler den i ældre Tid forekommende Skrivemaade Hørjulfsgaard for den førstnævnte Udledning. Formen af 1404 er paafaldende, men maa høre hid...». Dersom ein etter ls og delvis ss skikk ignorerer framlyd **H-**, blir skrivemåten Høriulsgaard 1668 og 1723 og uttalen Hørrjus- med l-bortfall liggande tett opp til ss *örjel-*, *urjel-*, *urjil-* = *äärjel-* «sør-».

**Jodokk** |'jödökk| Hemsedal bnr 54,3: «Vistnok af Mandsnavnet Jo ... Mindre rimeligt er det, at den nærliggende Elv har været kaldt Joa, hvilket Navn ... antages at foreligge i Jorud i Trøgstad GN 103. Døkk f., Fordybning»: Det er pga lokale tilhøve vel så rimeleg at førsteledet er ss *johke* «elv, bekk».

**Justad** |'jussta| Lier gnr 61: i Igustadum RB, 100 (saa er vist at læse, ikke Ign-), Iulstad 1528, Iffuilsstادت 1578, Juelstادت 1593, Jullstادت 1617, Justad 1723. Justad-gardane og især bnr 1 ligg som langsmale høgder mellom djupe, nok-så breie erosjonsdalar, det passar med ss *jille*, *jalle*, *jolle* «høg» = *jille*, *jalle*, *julle* (Hasselbrink). Skriveform Igustadum kan botne i eit mistydd \*i Jullstadium, grunna likskap med gno *ígull* «kråkebolle, karibolle» i former som *ije(d)l* og *ijill* frå Hallingdal og Ryfylke (NO 5: 1081)? Det siste, heilt uvedkommande ordet går att i sms *igeltuve* i nord, variant *iltuve*.

**Killingstad** |'killingsta| Hurum gnr 10: i Kidingstadum c 1400, så Kidingstad, Killingstad 1366-67, 1441, Kindingstad 1450, Kilingstad og Kilinstad 1528, Killingstادت 1578, 1593, 1617, Kiøllingstادت 1557, Kyllingstad, og Killingstad 1723. Dei eldste formene på Kiding- peikar i retning av *kidða* el. *kidda* lik ss *gijde* = *gijre* «vår» der det avleidde *gijdege*, *gijrege* (= ls *gidak*) tyder «om våren»: *Gijdege-* vart vel tidleg fornorska til Kiding- og så omtolka til Killing-, Kylling- etc. Namnet kan innebere at området vårar (vårast) tidleg.

**Kjørstad** |'kørsta| Sandsvær gnr 64 Kongsberg: i Kirfuastodum 1378, Kyruestadom 1447, Kerwestath 1565, Kiørfestad 1375 (uekte), i Kerffuestadum og Kierffuestad, Kyerffuestadh 1538, Kirffuestad kring 1585, Kiøruestad 1593, Kiørrelstادت, Kiørrestادت 1604, Kiørrelstad 1605, Kiørwellstad 1626,

Kjørffuestad 1667, Kjørstad 1723. Kjørstad-gardane ligg visst alle slik til at at dei opphavleg var noko ukjøme pga myrar, mange bekkar, svært uslett lende, utgrunne vikar osv, så det var tungvint å ta seg fram dit, merk ss *gervedh* gjere ein omveg, gå utanom, ikkje vitje.

**Kodalen** |*kōdæten*| Sigdal gnr 169: Østre Koedahlen 1723. – «Samme Navn i Sande ... GN 121,6. Sognavnet Kodal i Andebu skrives i RB Kwadadal ... Samme Oprindelse har vel ogsaa Kvarud i Spydeberg GN 47,4 (Kuadorud RB 177), Kaatorp i Rakkestad GN 249 (Kuadorp RB 158), Kvaafjord i S. Undal, Kvaastad i Holt og Kvaavig i Lyngdal». – Skriveform Kuadorud og Kuadorp c 1400, men òg Kwadadal peikar helst mot ordavleiingar knytte til ss *gåatoedh* v «å beite» (om rein), såleis *gåatoje bovtse* beitande rein og *gåatome* beite(land). Mindre relevant blir då den likskapen med kvade (koa o.l) «harpiks» som NG nemner.

**Kofstad** |*"kåffsta*| Fiskum gnr 135 Øvre Eiker: i Kopstadum c 1400, Kopstadhe c 1450, Koustadt c 1575, Koffstadt 1578, Kouffstad 1593, Kopbtad 1661, Kofstad 1723: «Samme Navn som Kopstad i Borre og Sande (i Kopstadium 1348) og Hof og som Koffstadt, forsvundet Navn i Modum. Første Led er antagelig *koppr* m., Kop, halvkugleformet Forhøining eller Fordybning; jfr. Modum GN. 104 og 114. Den i Bd. VI S. 32 som en Mulighed opstillede Forklaring af *kaupstaðr* "Handelsplads" synes at strande paa Formerne fra MA». – Slik terrenget på garden Kofstad i Øvre Eiker fortonar seg, synest ei «halvkugleformet Forhøining eller Fordybning» ikkje å gje meining, medan ss *gaavestahke* «område der ein bekk gjer store svingar» (flt *gaavestakh*) treffer blink. **Koppstad**-gardane i dagens Horten og Holmestrand, derimot, har aavrunda haugar og humpar som sitt særmerke, jf ls *gåbbå* og ns *gobba*, sjå neste.

**Koksrud** |*'kåksru*| gnr 12 > gnr 191 Hole: Koxrud 1723: «Vel samme Navn som Koksred i Smaalenene (Berg GN. 42), der i 1593 skrives Koxrød ... \*Kolsrud kunde gjennom \*Kofsrud blive Koksred, paa samme Vis som ufs (brat Styrning) i enkelte Dialekter er blevet til oks. For denne Forklaring taler bl.a., at Kokshus i Nes Hdm. i 1387 skrives i Kofshusum». – Resonnementet er velfundert, men kan nyttast annleis òg: Kokshus og Koksred ligg på ein nokså typisk *kobbo* = ls *gåbbå* «(avlang) rundvoren kolle», ns *gobba* (i Sverige); Kokshus òg ligg på ein *kobbo* litt mindre enn dei andre to. Med forklarande (epeksegetisk) tillegg av *-ås* oppstår Kobbåsen og Koppåsen, kjent frå mange stader i landet, men i ei ny sms \*Kobbåsen, -rud og -rød kjem reduksjon av førsteleddet: Kobbåsen -> Kobs-, Kops- -> Kofs- el. Koks- .

**Koparvika** (Kobberviken) |*"kåparvike*| Bagn gnr 50 > Sør-Aurdal: «Der er ikke faa Stedsnavne, som i Lighed med dette ikke synes at kunne have andet end

Metalnavnet Kobber til 1ste Led. I de fleste af disse Tilfælde har jeg hidtil ikke kunnet finde nogen rimelig Forklaring". **Kaparviki** (Kobberviken) |"k̄a-parvikji| er bnr 4,3 i Gol, og NG gir mange døme på bruk av det same førsteleddet, men «det er vanskelig at finde nogen anden Grund til Navnet end Vandets eller Bundens Kobberfarve... Kapar er den hallingdalske Form for 'Kobber'». – **Kobberdal** |"kåbbardal| gnr 16 i Dønnes, no Dønna, skrivst *vid Kopardale* i AB, og i ny tid er skrivemåten atter blitt **Kopar-**. Til desse gards- og bruksnamna føyer seg talrike naturnamn med det same førsteledd.

Metallet koppar er det knapt tale om, då heller eit terrengord, jf at ns *gobba* (Sverige) er «bergknatt», ls *gåbbå* «(rundaktig) kulle, litet berg (utan branta sidor)», «berg med berr topp», sml ss *gahpe* men også *gappa* «en flataktig forhøining på høifjellet, en liten forhøining på flatt land» (Qv 315). Kopar- og Koppar-namn kom neppe opp via deminutiv *kopátj* variant *\*kopasj* > *\*kopars* (jf oslo 95), det er visst snarare Kobba- som er blitt slumpesamt fornorska til Koppar-, Kopar-, i Hallingdal altså Kapar- (og der er ein kobbo). Koparviki i Bagn ligg nær Bølesknatten, og på same liste legg vi til Kopparstranda i Drangedal, Kobbardal i Dønna, Kobbartuva i Meløy, Kopparløyken Vestvågøy o.m.a. Alle stadene samsvarar topografien med *gobba*, *gåbbå* i den tyding som er nemnd.

**Kovestad** |"kåvesta| Lier gnr 118: i Kofstodum 1376, i Kagastadum c 1400, Kaagestad 1528, Kopsta 1542, Kogestadt c 1575. – Skriveformene sprikar, og det er vrient å finne eit norsk terrengord som opptrer i så mange varianter, men slikt potensiale har ns *goppe*, g. *gøbe* eller *gøve* «hulning, fordypning, søkk, rundaktig dalsenkning, hole» (Qv 324): Garden ligg høgt og fritt, men har mange djupe søkk omkring, særleg i søraust.

**Krakstad** |"krakksta| Norderhov gnr 97 Ringerike: a Krakstadum 1458, [Krakstade Cod. AM. 880], Kragstad 1528, Kragstadt 1578, 1592, 1604, 1617, Krakestad 1657, Krachestad 1723. – Merk at ss *krahtjah* attr = *krahtjoeh*, *kråhtjoeh* (om dal) vil seie «trong», og (om område): «som har mange tronge passasjar». Det er dekkande for det veldig kuperte Krakstad-terrenget.

**Kravik** |"krāvík| Nore gnr 165: Krauig 1568, Kraguig 1593, Krauiig 1600 og 1604, 1626, Kragwig 1668, Krawig 1723: «Af *krake* m., vantrent Træ, hvoraf ogsaa andre Stedsnavne er dannede». – Fullvisst er det no ikkje at \*Kravik er den opphavlege namneforma, i staden for krake kunne det bli tale om kragg m (NO 6: 1007), som rett nok burde gje uttale med kort a, men lokal topografi gjer at vi like snart må tenke på ss *kråave* «grop, gryteaktig lægd i lendet» (truleg lånt frå norsk).

**Krosgarden** |"krøssgalen| "opgivet" |"kårs-| Sigdal gnr 158: Kaarssgaardt 1604.

Korßgaarden 1617. Kaarsgaarden 1668. Korsgaarden 1723: «Navnet forekommer fl. St., uden at det i hvert enkelt Tilfælde lader sig afgjøre, hvilken Betydning af kross der foreligger»: Skriveformene er i samsvar med uttalen *Kors-*, så *Kross-* er nok ei fornorska form. Garden ligg mellom to bekkar med til dels djupe åfar: Is *gårsså* «ravin, trång, djup bäckdal» (Spiik), «smal bäckdal med branta väggar» (Korhonen), ns *gorsa*, ikkje lenger i bruk i ss.

**Liveland** |*livellann*| Flesberg gnr 95: Lifuoland 1439, Liiflandt 1528, Lyffueland 1536, Liffueland og Lyffuelandh 1537, Liffland c 1585 og Lyffland 1626, Lifland 1668, Lifland 1723: Is *livva*, ss *lyvve*, *lovve* tyder kvile(tid) for rein (o.a.), og ns *livva-* tyder kvilestilling for dyr. Kvileplassen var kanskje **Ringdansen**, som er «inngjerda» av bekkar? Det er ikkje utenkeleg at det siste namnet skildrar korleis reinen kan oppføre seg i ei innhegning.

**Lobben** |*løbben*| Modum gnr 123: Lubben 1578, Lobenn 1593, Lobben 1604, 1617, Luben 1668, Lubben 1723: «Ogsaa paa Ø. Eker GN 183.184, skr. i Loghbø RB 192. Samme Navn er Laaby (udt. lø`bby) i Rakkestad GN 137, skrevet i Loghbø RB 157, og **Laaby** i Berg Sml. GN 66,1, skrevet i Logby RB 502. Den oprindelige Form synes ... at maatte være \*Løgbær (-býr), af *løgr* m. "rindende Vand"». Rygh er likevel i tvil, av di vi i Rakkestad sitt tilfelle ser skriveformne Løbbæ alt i 1368 og Lobbe i 1370: «de anførte Former .. forudsætte, at Navnet allerede da udtaltes omtrent som nu); nogen rimelig Forklaring er ikke funden». – Ein bekk frå sør renn gjennom garden Lobben og ut i Simoa, og kartet viser at der var ei utviding av bekken like før: ss *loebpele* tyder 'lita tjønn'. Bortfallet av sistestavinga *-le* er som i talrike **Loppe**-tjønner og -tjern <Loebpele- austafjells. Det er elles tenkeleg at Lubben, Løbben kunne oppstå av ei sideform \*Lubber tillagt bunden artikkel *-en* (vsa \*Lubbel), i nord finst både Luobbal og Luobbar. – Elles kan det ikkje allstad ha vore så at *løgr* var "rindende Vand"», for Laugen i Risøyhamn (Andøy) er ei myrtjønn, Lauen i Bø i N. var òg ei myrtjønn, Laugen på Trondenes det same. I samsvar med det kan nemnast at det litt nord for Låby skole i Halden synest vere ei tørrlagt tjønn, medan Låby i Rakkestad rett nok ligg ved bekkar, men desse kjem delvis frå Låbytjern i aust.

**Lore** |*löre*| Hole gnr 8: a Lodrom 1460, paa Lore 1528, Louffuere 1578, Lorre 1595, Loure 1617, Lure 1604, Lorre 1657, Lore 1723: «Navnets Oprindelse er ganske usikker». Forma på den lange og særmerkte Loreåsen tilseier at det kan vere tale om ss *lávre* lur (blåseinstrument), eit ord som i skriveform *lovre* står for (gevær)kule, opphavleg vel sjølve børsa, «luren». Jf **Lovra**, Rogaland. – Lodrom 1460 er nok ei mlno feilnormering ð for v.

**Ludderud** |*ludderu*| Gol bnr 24,24: «Forklares som en Forvanskning af Lute-

rud ... Gaarden ligger i en Helling». Ludde- er snaare *luodda* «spår (etter människa eller djur; samma betydelse oskså i skotlapskan); Härj[edalen] *luottē* die Spur einer ganzen Renntierherde (sv. dial. ren-slo). Kanske nordiskt lån; no. *slod* f. spor, optraadt vei (oslo 120, NL 225)». Sml ss *loedte* «spor etter reinflokk» (særleg om vinteren). I Gol sitt tilfelle finn ein att på kartet **Ludderudvollen**, der nyare vegar synest følge eldre far. På Ludderud i Nore og Uvdal går derimot den gamle stigen rett opp åssida frå garden.

**Låg** |lå:g| Flesberg gnr 71: Liaag 1723. "Ligger ved Laagmyrerne. Oprindelsen er ganske uvis": Garden ligg i hallande lende, men i nordkant av Lågmyran er det eit flatt stykke dyrka mark. *Låg* er fornorsking av eit ordform som svarar til ls *lako* 'stor grasslåt i fjällen, fjällplatå' (Spiik) og ns *laku* vid, men ikkje djup lægd på fjellet. Eigentleg samisk innlån av no. *flag*, som også går igjen i ss *plaaakoe* 'låg slette'.

**Meskestad** |"mæskesta| Sandsvær gnr 86 > Kongsberg: i Meskastadum, i Mæskistadum c1400, Meskestadt c1575, Meschestadt 1604, Meschestad 1626, 1667, Meskestad 1723. "Oprindelsen er usikker". – Kanskje ikkje så usikker likevel, førsteleddet i Meskestad er vel ss *meskie*: det inste av ein attlukta dal, i dette tilfellet nede i låglandet.

**Muserud** |"museru| gnr 77 i Røyken: Musarud, Musærud c 1400, Mußerrudt c 1575, Muserudh 1578, 1617, Muserød 1723. Er òg gardsnamn i Asker, Bærum og Røyken. Garden i Bærum ligg i ein liten dal som skjer tvers over to elvenes i åa Lomma, alternativt: Muserudbakken er ein lang, bratt bergrygg som går tvers over, innafor to elvenes. Over garden i Røyken i Asker kjem eit djupt skard frå nord og sør. – Om sjølve namnet Muserud seier Rygh at "det naturligste er at udlede direkte af Dyrenavnet". Korleis? Saktens kan folk innimellom ha tenkt på eit område som "mus-ete", men det finst elve- og bekkenamn som må ha heilt anna forklaring: Musa heiter ei elv på Dovre, med uvanleg beint far over ei lang strekning, langt på veg det same for **Musa** i Øyer og i Gausdal og dertil Musdalselva i Agdenes, og i Ulvik renn ei å nær ved Musakolhaugane. Liknande gjeld også for Musbekken i Midtre Gauldal og på Dovre – og endå fleire stader der Mus- inngår i namna på ganske beine vassfar. Det rette **Museråfjellet** er topografisk særmerke for bruket Muserå i Froland. – I Flesberg ligg Museplassen like vest for Rambergelva, som renn beint sørover frå Museplassdammen. Truleg heitte då elva tidlegare Musa. – Relevant er derfor *mocchetet*, *moccostet* v "tage den korteste Vei, gaa Gjenvei" (Friis), i adverbial form: *mocco* = *mucca*: "uden Omvei, benest", og som adjektiv *moccas* = *mucces* 'kortest, benest (Vei)'. **Mussingdalen** i Langenes i Vesterålen er òg ein snarveg, frå bukta midt på sørsida av Alsvågvatnet og oppover – sørover.

**Myking** |*"mikiŋ*| Nes gnr 67: «Sæterlag ved Mykingvatn, hvorfra Mykingelven rinder ud i Rukke. Samme Navn bærer Gaarde i Aal (GN. 93), Haus, Manger og Lindaas»: Alle Myking-gardar ligg så til at det høver med *miehttje-*, *mähhttje-* «ut-, avsidesliggende; (essiv) *miehttjen* .. langt borta (i allmänhet)» (oslo 129), jf òg ss *miehttjes* «avsides» og *miehtjene* «bak, attom; avsides, langt borte i nord», så vel som ss *miehtjebe* «lenger bak, på nordsida». Ei form *\*miehtjege* som beinveges parallell til fornorskinga *míking* = *Myking* er ikkje funnen, men essiv *miehttjen* høver godt med læget til øygruppa (*i*) *Myken* i Nordland.

**Niskind** |*"nísjinn*| Hole bnr 1,6: «Har vel oprindelig været betalt med 9 Skind». – Naturlegare er å tenke på ss *njiskiehtidh* «skli, rutsje» eller *njieskiehtidh* gå på knea, ta seg langsamt ned i bratt lende, då bruket er svært brattlendt, og endå meir knausane ikring. «Niskinn» er helst ei vilkårleg fornorsking av eit handlingsnomen *\*nji(e)skem*, for overgang frå *-m* til *-n* i slike ordformer skjer lett i samisk.

**Pipargarden** |*"pipargalen*| gnr 193 i Nore (og Uvdal) gjekk i skrift lenge under namnet Kollandsrud: Kollensrøtt 1626, Kollandsrud 1668 og Kollandsrud 1723. «Daglignavnet kommer af pipar "Fløitespiller", der findes i flere Stedsnavne». Garden ligg på ei hylle temmeleg høgt over Norefjorden, og namnet er snarare ei sms av ss *bijjebe* «øvre» og ss *baartege* (i nom sg òg *baarth*) «kanten av fjellet; tregrensa, skogbandet» (Qv65b) > *bijj'baar'*- > Bipar-, Pipar-. Merk at *baarth*, *baartege* òg finst i forma *bertie*, og her kan sms *bijj'ber'*- > ende som Pipper- el. Pepper-.

**Portåsen** |*"portåsen*| Nedre Eiker bnr 16,35: Burta aas c 1400, Porttaaß 1578, Portaasen 1621, Portaaßen 1661. «Formen i RB. synes oprindelig, men er vanskelig at forklare; maaske Burtiási eller Burtáási, borte i Aasen». 1400-talsforma peikar snarare mot ss *burtie* «kant (på skjerenål, øks, fil)», men òg «bergrygg»: Ved garden er fleire slike, nokså kvasse. Merk dertil ss *bortege* «(skarp) kant». Skriveforma *Burta* ass er då utslag av gno kاسوبøyning. – Portåsen i Enebakk i Østfold synest å ha fått namn av det tronge skardet Porten på autsida, men til ein trong passasje å vere er det eit påfallande namn. Der er fleire markerte kantar i sørkant Portåsen, så det spørst om ikkje namnet Porten er ei omtolka norsk namnelaging sekundær til namnet Portåsen, også i dette tilfellet å tolke som *\*Burta-ás* <ss *burtie*?

**Purkestad** |*"purkesta*| gnr 122 Etnedal Oppland «er vel et nylavet Navn» (NG) og Purkestad |*"purkesta*| bnr 140,5 i same bygd er berre så vidt nemnt, men **Purkestad** |*"purkesta*| Hemsedal gnr 76 skr. Gylttestad 1617, Purchestad 1657 blir kommentert noko fyldigare: «Navnet er interessant ved den Ombytning, som har fundet Sted, af det gamle *gyltr* f. (*gylta*) 'So' med det frem-



mede Purke (fra latinsk porca)». – Her er eit veikt ledd i resonnementet: Ein bør nok aller først tenke på ss *båarke*, *båårhke* «fjellpass», i grunnleggande tyding «innsnevring», «avsmalning», «smalt parti», men dessutan brot eller avbrekk – liksom ls *boarkka*, ns *boatka*. At skriveforma Gylttestad 1617 ikkje slo igjennom, viser vel berre at nokon ønskte å fiffe opp det tradisjonelle namnet Purkestad? Begge Purkestad-gardane har smale lægder med gammal veg over, i Hemsedal sitt tilfelle søraust for garden, i Etnedal sitt tilfelle vestanfor garden. I høg grad eit smalt parti er òg sletta eller myra **Purkestadfeten** i Nord-Aurdal i Oppland.

**Ramsrud** er gnr. 179 i Nore og Uvdal, dertil bruksnamn i Flesberg, Ringerike og Rollag, så vel som i Gjøvik på Oppland. Truleg svarar førsteleddet i alle namna til ns *rámšku* «svært ujevnt terreng med humper og fordypninger» evt. til varianten ns *rámšu* i same tyding (Qv 695, 696). Det høver iallfall for førstnemnde.

**Rukke** |"rukke| Nes gnr 65 >Nesbyen: «Ruche 1723. [Ogsaa skr. Ruke]. Utleides i NE S. 200 af Elven Rukke, ved hvilken Gaarden ligger. NE S. 37 angives imidlertid denne Elvs oprindelige Navn at have været Eiða (se GN. 56). Maaske har den under sit Løb skiftet Navn, ligesom den ovenfor Rukke endnu kaldes Markeelven. Elvenavnet \*Rukka (Hrukka) er aabenbart samme Ord som oldn. (*h*)rukka f. "Rynke, Fold" (Folkespr. rukka), en Sideform til Folkespr. *skrukka*, hvoraf Elvenavnet Skrukka (se NE. S. 229). Rimeligvis sigter Navnene til et trangt Elveløb, der ligesom danner en Rynke i Landskabet». – Ovanfor Rukke er eit åsdrag som kan hende nokon kunne kalle ei «rukke», men i elva rett nedanfor er eit trongt parti av den art som på ss blir kalla *ruhtjenimmie* «trongt landskap med stryk der elva går kvit». Det er i utgangspunktet ein *ruhtjie* «trong, djup dal».

**Sausgarden** |'sausgaten| Hol bnr 57,5 - jf «GN. 6,2 Sausgaardhaugen. Maa høre sammen med Gaardnavnet og saaledes være opstaaet af Saupsgarðr. Første Led er saup n "Kjernemelk", her vel sigtende til Jordbundens Bekaffenhed». Merk då at ns *suohpa* (Nesseby) tyder "overgangsstad over myr", det passar både for **Saupstadmyra** ved Saupstad på Gimsøya i Lofoten og for **Saupstadmyra** på Saupstad i Trondheim. Avleidd ord *suohpaš*: overgangsstad (i elv), grunn stad i elv, i det heile stad der folk eller dyr greier å passere, t.d. på **Saupstad** i Borge i Lofoten; også om eid mellom fjellvatn, eller vasskil. I Sausgard sitt tilfelle vel ein passasje over Usteåni nedanfor garden.

**Sessrud** |'sessru| gnr 175 Norderhov Ringerike blir kalla Serdsrud 1723. Denne einlege seine skriveforma seier lite, då uttaleskilnad mellom utlydande -rs, -rds og evt -sj er liten. Uttalen med trong é i lag med just forma *Serds-* fører likevel tanken til ss sertiestedh = *sertedh*, *sirtedh* v «flytte (eitkvart, td rein-

flokken) frå ein stad til ein annan»: Interessant nok ligg gnr 175 Sessrud side om side med bnr 176,7 Finnerud, på kvar si side av ein bekk, det kunne tyde på historisk vekselbruk.

**Skirvemoen** |*"sjirvemon*| Nes bnr 58,36 > Nesbyen, «etter Elven Skjerva ... ved hvis Udløb i Rukkeelven Gaarden ligger». – Like før ho fell ut i Rukkedøla gjer Skirva to tilnærma rettvinkla svingar, sml ns *skirvehit*: gjere ein krapp sving. Namnet har derfor neppe med *skarv* «naken fjellgrunn» å gjere.

**Skitthegga** |*"sjittegga*| kjem frå Heggsjøen og går til i "Røkenelven", Heggedal i Asker. Ved den elva ligg Heggum nordre |*"hæggåmm*| gnr 14 Røyken, skr. i Hæggæimum 1264, Hæggeim c 1400, Hæggeim 1528, Heggim 1593, Heggan 1723. (Heggum søndre er gnr 65). Særmerkt for elva **Hegga** (Skitthegga er ein del av denne) synest vere langsmale naturengar med frodig gras- og skogland. Det påfallande elvenamnet (Skitt)Hegga kjem då mest truleg av ss *-hagke* «stad der det veks tett og frodig», forledd ss *sjidtije-* «i vekst, vek-sande», neppe ss *sjædtoe* vokster, vekst, plante»: *i* i 1.staving gav uttaleending -a->-æ->-e- i sisteleddet: |*"sjitt(h)agga*| >|*"sjittægga*| >|*"sjittegga*|?

**Sleviken m. Vemmestad** |*"slēvikann*| Krødsherad gnr 185: Sleuiigh c1575, Sløuiigh 1578, 1593, 1604, 1617, Sleuigen med Øde Hambre; Vemmestad særskilt nemnt 1668, Slevigen 1723. – **Slevika** bnr 77,4 i Marker ligg ved den grunne Slevikbukta, med eit landskap av same art i Slevika i Ålesund og Inderøy. Jf her dei talrike **Slenes**-lokalitetane, og ns *šlæddo* (= *læddo*) bl.a. om «grunn stad i elv (med slett botn langt utover)», normert *šleaddu* (då òg om stor flat slette på høg fjellet, men også om svaberg eller stor steinhelle, Qv 855). – **Vemra** er etter dagens kart å dømme namnet på ein stor bekk frå Rishovdtjenn (midtre del kalla Midtløken) som fell ut i Ørteselva; denne går til Langvatnet. Vemmestad ligg like ved Vemra, men heiter no Sleviksætra, jf ss *vuemie* «vid dal med skog». Vemra passerer eit område med tjukk skog.

**Smattan** |*"smattan*| Hol bnr 11,3 «maaske oprindelig Smattang, som det ogsaa har været skrevet (O.R.) Overgangen af *-ang* til *-ann* vilde da have Side-stykke i Kaupang i Botne og Tjølling, der udt. *kaupann*. Maaske egentlig Navn paa et nærliggende Tjern; isaafald vel opr. Smattand, sigtende til Vandets smattende Lyd». – No ligg sætra Smattan ved eit langstrekt myrområde, grumsut brunfarga på ortofoto (nærmast ei grunn tjønn). Jf ls *smadja* (Spiik) = *smaddje* (Korhonen) = *smadje* «grums (i vatten): gyttja och skröp, som röres upp när man rör i botten på en sjö eller å» (oslo 205).

**Spikkestad** |*"spikkesta*| gnr 6 i Røyken: Spyckestade 1499, Spiggestadt 1578, Spickestad 1593, Spichestad 1723. «Forklares i NE ... af et Elvenavn \*Spikk, der synes at ligge til Grund for flere Stedsnavne. Hvis der her er no-

gen Bæk, maa den være meget ubetydelig. Vel snarest af spikke m. "Smaa-fugl"». Litt meir konkrete er to andre teoriar: Den eine eit forledd *spičča* «en egn med småskog» (Qv 806), normert ns *spihčá*, *spihča* «pisk, sveie», ls *svihtja*, men aller helst ss *spidtje* nybygg, småbruk» = *spittjē*, pidtja «stuga eller dylikt som håller på att byggas; nybyggd gård» (oslo 208 og 154).

**Sønju** |"sønju|,"synju| Øvre Eiker gnr 180: Sønniu c 1575, Sinyulff 1578, Synuff 1593, Sønnie 1621,1626,1661 (med Øde Sønnie og Nordre Sønnie Hauffue), Synie 1723. – Det flate Sønju ligg på sørvestsida av ein stor sving av Bingselva, og innmarka vekslar med ganske mange store og små fuktigare myrparti, skogkledde. Det høver med ns *suotnju*, var. *suonju* (Lyngen) flat blautmyr med starrgras, men utan tuver, bekkar eller ope vatn (Qv 824), jf fi *suo* myr. – Om sisteleddet som ter seg i formene *-ulff* (!) 1578, *-uff* 1593 og *-hauffue* 1661 blir sagt: «Til Stedsforholdene passer bedre *efja*, idet her er en saadan. Jeg formoder en Grundform\*Svinefja, identisk med Sognavnet Svene ... Heraf ved Sammendragning Svinja, Genitiv Synju»: Like snart er desse to første formene reduserte former av ss *njuvvie* «straum». Det seinare *-hauffue* minner meir om ls *njavve* = ns *njavvi* «lite stryk».

**Såstad** |"så:sta| gnr 60 i Rygge 160 Moss: i Sadastadum 1409 -10. Saadestadt c 1575, Saastad 1593 og 1599, Saaestadt 1603, Saaestad 1612. Uttalen er eins for Såstad gnr 123-124 på Stange i Hedmark, men skrivemåten er aldri tostavings: «a Sastodum Sverres Saga ... Paa Gaarden stod i MA en Sognekirke, hvis Sogn, Sastada s., nævnes RB» c 1400, dertil Sodstad 1520, Saastadt 1578, 1593, Saastad 1604, 1669, Saastad 1723. Tilsvarende gjeld for **Såstad** gnr 152 Modum: Sastadt 1578, Saastad 1593, 1604, 1668, 1723. **Såstad** |"såsta| bnr 12,2 Våler i Østfold skrivst i Sodstadum, i Sodzstadom og Sodstadh c 1400, Suadestadt c 1575. Ortofoto av Såstad i Rygge tyder på nokså sandblanda jord; skriveforma i *Sadastadum* liknar då også sterkt på ss *saadtes* eller *saadtestahke* «sandstrand, sandstrekning», og trass i dei noko avvikande skriveformene synest det same i høg grad å gjelde for gardane i Våler, Stange og Modum.

**Teserud, Tesserud** |"teseru| Norderhov bnr 102,4 Ringerike, «vel samme Navn som Tæsarud RB. 319, Tæsarud RB. 329 s. Noget sikkert om Oprindelsen kan ikke siges». – Området er avgrensa av (kjelde)bekkar og merke etter tjønner og pyttar på fleire stader, jf innsjønamnet **Tesse** og ss *tjaetsie* «vatn», ls *tjáhtje* og ns *čáhci* ds. Har namneformene si forklaring i ein tidlegare uttale med trong Tj-, nokså lik (norsk) palatal t ? Like problematiske er namn på **Tass(e)**-.

**Ustad** |"ussta| gnr 5-6 Hurum>305-306 i Asker: i Viuldastadum c 1400, Ulduilstad 1317, Ouidstad, Ouedstad 1528, Oustadt 1578, Oudstad 1593, Wustadt

1617, Ugstad 1723. "Forklares af Kvindenavnet Ulfhildr; det første l maa da være udtrængt ved Dissimilation". For **Ustad** ['*ūsta*] Froland gnr 5 i Aust-Agder er gamle skriveformer ikkje kjent. Pga dei eldste skriveformene av gardsnamnet i Hurum må også nemnast **Uvilla** ["*øhviljlja*], dativ |-en| Verdal gnr 153 >600: i Vlwildenne c 1413, Vluill 1610, Uldwillen 1723. – Særmerkt for Ustad-gardane i Hurum er ei slak flate med bratt avfall mot aust, der Øvre Ustad ligg. På vestsida av flata stig det ein tilsvarande bratt kant; her ligg Vestre Ustad. Ustad i Froland ligg på ei like brattkanta hylle ved Nidelva. – Endå større er den brattkanta hylla der Ulvilla ligg, ved Helgaa. I flg. I. Aasen skulle det då vere tydeleg at sisteleddet i desse namna er gno *hilla* f "smal Flade i en Klippe (= Hjell)". Dei lange og bratte kantane tilseier dessutan at forleddet ikkje kan vere anna enn det ulv-, olv- som går att i talrike stadnamn og som kunne oppsummerast slik: ns *holbi* er koftekanten eller ein jare nedst på han (sjølv koftekantmaterialet går under namn av *holbbis*; kantane innom har sine namn). I ls heiter det tilsvarande *ålpe* el. *hålp* om saum både på klede og huve, så vel som om kant eller kantband på eit klesplagg. Det tilsvarande ss *ulpie* er bord på klede, især kvinneklede. I ordbøker frå eldre tid gård denne ornamentalske detaljen, som også stadnamn synest å vitne om, under namn av *holbbe*, *olbbe*, *olpe*, *ulbe*.

**Veien** ["*veien*] Norderhov gnr 49 Ringerike: i Væighini, Væighini fossar 1337, Weghe 1528, Wegyne, Wegennfos 1542, Wienn 1578, Wienne OC 12, Weien 1604, Weyen 1617, Wejen 1657, Weien 1723: «nævnes tidligst i Kongesagaerne som Sæde for Baglerhøvdingen Philippus af Veigini (Vegini), der døde 1207»: NG samanliknar her med **Veie** i Alstadhaug gnr 85-87 i Levanger og med **Veie** gnr 81 i Mære >Steinkjer, dessutan med bl.a. **Veiberg** i Norddalen gnr 60 (no i «Fjord»), og med **Vegsteinen** gnr 40-41 på Vega. – Skriveformer på Veig-/Weig-, Væig- og Veg-/Weg-/Wej- går att i dei tidlegaste kjeldene for dei tre første usms. gardsnamna. Rygh setter desse i samband med gno *veig* f «sterk drikk», men i lendet dei same stadene er der overalt skråningar som hallar svakt, ns *væggje* (Qv 935), normert *veadji*: Frå ein 143 m høg hump i garden Veien i Norderhov skråar det til alle sider, mest «regelmessig» på nordaustsida. Slak skråning er det òg på Veiberg og på Veie-gardane. På Vega skråar grunnfjellet i Vegsteinfjellet. Litt meir tvitydig er namnet Vegdalen på same øya, som finst fleire stader. Forleddet er iblant ns *veadji* el. tilsvarande, men iblant også = ns *væggi* «dal(senkning)» = ls *vægge* = ss *vaegkie*.

**Veme** ["*vēme*] Norderhov gnr 62 Ringerike skrivst Wenie(!) og Vinnyæ(!) 1528, Weene, Wennø (!) 1578, Weme 1604, Weme 1617, Wemme 1657, Østre Weene og 2 andre Gaarde Weene 1723: «Formerne fra 1528 og 1578 maa bero paa Sammenblanding med Gaardnavnet Vinjar». – Veme-gardane ligg

på høgdene kring eit ope dalsøkk, Veme kyrkje meir for seg sjølv litt sør for det. Endefram tyding av namnet synest vere ss *vuemie* «vid dal med skog».

**Viljugrein** |"*viljugrein*| er gnr 80 Hemsedal: Willingsring 1578, Willinggreenn 1593, Willingrenn 1604, Wellemgrenn 1657, Willumgren 1723. «Gaarden ligger ved Sammenløbet af Hemsil og Grøndøla. Sidste Led er da rimeligvis *grein* f. "Forgrening af en Elv"..... der er her ingen Elv, som kunde have baa-ret Navnet \*Vilja». – På høgde med Viljugrein-gardane gjer Grøndøla ein stor sving tett før ho renn i hop med Mørkedøla og lagar Hemsil, og over neset elve-mellom renn dessutan ei lita elv på skrå. Vilju- i dagens uttale spring kanskje ut av ei (norsk) kjensle av at det må ligge eit elvenamn att-om, men meir relevant er ss *vilnjedh* «gå skeivt», også av di vilnjeg- sam-svarar med eit fornorska \**vilnjeng-*, normert villing-, jf den skråttgåande øyra **Villingsholmen** i Andøy k. Elles er det neppe sikkert at sisteleddet er *-grein*, sml *renne* f og gno *rinna* v «renne».

**Villingstad** |"*villingsta*| Røyken gnr 64 Asker: Villingstad 1367-68, Vellingstad 1369-70, Vellingstad 1528, Willingstadt 1557, Wellingstadt 1578, Willingstad 1593, 1723. – Merk ss *vilnjie* «skråning», sannsynlegvis med avleidd adjektiv *vilnjies* «skakk, skrå», sml også «villjines» omkasta til «villinjes» 'sned' (i Louise Bäckmans ordliste til «Kristoffer Sjulssons minnen»). Kartet viser at terrenget på Villingstad gjer rett for ein karakteristikk «skakk, skrå». Sjå òg Viljugrein.

**Værås** |"*værås*| Flesberg gnr 11: Wederaaß c1575, Weraas 1626, 1668, Wæraas 1723, «tillige ... en Aas paa Grænsen mellem Flesberg og Hjartdal Sogn og paa Aaser og Gaarde paa endel andre Steder (tildels skr. og udt. Veraas). \*Veðráss, sms. med *veðr* n. 'Veir', betegnende en veirhaard Aas ..... Paa samme Vis er det oftere forekommende Veðrøy at forklare». Især siste tolkinga er urimeleg, særleg i dei delar av landet der gno *ver* n «(fiske)vær, fangstplass ved sjøen» er uttalt *værr* med kort open è, ulikt både gno *veðr* n (verlag)» og *veðr* m (hansau) med lang trong e. For Ver- og Væråsen må ein heller sjå til ls *vierra* «(sand)ås», ss *viere* «bratt bakke» (Lex. Lap. *wera*, werak); ordet finst i talrike variantar (Qv 904). I namna Verås, Værås o.l. er førsteleddet sjølvsgatt påverka av den uttale *vêr* og *vær* har i vedkommande målføre.

**Væteren** |"*væteren*| i Flå bnr 31,2: «Hvis Navnet — der tilhører flere Brug — tør antages for meget gammelt, kunde man tænke paa en Sammensætning af *vin* og en Form af Ordet for 'Vand', svarende til engelsk water, tysk Wasser. Betydningen vilde da være: Engen ved Vandet (nemlig Krøderen). Denne Forklaring synes dog meget dristig». – Mellom gardane er ei vik og eit bergnes som skrånar nokså bratt ned mot Krøderen; der er også ei kort sand-

strand. Merk ss *viēdtere* (væddar, vædder, vettar og viettare) «elvemel, bratt elvebard, hol skråning (Qv 933, sms også *mären wädder* «havstrand» (Lex. Lap.).

**Øljustjøen** |*ˈøljusjøn*| Hemsedal bnr 88,12: «Efter Øljustjøerne ... nær Grænsen mod Lærdal .... Sml. Øljuvandet i Hol og Ølja Vand i Nordmarken, udt. |*ˈølja*|. Da "Olje" i Hallingdal heder ølju, kunde ogsaa tænkes paa dette Ord, der isaafald maatte sigte til et oljeagtigt Overtræk paa Vandet». Det siste momentet må takast omsyn til i tolkinga av fleire namn på Ølj-, men like fullt med jamføring av ss *aallije* «heller, hellar, hallar» = ss *álljē*, urnord. \**halliaR* <\**halliaz*, akk. \**hallia* (NL 89 etc): Eit tidleg tilbakelån av det ss ordet synest (i stadnamn) å ha blitt bøygd som \**alja*, oblik form \**ølju*. Dette lyder dristig, men attåt namn som Øljuvatnet og Øljubotn finst **Øljuhelleren** (tautologi) i Gol og **Nyhellervatnet** i det aktuelle området, dertil må nemnast **Øljeberga** i Jevnaker og **Øljesteinen** i Drangedal, likeins det bråbratte bergneset **Øljane** i Øygarden.

**Åvestrud** |*ˈå:vestru*| gnr 22 i Flå: Auepresterud! Awexsterudt 1528. Ousterødt 1578, Austerød 1593, Auffstragh 1604, Aasterud 1617, Offuiistrud 1657, Ovisruud 1723. Især skriveformene frå 1528 og 1604 sprikar oppsiktsvekkande, og det er uråd å finne ei heilt sameinande form. Garden ligg på eit avrunda og slett tottrinns platå med bratte, jamhøge kantar også på nedste platå, imot 'blindelva' nedanfor. På øvste platå stikk opp ein liten bergskolt. – Auepresterud kan vere sms med førsteledd ss *ājuje* (nordisk lån) «hö, grasvall; övergiven renvall (mjölkningsgärde), där renspillningen har framkallat riklig gräsväxt» (Qv 14) og sisteledd *-presterud* (jf ss *prieste* «prest»). Sannsynlegvis siktar då *Au-* til slättebruk, i motsetnad til eit anna Presterud? – Merkeleg er òg ei av dei andre skriveformene i 1528, Awexsterudt < gno *ávpxtr* >nyn åvokster «vokster, grøde»(?) Dei tre skriveformene Ousterødt, Austerød og Aasterud kunne vere uttalereduserte former av eit slikt namn; meir avbregda er Auffstragh 1610 der sisteleddet liknar ss *straahke* «nord-sida av fjell der snø ikkje legg seg pga av vind», jf her nyn *stròk*, stròkland. Det tør vere tvilsamt at forleddet i Auepresterud er det svært alderdommelege samiske *auju* < urnordisk \**aujō* > norsk *øy*, sjølv om her jo er ei flat strekning ved vatn. Det er der imot fullt tenkeleg at mellomleddet *-preste-* 1528 var ei mistyding for *bre*st m "fjellbrun, bakkekam sett ovanfrå; brekke, brot, braut", kjent frå sms som fjellbrest, høgfjellsbrest (NO I: 907).

## VESTFOLD

**Anholt** [*ānhølt*], [*"ann-*] Stokke gnr 110-111 > Sandefjord: Hodhnoholt 1399, Hanaholth 1494, Andholt 1553, Anholt 1593, Anholdt 1604, Ahnholdt 1668, Andholt 1723: «Hoðnuholt. Formen Hodhnoholt... klinger oprindeliger end Hanaholth... hvilken sidste Form dog tjener til at bekræfte, at her opr. har været H- i Fremlyden; dette H- kunde saameget lettere falde bort, da ogsaa 2det Led begyndte med h- .... 1ste Led er vel *haðna* f., ung Gjed, der maaske er brugt som Elvenavn. En liden, stærkt faldende Bæk udspringer ved Gaarden». Ortofoto viser at det ligg ei rekke jordfaste, flate berg spreidd utover innmarka. Det treng då ikkje vere tale om gno *haðna* «ung geit», men om eit ord som tilsvarar ns *ad'no*, g. *ādno* «stor flat sten, som man ikke kan rokke» (eit avleggs ord). Vi kan prøve det på eit anna namn: **Enningdalen** [*"ēniŋdærn*] er soknenamn i Østfold. Ei sikker skriveform er a **Anylædale** 1334. Forleddet *Anylæ-* blir tradisjonelt fortolka *\*Arnilla* som eit eldre namn på Enningdalselva, men ved Mjølnerød, der Enningdalselva har skarpe svingar før ho kjem ut i flatt lende og blir til Rørselva, er det tre markerte knausar med flat topp som klart nok minner om ns *ad'no* (Qv 1), her med sisteledd *-hilla*, *-hylla*. Sjå omtalen av **Ustad** i Hurum og av **Uvilla** i Verdal.

**Bommestad** [*"bommesta*] Hedrum gnr 30 > Larvik: i Bundingsstadum c 1400, Bomstad 1625, Bommestad 1664, 1723. – Bundingsstað <\*botnestahk er eigtl. *botnestahkesne* «(er) bortgøymd» [inessiv]: Garden låg inneklemd på vestsida av Lågen mellom elva og dei runde åsane, isolert i høve til gardane i det opnare landskapet lenger sør og nord. Landskapet er i dag dominert av vegar og bru.

**Deibørr**, Deieborge [*"deibørr*] Larvik gnr 96 Sandefjord 496: Deighebærgh c 1400, Deibierg 1593, Deieborgh 1604, Deyborig 1668, Deiborg 1723. "Skulde vist hede Deieberg og er ikke opr. nogen Part af Borge ... Til Forklaring af 1ste Led kunde man, da Stedet ligger nær Borgeelven, tænke paa Elvenavnet Deia, som man endnu har i Aamot Hdm., og som opr. maa have lydt Deiga efter den gamle Skrivemaade af Navnet Deset i Aamot, Deighasetr ... 1465». Uavhengig av evt elvenamn kan det her straks nemnast at ss *dajjoe* tyder «slam» (noko berre lokalkjente veit noko om), men elles ligg garden for enden av ein avrunda lang ås, så sisteleddet *-børr* peikar mot ss *burrie* «snau bergrygg», ls *bårre* «högsta punkten (på berg, kulle)», ns *borri* «ås, bakke». Fornorska form Børra som namn på slike formasjonar er utbreidd nordpå, og grunntydinga av ordet er «kant».

**Duni** [*"dōni*] Sande gnr 116>Holmestrand 416: Duninæ Fjerding 1466, Dunene Fj 1504, Dune Fj 1535. Dunnæ Fj 1538, Dwgenne Fj. 1542, Dunne 1593,

Dune 1604,1605, Dunnen 1668, Duunen 1723: «Dúnin, en S sammensætning med vin. 1ste Led synes at maatte være *dúnn* m, Dun (paa Fugle). Langt *u* foran *n* kan nu, især paa Østlandet, i Udtale blive til langt o, jfr. Stokke GN. 9, Andebu GN. 25, Tjømø GN. 13. Hvis de af Aasen anførte Ord Dunjord, Dunmold (et Slags løs og let Jord) have *dúnn* til 1ste Led, kan dette i en S sammensætning med vin maaske sigte til en vis Beskaffenhed af Jorden paa Stedet. Gaarden ligger paa en Moræne. Denne Gjætning om Navnets Betydning er dog yderst usikker». – Duni ligg på ei avrunda, avgrensa høgd med **Dunihagen** nedanfor. Det bør vere nemnt at ss *duvnie* vil seie møkk, støv og skit (i reingjerde, reinhage).

**Elgesem** |"øljəsåmm|, |"hølje-| Nøtterøy gnr 153 > Sandefjord: Øylghisin 1404, Elyßøe c 1521, Elleßem 1593, Ellißenn 1600, Ellesien 1604, Ellesemb 1625, 1664, Elgesem 1723: «\*Ølgisin? Det sidste Led er *vin*; men Navnet er nu i Udtalen forandret, som om det var sms. med *heimr*, hvad der er adskillige Exempler paa. 1ste Led maa vel være et Intetkjønsord paa -i; men dets Form og Betydning er ikke sikker». – Her tar vi sideblikk til ss *aallije* «heller, hellar, hallar» = ss *álljē*, urnord. \*halliaR <\*halliaz, akk. \*hallia (NL 89 etc), for i stadnamn som dei norrøne overtok frå ss synest ordet å ha fått ei bøyning \**alja*, underform *ølju*. Hellerane (hallarane) det er tale om er talrike i Pinseåsen tett ved garden. Sjøelve åsen er dessutan temmeleg uslett, jf ss *binhtsierdidh*, *bintsiedidh* v «knytte saman (med mange knutar) på kryss og på tvers»?

**Fon** |fōn| Ramnes gnr 138-139 > Tønsberg: i Fones, Foonese c 1400, Fodenn 1593, 1604, Fogden 1605, Foeden 1668, Foeden lille, Foden store 1723. «Dette Navns rette Form i MA. antages af O. R. at have været Fón. "At dette er et opr. sms. Navn, og at det sidste S sammensætningsled er *vin*, derom kan der visselig ikke være nogen Tvivl; ... Derimod kan det være meget uvist, hvilket Ord vi have i Navnets første Led. Navnet har allerede i 16de Aarh. forekommet Folk sælsomt, og man har begyndt at kunstle paa det ved at skrive Fodne eller Foden, uden derved at faa nogen forstaaelig Mening ind i det». – Fon har tydelegvis eit vidt utmarkområde i åsane i vest, det ser ein av namn som Fonseter, Fonshedde, Fonsøde-gardene og Fonshøgås. At namnet Fon opphavleg hadde to ledd er nok diskutabelt, då den aller enklaste forklaringa som byr seg er ss *voene* «bygd». Det langstrekke og opne slettelandskapet står i motsetnad til skogmarkene i vest.

**Fostre** |"fosstre| Ramnes gnr 135 Tønsberg: i Fostro, i Foostro c 1400, Fostre c 1575, Foster 1593, 1604, Foestre 1668, 1723. – NG si drøfting av dette namnet o.fl. ender slik: « De to Vandløb, hvorom der her kan være Tale, ere dog altfor ubetydelige til, at et Navn med en saadan Betydning kan tillægges



dem. Det er ikke heller sikkert, at Fóstra her opr. er Elvenavn; Ordet kunde være brugt om Gaardens Jordvei». – Garden Fostervoll i Gjemnes ligg ved vatnet Fosterlågen: Både garden og vatnet (på søraustsida) er eit bakkeland, så også området Fosterdalan i Rana. Fostre liksom **Fosterrud** i Ås ligg for sin del på ei bratt høgd. Namnelagingane peikar tydeleg mot ls *vuosstoj*, *vuosstu-*; *vuosstálahka* «brant oppførsbacke, färdväg i motlut» (motbakke), tilsvarande ss *våste* = *vuastadahke*. Det truleg opphavleg nordiske suffikset *-er(e)* har vore svært produktivt i samiske fjell- og innsjønamn, jf Fosterlågen, men i dette tilfellet kjem truleg namneformene på Foster- stort sett av assosiasjonar med norsk *fostre* v.

**Førstad** |'førrsta| Sandeherred gnr 145-147+149 > Sandefjord: a Firighsstadum 1341, a Firigstadum 1384 a Firiksstadhum 1396, i Firikstodom 1398, Firikstada og i Fyrikxstadhum, Firiksstada c 1400, Firistadt c 1520, Furstá, Furesta 1593, Furestad 1600, Furestadt 1604, Furrestad 1664, 1723. Rygh: "\*Friðreksstaðir, sms. med Mandsnavnet Friðrekr, der tidligst kan paavises i Norge ved 1060 ... De med dette Mandsnavn sms. Gaardnavne lyde nu oftest Fris- (jfr. Tjølling GN. 113). I Førstad er det første r forsvundet ved Dissimilation (Indl. S. 21), og mulig kan paa samme Maade forklares det nu forsvundne i Firistadum, som RB. 210 anføres som liggende i Tune Sogn». – Ei ganske anna tilnærming ligg i ss *vyjrehke*, \**væjrehke* predikativt «vidstrekt (t.d. beiteland); vidt omkring», for nett slike tilhøve er det på Førstad.

**Gausen** |'gausen| er gnr 27 i Hof > Holmestrand: i Gausenne, Gausenne c 1400, Gousen 1593, 1668, Gousbenn 1604, Gousen 1723. Jf **Gausen** |'gausen| Botne gnr 4 > Holmestrand gnr 1: i Gausænne 1337, i Gausenne c 1400 og i Gavsinnj 1407, i Gausinum, Gausinne 1419, Gaaßen 1593, Goußenn 1604, 1605, Gousen 1668, Gousen 1723. **Gausen** heiter også fleire høghumpar på Agder medan vi ser pl-form i gardsnamnet **Gausen** |'gausa| gnr 74 Inderøy: af Gausom c 1430, Gwse c 1520, Gußnn 1559, Gousenn 1590, 1626, Gosenn 1626, Gouse 1668, Goudsen 1723. Det sms. **Gausdal** gnr 143 i Flekkefjord høyrer òg med, så vel som gardsnamnet **Gaus-** og **Gusland** fleire stader. Det synest vere tale om eit terengord som svarar til sks *kuez*, g. *kuoccam*, finsk forklaring «vaaran nyppylä»: berghump (Qv 344). Ein rund berghump i Øksnes ber namnet **Gossen** |'gåss~n|, i sms form **Gossesanden**. Same slag humpar finn ein på **Gussøya** i «Heim» k. i Trøndelag.

**Gein** |jein| Stokke gnr 123 > Sandefjord: i Gæininni 1355, i Giæininnæ c 1400, Genenn, Genn c 1575, Giehnn 1593, Gienn 1604, Gien 1605, Geen 1668, Gien 1723. «Navnet maa være Gein f. eller mulig i best. Form. Geinin. Intet beslægtet Navn at anføre uden mulig **Gjeining**, Holme nord for Aakre paa Karmøen». – Det går forgreina stigar langs åsdraget i området, så ss *geajna*,

*geajnoe* «veg» skulle vere fullt relevant, sml Guovdageaidnu > Kautokeino. Skrivemåten Gjein i staden for G- er irregulær.

**Gjerpeland** |*'jærpelann*| Lardal gnr 28 >Larvik: Gielpaland (nedste) c 1400, a Geplandhom 1413, Geppoland, Geppeland 1552, Geppeland 1547, Gerpland 1553, Gierpelannd c 1575, Jerpeland 1593, 1604, 1605, Jerpeland 1668, 1723. Den eldste forma, Gielpaland, peikar i retning av ss *jillebe* «vestlegare», rettare kanskje i primær tyding «høgare», jf ordet i skriveform *jillöpē, jilläpē* «högre, den högre belägna; vestligare» (oslo 48, 68). Det gir presis karakteristikk av Gjerpeland-gardane jamført med dei låglendte i sør, ned mot Lågen.

**Goli** |*'goli*| Sandeherred gnr 37 > Sandefjord: Godlifui c 1400, Godtliff c 1575, Guelj 1625, Golj 1664, Goelie 1723: NG: «I Oldnorsk betyder góðlífi n: retskaffent, ulasteligt Levnet, og Fritzner forstaar ogsaa dette Stedsnavn saaledes ... Hvad der isaafald kan have givet Anledning til Brug af dette Ord som Gaardnavn, er nu ikke godt at sige. Mulig kunde dog Ordet som Navn have en noget anden Betydning og betegne Stedet som et Sted, hvor Livet i enhver Henseende var, som man kunde ønske det». Ei meir konkret tyding gir eit førsteledd knytt til ns *guoddit* = ls *guoddet* = ss *guedtedh* «kalve», jf ls *guoddetit* «låta kalva (vakta så att renkorna kan kalva i lugn och ro)», då med sisteledd = ss *lyvve* = lovve «reinens kviletid», men i så fall blir dette ei eineståande sms.

**Gorte** |*golte*| Re gnr 40>Tønsberg: [Garthe 1668. Gorte 1723 (paa begge Steder anført som Underbrug under Ramnes GN. 5)]: Garden ligg tett attmed ein lang, bein rygg på vestsida av Verpelva. Det er neppe tale om noko anna ord enn ss *görtē* = *gårde* nom pl *gårdh* "langer, schmaler Berg, der ganz isoliert ist, weil ihn Moräste und Täler von anderen Bergen trennen" (Hasselbrink, og app 333), variant *gurde* «lang, smal ås med utsikt til begge sider» (app 366).

**Gudem, Gudim, Gudum** er gardsnamn fleire stader i Østfold og Vestfold. Det er gardar som ligg på avrunda høgder, som blikkfang, dei verkar sentrale. Ei enkel tolking av desse namna er at førsteleddet må vere som i ns *guovda-* og *guovdo-* i sms «midt-», ls *guovda-* «mellersta, som ligger i mitten» (Korhonen, Spiik), medan ss *goevte* har fått trøngt tydingsinnhald «februar», dvs midten på vinteren. Også Guåker som gardsnamn på Hedmark og i Vestfold kan ha same opphavet, men her må ein kjenne gamle gardsvald for å finne samanhengen. Mange vil naturleg hevde, i pakt med tradisjonelt syn, at alle slike namn er fullt ut norrøne og vitnar om gudedyrking og grøderikdom.

**Gumserød** |*'gommsere*| Brunlanes gnr 36 >Larvik: Kumsarud c 1400, Gumse-

rudt c 1575, Gumserø 1593, Gunnserød 1600, Gumserud 1604, Gumserø 1625, Gombserød 1664, Gumserud 1723. NG: «Hvis Formen i RB. er rigtig, maa man vel i 1ste Led have et ellers ukjendt Mandstilnavn *kumsi*, af uvis Betydning... Skulde Kumsarud i RB være en Feil for Gumsarud, hvad den nuværende Udtale kunde tale for, kan Navnet vistnok sidestilles med Gomsarud i Norderhov, og man kan til Forklaring tænke paa det hos Ross fra Nordhordland anførte *Gumsa*, Hunfaar, og det svenske *gumse*, Væder. Det kan være uvist, om dette Dyrenavn i Stedsnavne er at forstaa ligefrem eller som Persontilnavn; et Ord gums findes en Gang brugt som Tilnavn .. Navnets Forklaring bliver altsaa fuldstændig usikker». – At ss *gumsie* òg er kjælenamn på bjørnen er neppe til hjelp, men Gumserød og Gomsarud har kanskje eit topografisk fellestrekk: Gomsarud ligg på ei halvøy og er særslåglenndt med grunnområde tett opptil og venteleg utsett for flaum. Gumserødbukta sør for Gumserød er likeins særsl grunn, så skilnaden på stor flo og fjære er stor. Jf derfor ss *gupmiestidh* v «som snarast velte ut noko, tømme ut noko», men òg: «legge seg, ta ei kvild» (= *gopmedh*). – Ved **Gomsrud** bnr 246,21 i Gran er det eit par låge myrar som synest å ha vore grunne tjønner, så kanskje er også det relevant i samanhengen. Det nedbygde og svært omforma Gomsrud gnr 8616 i Kongsberg er det verre å finne ut av.

**Gurrik** |"gurrikk| Hof gnr 43 >Holmestrand: Gurrick 1593, Gurich 1604, 1668, 1723. – Drøftinga av namnet i NG er svært så sprikande. Det gir ei uventa vinkling å tenke på ss *gyrrehke* «bonde», knytt til *gyrreldidh* v «legge under seg (land)». Vel også til ss *gurredh* v «sette folk opp mot kvarandre», sml. norske stadnamn på Trette-?

**Hasås** |'hāses| var gnr 110-111 Andebu >Sandefjord gnr 310-311: Haddinghsas, Hadesas og Hadhansaas c 1400, Haßaas c 1575, Haffßaas 1593, Hasßaas 1604, Haaßaas 1605, Haffsaas 1668, 1723: «Synes efter den ældste Form i RB at være opr. Haddinghsas, af et gammelt Mandsnavn Haddingr (se under GN. 50 ovfr.); men denne Oprindelse antages PnSt. S. 109 at være noget tvivlsom .... Jeg kan ikke sige noget til Navnets Forklaring». – No er å melde at ss *hadet* v vil seie å «herme» (Lex. Lap.), og ls *háddihtit* «härma (upprepade gånger), ha för vana att härma; ge eko» (oslo 57), ns *aðdit* (= addestallat). Til grunn ligg *hæða* v«spotte, håne», lånt frå nordisk, jf *hæðinn* adj «som gjerne vil håne, er spottehuga», likeins *háðung* f, *hæðing* f «hån, spott». Namneformene Haddinghsas, Hadhansaas og Hadesas er vridne å tilbakeføre til norrønt beinveges, ein samisk kontekst er meir truleg, særleg av di at det er berre der at bergmål (ekko) kjem inn i biletet.

**Helgeroa** |"hæljjerōa| Brunlanes gnr 85 no Larvik gnr 4085: «\*Helgaró, i PnSt. S. 124 henført til Mandsnavnet Helgi; sidste Led er *ró* (*rá*) f., Vraa, om afsi-

des beliggende Steder (Incl. S. 69). Helgeroa og Helgeroen findes ogsaa i Røken og i Hollen. Ere disse Navne gamle, vilde det være besynderligt, om *ró* 3 Gange skulde være sms. med Mandsnavnet Helgi; det vilde isaafald ligge nærmere at tænke paa Sammensætning med Adj. *heilagr* og paa en eller anden Forbindelse med hedensk Gudsdyrkelse». No er namnet utbreidd, og det er allstad tale om ganske slette krær inn mot bratte berg, så i Halden (tilh. gnr 246), Holmestrand (tilh. gnr 110), Larvik gnr 4085, Asker gnr 205 og Drangedal (tilh. gnr 17). Forleddet er nok ikkje mannsnamnet Helge, men omlydd form av ss *aallije* «heller, hallar, bergvegg som hallar innover». Dette er tydeleg også på **Helgenes** i Hadsel.

**Klinestad** |*"klinesta*| Sandeherred bnr 15,7 > Sandefjord: Klimmestadt c 1575, Klennstad 1600, Klinestad 1604, 1625, Klinnestad 1664, Klinestad 1723. «Jeg kan ikke sige noget sikkert om dette Navn». – Til garden høyrer ein pytt med tilrenn frå bekkesik. Truleg går namnet på ss *klijneme* «glatt-is», jf ss *klijnedh* v «bli isdekt» og ss *klijneldahke* «håлке».

**Konnerud** |*"kånneru*| Skoger gnr 82 > Drammen: Konnerød 1593, 1604, 1605, 1668, Konnerøed 1723. Frå garden går det vegar og gamle stigar både nordover og vestover, oppetter mot Konnerudkollen. Jf her **Kornerud** |*"kønneru*| Sylling gnr 197 Lier i Buskerud, skrive Kornærud c 1400, Kornerød 1593, Kornerud, Konnerud 1617, Kaanerud 1723: Der går likeins ein stig oppetter fjellet på austsida. Til grunn for desse og fleire liknande namn (t.d. Kåringen i Lødingen) ligg nok eit verb som tilsvarar ns *gorgnet*, ls *goarhñot* (*goar'ñot*) «stiga uppför, klättra».

**Kopstad** |*"kåppsta*], |*"kåkksta*| Sande>gnr 53 Holmestrand gnr 353: i Kopstadium 1348, i Kopstadium, Kofstader, Kapstadæ c 1400, Kopberstad 1407? Kopstad 1593, 1604, Koff 1668, Kopstad 1723. Jf **Kopstad** |*"kåffsta*| Borre bnr 99,3 Horten: Kopstadt 1593, 1604, Koffstad 1668, Kopstad 1723. Det igjen er same namn som **Kofstad** |*"kåffsta*| Fiskum gnr 135 Øvre Eiker: i Kopstadum c 1400, Kopstadhe c 1450, Koustadt c 1575, Koffstadt 1578, Kouffstad 1593, Kopstfad 1661, Kofstad 1723. Alle stadene har bergknattar av den art som i ls kallast *gåbbå* "litet fristående berg i skog», «(rundaktig) kulle, litet berg (utan branta sidor)", mot *gobba* lenger nord i Sverige. Dette avvik ein del frå ss *gabpe* «hump, flat haug, flataktig forhøyning på fjellet (mot skoggrensen); forhøyning på flatt land» (sml Kapp på Toten). Uttalen av *-bbs-* i Kobbstad er sjølsagt *-ps-*, og vidare overgang *-ps-* > *-fs-* i nokre av namna er som i gno *ups-* > *ufs-*, men ein overgang *ups-* > *uks-*, *oks-* er òg velkjend mange stader, jf Kopstad i Sande.

**Kornbøle** |*"kønnbøla*| el. |*"kønnbøle*| [feil for *kønn-*?] Sande bnr 91,6 > Sandefjord: «Kornbølle 1668, Kornbølet 1723 (begge Steder Underbrug under GN

91). Er vel \*Kornbœli, sms. med *bæli* n., Opholdssted, Bolig. Den først anførte Udtaleform er isaafald Flt. i best. Form. Denne Sammensætning findes ikke andensteds som Gaardnavn; men Kornbol findes anført som Fællesord hos Aasen betegnende: en Gaard med Hensyn til dens (gode eller slette) Kornavl. Udtaleformen *-bøla* kan dog ogsaa opfattes som Hunkjøn i Ental, og Navnet maa isaafald være Subst. *Kornbyrda* f., Kornkasse, Kornkiste (se Aasen under Byrda); et saadant Navn maatte vel sigte til god Kornavl paa Stedet». – Dei sms. med gno *-bæli* og *-byli* vi veit om, går som framfor nemnt på «tilhald, verestad». Det er i sjeldne stadnamn-tilfelle tale om slättebruk, og \*kornbœli er beintfram tvilsamt. Det er òg kornbyrða som bruksnamn. Uttalen |*ˈkɔnnbøla*| passar då heller ikkje med korn(avl), men kunne snarare minne om ss *tjonne*, *tjunne* «tjønn, tjørn» = *tjønne*, og naturlegvis blir då spørsmålet om uttalen |*ˈkɔnnbøle*| er heilt korrekt? Sis-teleddet *-bøla* synest å kunne svare til ss *bavla* (Herjedalen) «höckeriges Birkengelände mit Mooren und Teichen» = *bavla*, *båvloe* (om små skoglause lægder) osv. Det aktuelle området er no nedbygd, men er kupert, og tett opptil bilvegen på vestsida finst spor etter tjønner.

**Korterød** |*ˈkɔltərə*| gnr 102 i Stokke > Sandefjord gnr 502: Kartterøed 1668. Kortterøed 1723. Same namn som **Korterød** |*ˈkåltərə*| Sem gnr 135>Tønsberg: Koterød 1593, Kotterødt 1604, 1605, Kartterøed 1668, Korterøed 1723. Førsteleddet synest vere ei fornmorska form av ss *guortē* "högt näs" (oslo 103), eller *gorte* "langt, smalt, isolert berg", *gårde* (nom pl *gårdh*) "langer, schmalere Berg, der ganz isoliert ist, weil ihn Moräste und Täler von anderen Bergen trennen" (Qv 333, Hasselbrink), *gurde* "lem i fjellsida" (Hattfjelld.) el. "lang, smal ås med utsikt til begge sider" (Vefsn; Qv 366). Langt, smalt isolert berg stemmer for begge gardane, så vel som for Korterød gnr 19 i Halden. Formasjonane er til stades òg på **Kortrud** Eidsberg gnr 217 > gnr 317 I.Ø., men ikkje så utprega, likeins på Kortrud gnr 14 Vestre Toten (der nokså nedbygd). – Litt meir kan nemnast om denne utbreidde terreng-termen: Langt, smalt berg er òg dekkande for **Kortenuten** i Hol (Buskerud), og **Kortneset** nær Sværholtklubben mellom Porsangeren og Laksefjorden har ei mengd slike, men elles er det oftast tale om litt avrunda, lange formasjonar (iblant litt ovale). Det gjeld for alle Kortrudgardane, så vel som for **Kortneset** i Bjugn, **Kortvika** i Storvågan i Lofoten osv. Frå Elgsnes Harstad er opplyst: "**Kortan** er ein kvass bergknaus som stikk opp av havet. Det er to slike bergknaksar tett attmed einannan. Det er venteleg derfor fleirtalsforma Kortan. Det er åldjupt rundt på alle sider" (Edv. Ruud, Hm. 1940: 479f). **Korten** heiter også skjer (holmar) i Kristiansund og i Moskenes, men Kortan på vestsida av Landego er eit avrunda bergnes mellom Nord- og Sør-Kortvika. Sjå og omtalen av Gorte, Våle i Re.

**Kranstad** |*"kransta*| gnr 160 Ramnes >Tønsberg: Kranstodom c1400, Kranstad 1593, Kranstadt 1604, Krandstad 1605, 1668, Kranstad 1723 «af O.R. sammenstillet med **Kransrud** [bnr 9,2] i Skiptvet, saafremt dette er et gammelt Navn, uden at han har vidst at anføre noget til disse Navnes Forklaring». – Ein tør nok rekne med eit ss ord med framlyd *kr-* svarande til ns *roanci* «ting som er krokut i alle retningar, har greiner eller anna som sprikar til alle kantar», lik ls *roan'tse* "något som er krokigt i alla riktningar (tvära krökar)", "ojamn, stenig, svårframkomlig (om terräng)». Det høver for jordvegen på Kranstad; på Kransrud er det særleg dekkande for stranda langs elvefaret.

**Leppestad** |*"læppesta*| bnr 14,2 Sande >Sandefjord bnr 314,2: Leppestad 1593, 1604, 1668, Læppestad 1723: «af Mandsnavnet Leppi, der nu alene kan pa-avises som saadant gjennem nogle Stedsnavne... Findes ellers i **Lepperød** i Onsø og i Brunlanes, i Leppestad i Hobøl og i Lefstad i Orkedalen». – Men Leppestad i Hobøl, svært sannsynleg også Lepperød i Brunlanes (Larvik) heiter snarare så pga stillestående vasspyttar, ss *leabpa*, *leabpoe*, sml òg bruket **Leppen** i Skien. – Namnet Leppestad i Sande >Holmestrand går kan hende på ss *leajpe*, *liejpe* «older, or»? Somme Lepp(e)-namn står venteleg i samband med ss *læhpa-sjidh* v «stikke ut», om heller og nabbar.

**Lospen** |*"låспен*| Andebu bnr 92,4 > Sandefjord bnr 292 står skrive Skeoff med *Laaefbøen* og Fittie 1668, Skeeouf med *Lobsbøen* og Fittie 1723. Området ligg der Skjauffbekken, som kjem frå Veslevann 150 m o.h., fell av i mykje brattare lende, i hovudsaka på nordsida av Håskeneveien av i dag; same namn er **Luspen** (ss *Luspie*) knytt til osen av Unkerelva i Unkervatnet, Hattfjelldal. Grunnordet inngår sikkert nok i fleire sms namn:

**Lofsberg** |*"låssbær*| Ramnes gnr 81 > Holmestrand gnr 281 i Holmestrand blir skrive *Laußbiery* 1593, *Lausberrig* 1604, Lofftsberg 1605, Lobffsberg 1668 og Lofftsberg 1723. Garden ligg på eit berg, tett opptil ei lita elv som kjem med lite fall frå Eikenesvannet i nord, men ved Lofsberg blir det brattare fall, før ho osar i Bergsvannet. Ein uttalevaiaant |*løss-*| var det truleg som førte til skriveformene *Lauß-*, *Laus-* kring 1600 (hypernorvagisme).

**Losby** |*"lossby*| Skedsmo gnr. 91 > Lørenskog, skrivst som *Lößbye* 1594, 1666, og *Losbye* 1723. – Losbyelva, som kanskje har vore utsett for inngrep i form av kanalisering, renn for det meste stilt, men oppnår ein god del fall før ho ender i Mønevannet.

**Loggård** |*"løssgåtl*| Skjeberg gnr 123 > Sarpsborg gnr 1123: Løffsgaard 1593 og Loffsgaard 1603, Lobsgaard 1723. Bekken attmed har bratt fall just der, ovanfor og nedanfor er det flatare. **Lossgarden** på Tynset bnr 124,30 ligg og

ved ein bekk, nedanfor ei bratte.

**Lysby** |*lyssby*| eller |*lyssbø*| Hedrum gnr 101 > Larvik gnr 2101 er først skrivne Liesbog c 1521, så Liußbo 1593, 1600, Lysbo 1604, Liußeboe 1625, Lyseboe 1664, Lysseboe 1723. Skriveformene i NRJ er ofte meir interessante enn dei er pålitelege, så òg med forma «Liesbog». Dei andre skrivevariantane går på *-bo* og *-boe* og må rimelegvis lesast *-bø*, det passar med den eine uttaleforma, men skrivevariantar *-by* og *-bø* for eitt og same gardsnamn er heller ikkje uvanleg. – Like ovanfor garden Lysby alias Lysbø har «Lysbobekken» litt bratt fall, så det ligg nær å forstå gardsnamnet som \*Lyspby, \*Lyspbø, sjå neste avsnitt. I ns tyder *lusmi* ~ *luspi* ganske enkelt «utløp, avløp» medan ls *lusspe* tyder «forshuvud (där en älv rinner ut ur en sjö)», òg sagt «strömnacke», i ss om «(ständigt öppen) vak», råk, men òg «myrända». Ordet er registrert i former som *lūsipie* og *lusjpie* og NB i illativ *låspaan* og *läspsaan* (Hasselbrink 2: 879). I sørlege gardsnamn synest ordet især å gjelde dei delane av bekk som har brattare fall enn vassfaret elles, stryk å kalle.

**Muskerød** |*muskere*| i Brunlanes gnr 58 > Larvik gnr 4058: Muskarud 1464, Moskerwdh 1476, Muscherød 1625,1664,1723: «Samme Stamme i Muskedalen i Vaaler [i Østfold, bnr 135,5] Sml., hvor ingen gammel Form findes. Betydningen siges ... at være usikker. Forklaring af et Elvenavn af Stammen *Musk-* er antaget for begge disse Navne ... , men altsaa senere opgivet». **Muskedalen** er også å finne i Sarpsborg og Ski (Nordre Follo) som naturnamn, men mest kjend er Musken og til dels Mysken inst i Tysfjord; namnet finst i Ballangen òg. Det er tale om eit terrengord ns *moski*, ls *måskke* «luktdal(botn), noko som passar godt på bnr 135,5 **Muskedalen** i Våler i skil mot Spydeberg, men òg for andre ukjème stader, td. **Muskebånn** i Andebu.

**Pisserød** |*pissere*| Andebu gnr 61>Sandefjord 261: Pißerød (nylig ryddet) 1668, Pisserøed 1723: «.. at kunne sammenstilles med et forsvundet Gaardnavn i Høland, skr. *Pyssarud* RB. 149, *Pidtzerrudt* St. 108, og at kunne høre sammen med Folkesprogets *Puss* n., Sølepyt. I Sverige findes *pyss* i samme Betydning som *puss*, *Pyt*». Garden (no kalla Solberg) ligg heilt for seg på autsida av Slettingdalselva. Der er eit par pyttar i utmarka, men i nokså stor avstand frå garden, så førsteleddet er like snart ss *bijjies* attr adj «som ligg høgt, høglendt», i sms med *-ruð* – eller også ss *bietsie* "furu".

**Rakkevik** |*rakkevik*|,|*rakkvika*| Stokke gnr 1>Tønsberg gnr 201: Rakkaviik c 1400, Rackewigh c 1575, Racheuig 1668, Racheviig 1723. «Rakkavik, enestaaende Navn. Andre Navne.. er Rakkestad (Rakkastaðir), et Gaardnavn, som forekommer paa 8 Steder i den lavere Del af Østlandet, vestligst i Bamle, Rakkefjeld i Syd for Fardalen i Fyresdal og Rakkenes paa fl. Steder i Tromsø Amt». – Førsteleddet i fleirtalet av slike namn svarar visseleg til ns

*reakča* «stor flat fjære med leirbotn, utleire» (forstått som norsk *Rakkje-*), jf *láirá-reakča* og *saddo-reakča*, kontrollerbart td på stader som **Rakkeneset** i Evje og Hornnes, **Rakkenes** Bygland, og i Skjervøy, enn vidare **Rakkestad** i Marker og i Aurskog-Høland, og **Rakkevik** i Tønsberg det same. **Rakkefjell** Iveland er berre ein låg berghaug, men ligg ved ei utgrunn elv. Nokre Rakkestad-gardar er gamle utfjærer (utleirer), td Rakkestad nær Steinsfjorden på Ringerike. Meir usikkert er om nokre Rakk(e)-namn går attende til ss *ráatka* (= ráarka, ráarhkoe) «tørrgran», jf ns *reatká* «einer, brisk».

**Ramski** |*"ramše*| Ramnes gnr 33>Tønsberg 533: «\*Rafnaskeið? Ravneskjeiet, sms. med skeið n, hvorom se Indl. S. 75. Jfr. Ulski i Vestby, antagelig opr. \*Ulfaskeið, og Ulfvesked i Bohuslen (Vlfuaskеidi RB. 245)...» – Koplinga til skeið er ikkje grunnlaus, men garden ligg på ein smal og svært kupert «tarm» mellom ei stor og ei lita å, så aller enklast er å vise til ordet i si ns låneform *skáidi* «åmot, elvekil» = ls *skájdde*. Førsteleddet svarar til ns *ramšu* «svært ujamt terreng».

**Reggestad** |*"ræggesta*| er Våle gnr 1 >Tønsberg gnr 301: Ræggestadha 1429, Reggestad 1593, Reggestad 1604, 1605, R. med Kolstad 1668, R. med Kornstad 1723: «Navnet er enestaaende og kan neppe sikkert forklares». I dag fortonar Reggestad i Tønsberg bnr 301,66 seg som ein smal «tarm» vest for Reggestad søndre bnr 501,2 og Reggestad bnr 501,61, begge Holmestrand. Mellom dei to siste bruka går ein svært lang og bratt åskant (som snur mot bnr 301,66) – med talrike skard eller hogg. Det synest som om Reggestad opphavleg var namn på denne og er sms av ss *raeijkie* el. helst ls *rájgge* = ns *ráigi* «hol» pluss sisteledd *-stahke* «område med ...».

**Reppeskål** |*"ræppeskål*| Larvik gnr 66,67 >gnr 2066, 2067: Reippeskale 1379, Reppisskaal c 1400, Reppeskall 1512, Reppeschardt c 1520, Reppeskor c 1575, Repiðkaar, Reppiskor 1593, Reppisgaard, Reppischor 1600, Reppesgaard 1604, Reppesgaard 1664, 1723. Frå rota av Reppeskåltangen i Goksjø går det ein smal dalgang sørover og vidar seg ut i to krær, sistpå stengde av låge rabbar. I det rabbområdet ligg Reppeskål-gardane, med Reppeskålsskogen i vest. Terrenget kring Goksjø er ikkje eit høgfjellsområde: sml likevel Reppe- og då især skrivemåten Reippe- 1379 med ns *riehppi*: botndal, vanskeleg tilgjengeleg dal med utvida, nisjeforma dalbotn el. einast ein slik botn – og med ls *riehppe* «djup dal oppetter fjällsida, avbruten av tvärbrant opp-till» (oslo 176). Sisteledet *-skale*, *-skaal* treng ikkje plent vere gno *skáli* m, det kan vere gno *skarð* i ss låneform *-skaale*. Problemstillinga er då lik den som går på sisteledet i det mykje omdiskuterte namnet Gildeskål. – Terrenget nordom Kallåsheia på **Repstad** i Søgne gnr 67 > Kristiansand gnr 467 er i bra samsvar med ns forståing av ordet, langt på veg også terrenget på **Ref-**



**stad** i Birkenes, gnr 45, men i desse to tilfella har vi færre gamle former å gå ut frå.

**Roppestad** | "roppasta| Hedrum gnr 105 > Larvik gnr 2105: i Rapastadum 1340, c1400, Roppestad 1604, Rappestad 1625, 1664, 1723. **Roppestad** | "råppsta| i Nøtterøy gnr 42 > Færder gnr 42 er same namn: Rappestadt 1593, 1604, 1605, Rappestad 1668, 1723, og **Roppestad** | "roppsta| Borge gnr 95-96 > Fredrikstad 695-696: Rapested (vestre og østre) VL 27, Robestad 1593, Rappestad 1595, Raabestadt 1604, Rabestad 1639, Robestad 1640, Robestad og Raabestad 1667 og Raabestad 1723. – Trass i avvik i dagens uttale av desse gardsnamna framgår det av dei historiske skriveformene at ein også kunne ta med **Rappestad** | "rappesta| gnr 28 Eide, Aust-Agder: Rappestad 1670, 1723. Uttalevariaantane ropp-, roppa- og roppe- attåt rappe- blir meir forståelege i lys av ss *ruobba* (Hattfjelldal) = *roabba* (Vefsn) «ujamt landskap med bergknausar og dalar», normert ss *råabpe*, *råape* «rygg el. knaus i ujamnt landskap; stygt land med berg og dalar». Det slår til heile vegen.

**Rævatal** | "rævatael| Våle gnr 84 > Tønsberg 384: i Røfuatafle, Ræfuataghle c 1400, Reffuodale 1320 (etter ei dårleg avskrift 1409), Reuetall c 1575, Reffuetall 1593, Reffuetall 1604, Reffvetall, Reffuetall 1668, Refvetal og Refvethal 1723: «Refatagl; sms. af refr m., Ræv, og tagl n., Haar i Hestens eller Koens Hale. Hvad Navnet skal sige, er uvist». Ei heilt ulik tilnærming er flg: ss *rædvah*, *rærvah* er «krum (hjulbeint); sjanglut, ustø» (i gonglaget); *rærvode* «(går) sjanglande», kan hende om stig som krockar seg fram? Variant *rærvode* i jamføring med *rærvah* = *rædvah* sannsynleggjer også variantar *\*rædvode*, *\*rædvade*, då kan Ræfuat'aghle (seinare Reffuod'ale) forståast som *\*Rædvad'*-, *\*Rædvod'aagkele*, av di ss *aagkele* «midgard, mellomgolv» i stadnamn står for ein meir eller mindre frittliggande, langsmal ås som kilar seg inn mellom to liknande strukturar. Åsen det her blir tale om ligg noko inneklemd mellom Valle- og Lefsrødåsen.

**Skjeau** | "šø-u|, "šø-au| Andebu gnr 92 > Sandefjord gnr 392: Skiede 1593, Schedoch 1604, Skedog 1605, Skeoff 1668, Skeeouf 1723: «Da man ikke har nogen Form fra MA, kan man intet sikkert sige om Navnets Oprindelse». – Bruka ligg på kvart sitt bekkenes: søndre Skjeau («Skjauff») ved Skjeaubekken som kjem frå sør og er størst, norde Skjeau ved eit tilrenn frå nord. Bekkane møtest mellom gardane og renn så vestover til Nesbekken, og bekkeneset sørom bekke-motet er størst, jf gno *skeið* > ns *skáidi* «elvekil, åmot» = ls *skájdde*.

Sisteledet i variantar som -och, -og, -off og -ouf (jf Skjauff som samandregen skriveform av gardsnamnet) er uklart, men vi noterer at Skjeau(ff)bekken renn nordover og ut i Nesbekken, som renn mot sør! Det har seg på same vis

med elva **Augga** i Gausdal (sjå NoStl) og med innsjøen **Ogge** i Aust-Agder, merk gno *ofugr* adj attfram, nyn avig, avug, ovig, ovug ds (NO 1 308). Det er berre i samisk at dette er blitt ein ordinær vassdragsterm, i ls *oagge* «bakstraum» etc = *ogge* (Qv 674), men attom dagens skriveformer Skjeau, Skjeauff og dei eldre skimtar vi i alle tilfelle eit sisteledd i variantar som auf(ge), -of(ge), -og(ge). At Skjeau(ff) er eit heilnorsk gardsnamn verkar diskutabelt.

**Sleiterød** |'sleiterē| Borre gnr 73 >Horten bnr 4,4? Slæitorud c1400, Sletterrudt c 1575, Sletterød 1668 og Sletterød 1723: «Sleituruð. I Oldn. betyr sleita f.: listig Udflugt, og Aasen anfører fra Hardanger *Sleita* f., en, som vil tilsnige sig noget, Snyltegjæst. Det sidste Ord kan vel her neppe komme i Betragtning, og Forklaringen bliver i det hele usikker». Nemneverdig pga eldste skriveforma er ss *slæjhtoe* «slit», men framfor alt ss *sliejhtege* (kortform *sliehjth*) «forkasta ting», laga til *sliejhtedh* v «forkaste, slutte å bruke». Var dette eingong ein øydegard?

**Snerken** |'snærken| Borre bnr 4,4 «maa være det Hankjønsord, der betyder tynd Skorpe, skrumpen Hinde, og som paa Østlandet heder Snerk, men ellers Snerke. Ordets Grundbetydning maa være: noget rynket, sammenskrumpet; men hvad Navnet kan sigte til paa Stedet, ved jeg ikke. Et beslægtet svensk Dialektord snurk, snork kan betegne den yderste Del af noget, men nogen saadan Betydning haves ikke i Norsk». – I nordkant av egedommen går ein liten, markert bratt kant som fortsetter på austsida av Raveien. Det minner om ns *snárki*, då ikkje om snur på tau og tråd, men i tydinga «fald, rukke» (ei tydings som ss *snaarhke*, *snaerhkie* "snur" ikkje har).

**Spettås** |'spættås| Sem gnr 117 > Tønsberg: Spettaas 1593, 1604, 1605, 1668, Spetaas 1723: «Betydningen kan vel ikke sikkert angives». Til samanlikning kan nemnast **Spettås** gnr 69 i Holmestrand og **Spettåsen** som naturnamn i Birkenes. På tilsvarande vis **Spetteland** gnr 30 i Holme> Lindesnes gnr 112 (skrivetradisjon Spetteland heilt frå 1492) kontra **Spetteland** som namn på ei li i Vennesla. Også **Spettetjødn** med Vasslandsvegen i Hægebostad skal nemnast. – Samanhengen synest ganske enkelt å vere eit ord som tilsvarar ns *spai'to* «hoggen el. naturleg opning gjennom skog» (Qv 803), normert *spáitu* «opning i skogen». Det er lett å sjå at det passar, heile vegen.

**Svenner** |'svænner| Larvik gnr 3: «Bekjendte Smaaøer udenfor Larviksfjorden. I et Haandskrift af Sverres Saga (Form. s. VIII 329) omtales nogle Holmer ved Navn **Sveinar** (andre Haandskrifter have den vistnok urigtige Form Sveimar), hvori man har seet det her omhandlede Navn Svenner. Sveinar kan neppe være andet end Flt af *sveinn* m., Gut, Karl. Hvilken Betragtning, der har givet Anledning til Anvendelse af et saadant Ord som Ønavn, kan jeg intet sige om». – Forklaringa kan vere såleis: I mange lånord frå nordisk

får samisk framlyd *sp-* for nordisk *sv-*, det gjeld til dels òg for nordsamiske låneformer av gno svainn: *spainas*, *spāinas* (Lehnw. 311). Tendensen har vore ganske sterk, og det er lett å ane at det kunne føre til samanblanding av ss *svaines*, *svadnes* (flt -sah) «norsk bondegut, ung mann» og ss *spaanese* «høvelspon», det gjeld også for ls former av dei same to orda. – Sjå på kartverket sine sider korleis det sterkt oppsplitta Svenner ser ut, på ortofoto.

**Syrstad** |"*syresta*| Våle gnr 2 > Tønsberg: i Syrestadhom c 1400, Syrestad 1593, Syrrestadt 1604, Sørrestad 1605, Syrestad 1668, 1723. «Navnet findes ellers kun i Børseskognen (af Syrastadom, af Syrostadhum AB.). Ved dette har O. R. tænkt sig (se Bd. XIV S. 295), at 1ste Led kunde indeholde et Elvenavn \*Sýra, afledet af Adj. *súrr*, hvorom se NE. S. 261; men Forklaring af Elvenavn passer neppe til Beliggenheden af Gaarden her i Vaale». – Relevant, slik garden ligg (låg) til, er ss *syjrijes* «romstor, vid» (om kåte, mjølketange m.m), det gjeld også for **Syrstad** i Skaun, Sør-Trøndelag.

**Tassebekk** |"*tassebækk*| bnr 21,18 Sanderherred >Sandefjord er ikkje attfunnen på dagens kart, som viser store inngrep pga vegbygging etc. Derimot ligg bnr 2 og 3 tett ved eit vassjukt område, og kombinasjonen *Tasse-* + *-bekk* gir ei aning om at noko ikkje stemmer. **Tasserud** |"*tasseru*| Bærum bnr 109,4 og **Tassebraaten** |"*tassebråtån*| Frogn bnr 61,2 er frå før tillagt slik forklaring: "Af Tass, et af de mange nyere Navne paa Ulven, eller af Tasse, Stymper, Stakkel, brugt som Tilnavn". Dette er også gjort gjeldande for **Tassebakke** |"*tassebakke*| bnr 25,6 Eidsberg > bnr 840,5 IØ.

Bruksnamna jamført med reine naturnamn tyder på ein heilt annan samanheng: Tassebakke i Eidsberg ligg ved ein bekk mellom tjonner og ei å, og **Tassebakken** bnr 105,2 i Marker likeins mellom eit vatn og fleire myrar. **Tassefjell** i Halden ligg kranse av tre, tidlegare fem vatn (to attgrodde), og **Tassehorn** i Frogn er ein hump i sentrum av fleire myrar. **Tasseladdholen** i Ringsaker er eit søkk, tjøke fullt av bekkar (jamfør omtalen av **Ladderud** i Oppland). **Tassamyra** i Nærøysund står i nær relasjon til ei tjønn, **Tassemåsan** i IØ ligg tett ved to myrar, og **Tasseplassen** Bamble ligg austom Småmyrane, som enno har innslag av små pyttar. Vevelstad har det relativt store **Tasslivatnet**. Forleddet *Tasse-* er neppe anna enn fornorsking? av ss *tjaetsie* = ls *tjáhtje* = ns *čáhci* "vatn", evt av eit avleidd ord. Dette går kanskje ikkje på tjonner primært, men snarare våtland, jf ls *tjáhtjás* "vasssjuk, våtlendt".

**Viskjøl** |"*vişøl*| gnr 28 Botne>Holmestrand: [a Uidaskiage DN XIV 10 1378?], Widisskær c1400, Wiskjør c1575, Vedskøffuel 1593, Vidschiøll 1604, Wieskiøll 1605, Wieschold 1668, Wieschiøl 1723. Sisteledet i overleverte skriveformer er sprikande, og drøftinga av gardsnamnet i NG er utan sikre konklusjonar, men pga terrenget kan det hende at gnr 27,1 Åsen og gnr 28

Vidskjøl-gardane med «Østsol» etc var éin gard frå først? Det gir nye perspektiv, i fall innføringane til skiftande tider ikkje gjaldt akkurat dei same bruka. – I den eldste forma, (a) Uidas-kiage, kan førsteleddet forståast som *Vid-áss* «den vide åsen», i beste samsvar med terrengsituasjonen, men det kan like godt vere tale om ss låneform av dette, *Vjadies-aesie*, med såkalla haplogisk forkorting til Vijd'aesie (at éi av to altfor like stavingar blir borte i uttalen, her *-ies-aes-*). Sisteledet skal neppe lesast *-skiage*, men snarare *-kiage*, og det kunne vere eit forsøk på å skriftfeste ss *tjahke* «bergtopp, åstopp, her den 240 m høge åstoppen like nordvest for gnr 27,1 **Åsen**. Det kan då vere just denne garden som skjuler seg bak namneforma Uidas-kiage = \*Vijd'aes'tjahke. – Merkeleg er omskiftet i skrivemåten Widisskær c 1400 og Wiskiør c 1575. Tar ein dette seriøst, minner det litt om ss *tjarra* (tjårra, tjårroe) «fjellrygg, bergrygg» (i sms *vaerien tjårroe* «skarp rygg i låglandet der fjellet sluttar»), for det går ein slik skarp rygg tett vest for Vidskjøl-bruka. Like uventa er seinare tids endring i siste ledd: Vedskøffuel 1593, Vidschiøll 1604, Wieskiøll 1605, Wieschold 1668, Wieschiøl 1723. Forma 1593 minner om ss *tjuvvelge, tyyvvelge* «bergrygg, ås», atter med fokus på Åsen? Dei yngre formene liknar meir ss *tjölē = tjuolē* «aksel» (oslo 228, 232) – i så fall den markerte aksla tett nord for «Vidskjold nordre»? Vi kan heller ikkje utelukke det særns vanlege terrengnemnet *kjøøl*, gno kjøøl, men ville det bli mistydd til dei grader? Ein sikker konklusjon er vanskeleg å nå.

**Vitterse** |"vøttersen|,-sø| Tjølling gnr 49-50 > Larvik 1049-1050: i Vittrixsyni (2 ggr) c 1400, i Asgauts Vittrissinne 1440, Vittersøn 1512, [Wittersyn 1439, i avskrift 1703]. [Wettersiø 1320, i omsetjing 1555)], Wittherbønn og Vitterssen c 1520, Wittherbøenn, Wethersøenn c 1575, Witterbø 1593 og 1600, Wettersøe 1604, Wittersøe 1664, Wittersøe 1723: «en Sms. med vin. 1ste Led maa være Genitiv af et Han- eller Intetkjønsord. Gaarden ligger i Nærheden af et Tjern, og et gammelt Navn paa dette stikker mulig i det 1ste Led. Om dets Form og Betydning kan man vel neppe danne sig en nogenlunde sikker Mening».

Å fokusere på **Vittersetjøna** fell naturleg, då også med tanke på ss *viēdtere*, enten om «elvemæl», «bratt skråning mot elv» eller «uthola elvebard», men kartet tyder ikkje på at det er relevant. Eit større blikkfang er **Vittersøåsen** med sine bratte bergfall mot vest (ss *vietjere* «hammar») nær Vittersebekken som renn mellom dei to Vitterse-gardane og skjer seg djupt ned nett der. – Tvilsamt er at Vitterse er eit vin-namn, sisteledet -syni, -sinne, -søn, -sønn er heller dss i gardsnamnet **Sønju**, Synju på Øvre Eiker, skrive Sønniu c 1575 og Sinyulff 1578, Synuff 1593, Sønne 1621, 1626, 1661, og Synie 1723. Liksom Sønju har Vitterse mykje myr, ja endå meir, så det er tale om ein landskapsterm tilsvarande ns *suotnju*, var. *suonju* (Lyngen) «flat blaut-

myr med starrgras, men utan tuver, bekkar eller ope vatn» (Qv 824). Namnet Vitterse fokuserer nok på dei store myrområda kring hammaren Vitterseåsen – sjå elles omtalen av Ermesø i Frogn, Akershus. – Skriveforma *Vittrixsyni* c 1400 (2 x) har kun avgrensa interesse, ho er eit døme på eit fenomen Rygh er inne på fleire gonger, såleis ved Bitterstad i Hadsel, af *Bitrexstodom* AB 99: «Bitreksstaðir er uidentvivil ikke en opr. Form; men k maa her ved en meget almindelig Lydforandring være indskudt foran s med efterfølgende Konsonant. Dette synes navnlig at være Tilfælde med mange med *-staðir* sms Gaardnavne».

**Vælningen** |'vælningen| bnr 39,3 i Hedrum > Larvik 2039 «maa vistnok være en ellers ukjent Afledning af *váll* m., hvorom se Indl. S. 84, med omtrent samme Betydning som dette Ord». – Lokaliteten synest å vere kartfesta som Værningen, ei slette på gnr 39 Hem. **Verningen** i Holmestrand, derimot, er ein bekkedal med bratte skrentar, og det hallar i ordets fullaste meining mot ss *viernge* (= vearnga) «den øvre kanten av helling (ned mot elv)». For den brattkanta vestre sida av tettstaden Verningen i Larvik, med restane av ein drenert bekk i søkket under, passar det upåklageleg. Vi kan samanlikne med **Vernhus** |værnus| gnr 39 Vestby, Akershus, i flg Rygh «vistnok temmelig nyt Navn. Kan komme af Mandsnavnet Værn, der vel er en Forkortelse af det tydske Werner». Den garden ligg kor som er på ein skrent, med fall mot aust. – Best kjent av lokalitetar med same namnebakgrunn er **Verne** kloster, som heng saman med **Varna** (ss \*Vearnga) som historisk namn på det gamle Rygge sokn (No Stleks.) Eigentleg er Varna det eldste namnet på det geologane kallar Ryggeraet, ein del av Østfoldraet. Vél kjent for helgelendarar er **Varntresken** |'vārntresjen|, |-træsken| gnr 52 >58 Hattfjelldal, **Varnvatnet** like eins. På nordsida av sistnemnde strekker seg ein ovleng skrent vestover.

-----

Sist i innleiinga er nemnt gardsnamn som er så vanlege at dei høver dårleg i eit fylkesoversyn. Det aller fremste dømet i så måte er nok **Ånnerud** i rundt 20 tilfelle, utbreidd over Østfold, Oppland, Hedmark og Akershus og med 2-3 "slengarar" attåt. Uttalen av førsteleddet oppfører NG til dels som ånn(e)- og ånn-, attåt ønn-, aunn- og unnn-, men varianten ønn(e)- dominerer. I tre tilfelle finst det skriveformer Arna- og Arnærud frå c 1400, litt vanlegare er yngre former Onde- og Aanderud, men minst påpynta er Onnerød 1723 frå Idd, Onnerud 1616 frå Vardal, men òg Vnnerød 1639 og Wnnerød 1723 frå Spydeberg.

For alle Ånnerud-namna viser NG kortast råd til "Arni eller maaaske Qrn" brukt som mannsnamn, men dei oppførte historiske skriveformene støttar hypotesen dårleg. Oppslaget *Arne* i "Norderlendske fyrenamn" av E. Vågslid eller

"Norsk Personnamnleksikon" av O. Stemshaug hjelper heller ikkje stort. Nøkternt vurdert kan fleirtalet av formene i NG like snart gå tilbake på eit førsteledd ss *onne-*, ls *unna-* "litle-, vesle-". For å finne ut av det krevst ei vurdering av gardsvaldet for Ånnerud-gardane i høve til andre i ruð-epoken, så vel som ei gjennomgåing av mannsnamntradisjonen i bygdene det er tale om.

**Trosterud** er påfallande vanleg som gardsnamn på Austlandet. Tradisjonelt syn er at det går på gno. *brōstr* m "trost", nytta som mannsnamn. Litt grundigare saumfaring av namna indikerer noko anna: Trosterud på Helgøya i Ringsaker (Hedm.) ligg tett på austsida av ein skarp rabb som er skil mellom gnr. 535 og 545 og er ei naturleg grensemarkering, og ein gl buplass med same namnet i Aurskog-Høland ligg på gnr 168 i skil mot gnr 166. Så langt kanskje tilfeldig, men Trosterud på Vestre Toten (Oppland) ligg i skil ml gnr 22 og 134, så iallfall det må gå på ei viktig tidlegare grense. Trosterud i Våler (Hedm.) ligg i skil mot Åsnes, Trosterud i Oslo ligg mot Lørenskog, Trosterud i Sørum ligg mot Ullensaker-grensa og Trosterud i Ås i skil mot Frogn. Trosterud i Rømskog ligg nærast svenskegrensa. Mønsteret er heilt tydeleg.

Fuglenamnet trost = traste lyder i ns låneform *rásttis*, *-stá-*, i ls *rástes*, *rásstá-*, medan ss *raaste* er grense mellom rike og naboar, ulikt *traasta* om fuglen. Brukt om grense synest ordet vere ukjent lenger nord, men Rasteby i Storfjord ligg i skil mot Lyngen, Rásttigáisá er skilmerke mellom Lebesby og Tana. Når det gjeld Trosterud-namna i sør, er det i alle fall klart at dei på ein eller annan måte fortel om grenser mellom bygdelag, noko lokalhistorikarar får gå nærmare inn på. Kvifor fuglenamnet kom inn og laga ugreie får heller språkfolk finne ut av.